

Vestnes kommune



Årsmelding 2017

Innhold

Side 4		Innleiring ved administrasjonssjefen
Side 5		Organisasjonskart
Side 6	Kap 1	Vestnes kommune som arbeidsgjevar
Side 13	Kap 2	Sentraladministrasjonen og servicekontoret
Side 18	Kap 3	Barnehagane
Side 26	Kap 4	Grunnskulen
Side 35	Kap 5	Barn, ungdom og familie
Side 45	Kap 6	Eining for kvalifisering og integrering
Side 50	Kap 7	Kultur og fritid
Side 63	Kap 8	Helse, omsorg og velferd
Side 76	Kap 9	Bu- og habiliteringstenestene
Side 88	Kap 10	Tekniske tenester
Side 95	Kap 11	Eigedomsdrift
Side 104	Kap 12	Økonomi og rekneskap
Side 118	Kap 13	Politisk verksemd i 2017

Innleiing ved administrasjonssjefen

Vestnes kommune fekk eit netto driftsresultat for 2017 på ca 4,6 mill kroner. Dette er det offisielle resultatmålet når ein vurderer økonomisk resultat for kommunesektoren. Det økonomiske resultatet ligg noko under det vil hadde sett som mål for året. For administrasjonssjefen har det vore eit viktig mål å sette av siste auken i eigedomsskatt i eit driftsfond. Dette målet nådde vi nesten i 2017.

Elles ønskjer administrasjonen gjennom årsmeldinga å gi eit bilet av dei mangearta tenestene som kommunen har ansvar for. Vi startar i kap 1 med å gi ei oversikt over kommunen som arbeidsgjevar. Arbeidsgjevaransvaret ligg til kommunestyret, og årsmeldinga skal gi eit bilet av situasjonen. Kommunen hadde ca 760 tilsette til ca 590 årsverk. Av desse er ca 630 kvinner. Sjukefráveret har vore høgt i mange år, men vart noko redusert i 2017. Mange prosjekt med fokus på nærvær har vore gjennomført, og oppfølginga av sjukemeldte har blitt langt meir systematisk.

Innan grunnskulen bør vi legge merke til KOSTRA-tala som syner at 21,4 % av lærarane våre er 60 år eller eldre. Denne utfordringa må vi ta tak i.

Innan helse og omsorg gir auka krav til spesialiserte tenester og kompetanse ei utfordring i alle kommunar. Dette set krav både til heimebaserte tenester og til institusjonstenestene. Fleire innbyggjarar har behov for samansette og til dels omfattande tenester, og økonomien krev at vi må gjere vanskelege prioriteringar i framtida.


Kapitla 10 og 11 viser ei omfattande tenesteportefølgje på tekniske anlegg og kommunale vegar. Vi har også ei stor bygningsmasse; om lag 67 500 m². Det er til dels store vedlikehaldsetterslep, men mange bygg har etter kvart fått ei bra oppgradering. Kap 11 gir detaljert greie for dette.

I denne årsmeldinga har administrasjonssjefen også gjort eit forsøk på å oppsummere hovudtrekka i kommunestyret si verksmed i 2017. Dette ligg i siste kapittel i meldinga. Vonaleg er oppsummeringa utan partipolitisk slagside. På vegne av administrasjonen takkar administrasjonssjefen kommunestyret for godt samarbeid i året som gjekk.

Vestnes, 18.mars 2018

Tone Roaldsnes
Tone Roaldsnes
administrasjonssjef

Vestnes kommune - organisering



Kap 1 Vestnes kommune som arbeidsgjevar

Dette kapitlet omhandlar alle fagområda for Vestnes kommune som arbeidsgjevar.

1.1 IA avtalen

Vestnes kommune er IA-bedrift. Dette inneber at kommunen har plikter og rettar etter IA-avtalen. Som IA-bedrift har kommunen tilgang på ordningar og tiltak som tilrettelegging og økonomisk støtte frå NAV. Dette skal bidra til at tilsette med redusert arbeidsevne kan bli verande i arbeid og hindre fråfall.

Samarbeidsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv bygger på IA-avtalen for 2014 – 2018 og har som overordna mål å betre arbeidsmiljøet, styrke jobb-nærværet, førebygge og redusere sjukefråvær, samt hindre utstøyting og fråfall i arbeidslivet. Vestnes kommune har både i 2016 og 2017 hatt fokus på delmål 1 i mål- og handlings-planen, som er å redusere sjukefråværet.

Målet om redusert sjukefråværet vart oppnådd i 2017. Det totale sjukefråværet var 8,9 % mot 10,3 % i 2016.

Både på det administrative og politiske nivået er det eit sterkt fokus på tiltak som kan redusere fråværet.

1.2 Sjukefråvær, -oppfølging av sjukmeldte

Dei tre delmåla i IA-avtalen er:

1. Reduksjon av sjukefråvær
2. Personar med redusert funksjonsevne
3. Avgangsalder.

I mål- og handlingsplan for 2017–2018 skal Vestnes kommune fokusere på delmål 1 sjukefråvær.

Dei andre delmåla inngår som ein integrert del av tilrettelegging for tilsette med nedsett funksjonsevne, samt tilrettelegging grunna alder.

Det totale sjukefråværet har gått ned frå 10,3 % i 2016 til 8,9 % i 2017. Det er framleis store variasjonar mellom einingar, men vi ser at fleire av einingane har hatt ein merkbar nedgang i sjukefråværet i 2017. Som tidlegare år er det barnehagane og delar av helse og omsorg som trekker opp fråværsporsenten, noko som er ein gjennomgåande trend i kommunal sektor.

Sjukefråvær 2017

Einingar med mindre enn 10 tilsette er samla (små einingar kan ha høg fråværsporsent med t.d. éin tilsett i langtidsfråvær).

Fråvers-prosent 2012	Fråvers-prosent 2013	Fråvers-prosent 2014	Fråvers-prosent 2015	Fråvers-prosent 2016	Fråvers-prosent 2017
8,6	9,8	9,9	9,7	10,3	8,9

Totalt for kommunen	Barns sjukdom	Eigenmeldt sjukefråvær	Legemeldt sjukefråvær	Sjukefråvær Heile 2017: 8,9 %	Sjukefråvær Heile 2016: 10,3%
Eining for eigedomsdrift	0	1,0	1,2	2,2	2,7
Tekniske tenester	0	0,8	1,2	2,0	3,2
Barn, Ungdom og familie	0,1	1,0	7,1	8,2	Sjå info nedanfor *
Kvalifisering & integrering	0,4	0,6	8,2	9,2	
PPT	0	0,2	6,0	6,2	
Heimetenestene	0,2	1,3	8,1	9,6	9,8
Sjukeh/Trygdeh/sent.kj	0,3	1,1	9,2	10,6	12,8
Hellandtunet	0,1	0,8	11,2	12,1	11,4
Bu- og habilitering	0,1	1,1	9,5	10,7	14,4
Kulturskule/bibl/frivillig	0,3	0,8	2,8	3,9	8,3
Helland skule/SFO	0,3	1,1	4,7	6,1	8,2
Tresfjord skule SFO/ Tresfjord barnehage	0,4	1,0	12,2	13,6	18,8
Tomrefjord skule/SFO	0,6	1,5	7,3	9,4	9
Fiksdal Oppvekstsenter	0,1	0,5	4,5	5,1	8,7
Helland barnehage	0,4	1,3	10,6	12,3	12,7
Tomrefjord barnehage & Gardstunet barnehage	0,5	1,1	12,3	13,9	9
Legesenter, servicekontor, NAV kommune	0,1	1,2	4,6	6	6,1
Sentraladm.	0,2	0,8	2,7	3,7	7,5

* Eining for barn, ungdom og familie:

I løpet av 2017 ble det gjennomført ei omorganisering som innebar at barneverntenesta, helsestasjonen og teneste for personar med utfordringar knytt til psykiatri, rus og samansette behov no vart lagt til ei ny eining «Eining for barn, ungdom og familie». Desse tenestene var tidlegare tillagt ulike einingar; BUT, NAV og heimetenesta.

* Eining for kvalifisering og integrering

I samband med omorganiseringa ble vaksenopplæringa og ressurssenteret/norskopplæring for innvandrarar og flyktningar eiga eining.

* PP-tenesta ble lagt direkte under kommunalsjef for Oppvekst.

Prosjekt/tiltak i 2017 for å redusere sjukefråveret

Som ein del av organisasjonsgjennomgangen under budsjettbehandlinga i desember 2015 ba Vestnes kommunestyre om at det skulle leggjast fram sak hausten 2016 med forslag til prosjekt/tiltak for å auke trivsel og redusere sjukefråværet.

Vestnes kommune gjennomførte to arbeidsmiljøprosjekt gjennom eit år (frå våren 2016 til våren 2017) på utvalde einingar i kommunen:

Prosjektet «Arbeidsplasskultur» vart gjennomført ved Hellandtunet, ëi avdeling ved Bu- og habiliteringstenestene og ved Kulturskulen. Kommunen søkte og fekk midlar til gjennomføring, både frå NAV arbeidslivssenter og KS.

Ved barnehagane har kommunen si bedriftshelseteneste Stamina vore inne med individuell oppfølging av nokre tilsette i eit prosjekt kalla «Sterkere tilbake».

Tillitsvalde, verneteneste og tilsette har hatt ein positiv medverknad ved gjennomføring av prosjekta. Sjølv om tala for 2017 syner at det har vore ein nedgang i sjukefråværet, er det berre eit kontinuerleg fokus på trivselsskapande tiltak, relasjonsoppfølging og IA-arbeid generelt som kan hindre høgt sjukefråvær og at arbeidstakrar fell ut av arbeid. (Sjå eigen rapport i sak til K-styret).

1.3 Uttak av pensjon

Pensjonstype	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Alderspensjon	8	8	10	16	18	11	14
AFP	2	11	10	13	10	9	9
Uføre-/attføringspensjon KLP	38	21	19	36	32	27	11

Talet på tilsette som tek ut alderspensjon i 2017 har gått opp noko. Talet på AFP-pensjonistar var same som i 2016. Av dei som tok ut AFP, var det berre ei som tok ut delvis AFP.

Talet på dei som etter eitt år med sjukefråvær søkte uførepensjon frå KLP eller SPK er vesentleg lågare enn i 2016. Av dei 11 som søkte fekk 6 delvis uførepensjon.

1.4 Verneteneste

Vestnes kommune er delt inn i 31 verneområde med eitt verneombod for kvar verneområde. Hovudverneombodet (HVO) er Kirsti Skjegstad.

HVO har deltatt i verneombodsmøte, AMU, arbeidsmiljøkonferanse, HVO konferanse og IA-konferanse i 2016.

1.5 Tillitsvalde

Vestnes kommune har 12 ulike tillitsvald-organisasjonar og 4 organisasjonar har tilsette med frikjøp av tid.

Tillitsvalde har delteke i tillitsvaldoppæring, arbeidsmiljøprosjekt, AMU, månadlege møte med administrasjonssjefen, utarbeiding av turnusplaner, arbeidsplassbesøk, einingsvise møte, byggeprosjekt, lønsforhandlingar, ROR IKT prosjekt, IA-arbeid og adm.utval.

1.6 BHT (bedriftshelseteneste)

Bedriftshelseteneste levert av STAMINA i 2017.

Siste ordinære avtaleår med denne leverandøren før ny tilbodsrunde.



1.7 Varsling/konflikthandtering

Vestnes kommune har utarbeidd rutine for varsling og konflikthandtering. Rutinane er slått opp på alle arbeidsplassar, er lagt på kommunen sine nettsider og er lagt inn i avvikssystemet. Administrasjonssjefen mottok ei anonym varsling heilt i slutten av 2017. Denne har vore behandla i 2018 og vil såleis bli teken med i neste årsmelding. Det er ikkje meldt konfliktsaker som er av ein slik art at dei må bli behandla på administrasjonssjefsnivå.

1.8 Avvik/ skademeldingar

Avvik blir registrert internkontrollsystemet Risk Manager.

Talet på registrerte avvik har hatt ein stor auke i 2017, heile 260 %. Dette skuldast nok at systemet vert meir og meir brukt, og at avvik tidlegare truleg har vore underrapporterte.

År	Registrerte avvik	Restansar
2017	706	12
2016	196	1
2015	21	0
2014	11	0

Personskademeldingar

Alle personskadar som skjer i arbeid blir registrert.

År	Tal meldte skadar	Tal til legebehandling	Fråværsdagar grunna skade
2017	7	2	0
2016	24	5	24
2015	41	9	14
2014	11	Manglar data	42
2013	173	Manglar data	Manglar data

1.9 Likestilling – tiltak for å fremme likestilling og hindre forskjellsbehandling

Etter kommunelova § 48 skal kommunen i årsmeldinga “*redegjøre for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven og i diskriminerings- og tilgjengelighetsloven.*

Tal på tilsette i Vestnes kommune

Tal på kvinnelege og mannlege tilsette er omlag uendra frå 2014

Kjønn	Årsverk 2013	Årsverk 2014	Årsverk 2015	Årsverk 2016	Årsverk 2017
Kvinner	467	486	486	482	483
Menn	108	108	106	105	105
Sum	575	594	592	587	588

Deltid

Totalt er det tilsett 452 personar i deltidsstilling. Dei fleste av desse er kvinner og arbeider i pleie og omsorg. Frå 2016 til 2017 har fleire kvinner gått frå deltid til fulltid.

Stillingsprosent

	Menn					Kvinner				
	2013	2014	2015	2016	2017	2013	2014	2015	2016	2017
Fulltid	82	74	75	70	66	211	233	237	218	239
Deltid	49	57	50	56	60	412	421	410	419	392
Totalt	131	131	125	126	126	623	654	647	637	632

Likestilling

Kvinner utgjer 83,4 % av dei tilsette. Vel 2,7 % av dei har leiande stilling. Menn utgjer 16,6 % av dei tilsette. Her har 3,2 % leiande stilling.

Kjønnsbalanse			Sum kvinner og menn
	Menn	Kvinner	
Totalt	126	631	757
Leiarnivå	4	17	21

1.10 Betryggande kontroll og høy etisk standard

Etter kommunelova §48 skal årsmeldinga omtale følgjande forhold:

5. I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten..... Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten.

Vestnes kommune sine “**Etiske retningslinjer**” vart gjennomgått og revidert av kommunestyret i 2012. Kommunen har eigne interne retningslinjer for “**Handtering av inhabilitet i administrasjonen**”. Desse retningslinjene vart gjennomgått for einingsleiarane hausten 2017.

Vi har i 2017 hatt fokus på system for betryggande attestasjon- og tilvisingsrutiner i økonomiprogrammet og i vår programvare for e-handel. Gjennom oppgradering av løns- og personalsystemet vårt er det teke i bruk personalmeldingar (elektronisk) som også sikrar rett registrering av endringar i lønssystemet. Administrasjonssjefen har også arbeidd med å fornye leiaravtaler med delegert mynde.

1.11 Rekruttering og kompetanse

Kommunen har gjennom opplæringskontoret delteke i yrkesmesse.

I tabellen nedanfor er det teke med kompetansegevande opplæring i 2017 for tilsette i Vestnes kommune.

Kompetansegevande opplæring- vidare og etterutdanning	Antal tilsette
Matematikk 1	1
Matematikk 2	2
Rektorutdanning	1
Å undervise vaksne innvandrar i norsk	1
Norsk 1	1
Desentralisert barnehagelærarutdanning	3
Arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning	2
Nasjonal styrarutdanning	3
Vidareutdanning for pedagogiske leiarar. «Veilederutdanning for praksislærere»	1
Barne- og ungdomsarbeidarfaget - lærling	1
Barne- og ungdomsarbeidarfaget - privatist	2
Helsefagarbeidar - lærling	5
Helsefagarbeidarutdanning	5
Institusjonskokk - lærling	1
Leiarutdanning i helse- og sosialtenesta	1
Avansert klinisk sjukepleie	2
Sjukepleiarutdanning	1
Vernepleie, deltid 4 år	4
SOR-kurs – meistring og mangfald	114
Kompetansehevande tiltak HOL. kap. 9	60
Fysioterapi til barn (vidareutdanning)	1
Velferdsteknologi ABC	5
Kompetanseheving arbeid med vald i nære relasjonar	12
COS – P (barnevern)	5
E-læring Prader-Willis syndrom	10
Psykisk helsearbeid (fag og yrkesopplæring, påbygg)	1
Sertifisering – foreldrerettleilingsprogram ICDP	1
Norsk som andrespråk	1
Offentleg anskaffelse	1
Bygge- og enterpriserett	1

1.12 Medarbeidarundersøking (10-faktor)

Medarbeidarundersøking blir gjennomført i partalsår. Det vart såleis ikkje gjennomført medarbeidarundersøking i 2017

Kap 2 Sentraladministrasjon og servicekontor

2.1 Oversikt over sektoren

Løns- og personalkontor, administrasjonssjefen si leiargruppe, beredskapskoordinator, allment kulturarbeid, tenestekontor (helse-omsorg), postmottak, arkiv, politisk sekretariat, sentralbord, kundemottak, eigedomsskattekontor, bustøttekontor.

Rekneskap, skatt og IKT blir kjøpt av Molde kommune , vertskommuneordning

Tal på tilsette	Tal Årsverk 2016	Tal Årsverk 2017	Ev. merknader
Sentraladministrasjonen	13,4		Slått saman sentraladm. og servicekontor frå 2017
Servicekontor	6,86	20,26	

2.2 Resultatmål

Sentraladministrasjonen

Målområde	Styringsindikatorar	Status 2017	Mål 2018
Teknologi/IKT	<ul style="list-style-type: none">Min Vakt/min timeplan – auka bruk av programmetAndel tilsette som har tilgang til bruk av RiskManager avvikssystemAndel bruk av RiskManager HMS/avvikAndel bruke rekrutteringsmodulAndel bruke kompetansemodulAndel bruk fravær og ferieAndel bruk av personalmeldingarAlle rutinar ligg i RM	PO+skule 100 80 100 0 0 97 50	barnehage 100 100 100 100 90 100 100
Brukarar/elevar/ pasientar –	Ingen brukarundersøkingar på området		
	Andel dagsverk med sjukefråver servicektr/sentr.adm: <ul style="list-style-type: none">EigenmeldtLegemeldt Antal brannøvingar rådhuset <ul style="list-style-type: none">Antal saksbehandlarkursAndel avklarte sjukepengerestansar mot NAV	0,8 2,7 1 0 100	0,5 2,0 1 2 100

Servicekontor

Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2017	Resultat 2017	MÅL 2018
Teknologi/ IKT	<p>Utarbeide rutinebeskrivelsar for arbeidsoppgåver/system</p> <p>Årlege avleveringer til IKA av personsensitive arkiv.</p> <p>Avlevering Riksarkivet</p> <p>Rydding og ordning av gammalt saksarkiv</p> <p>ROR IKT – bestillarutval også lokalt</p> <p>Arkivplan</p> <p>Tilskot tilpasning (Husbanken)</p> <p>Tilskott etablering (Husbanken)</p> <p>Digitalisering av byggesaksarkiv</p> <p>Ny Skjemaløysing</p>	<p>Alle rutinar ligg i RM</p> <p>Avlevert personsensitivt arkiv</p> <p>Avlevert forliksarkiv</p> <p>Opprette lokal bestillarutval</p>	<p>Ikkje gjennomført</p> <p>Avlevert personsensitivt</p> <p>Ferdig klargjort</p> <p>Oppretta digitaliseringsgruppe</p>	<p>Alle rutinar ligg i RM</p> <p>Avlevert personsensitivt</p> <p>Avlevert forliksrådarkiv</p> <p>Avlevere saksarkiv til IKA for rydding og ordning</p> <p>Utkast til plan</p> <p>Tildelt restpott</p> <p>Tildelt restpott</p> <p>Rydde og avlevere til IKA for digitalisering</p> <p>Val av skjemaløysing utført i ROR, opplæring og innføring i kommunane</p>
Brukarar/ innbyggjar “opplevd kvalitet”	Kvalitet på nett Med ny nettside i 2015 (Målt med antal stjerner der 6 er best)	Arbeide vidare med prosjektet – lage kravspek	ROR-ikt-kommunane arbeider med dette	Arbeide vidare i ROR-ikt med prosjektet.
Sak- arkiv system	Nytt sak- arkivsystem med noark 5 kjerne for å tilfredsstille krav til lagring og digital kommunikasjon med innbyggjarane. Gjeld alle ROR-ikt kommunane	Laga kravspek, anskaffa og satt i gang til 01.01.2018	ROR-ikt-kommunane arbeider med dette	Vestnes er pilot for innføring. I drift 02.05.2018
Teneste “objektiv kvalitet”	<p>Andel saker behandla innan fastsett tidsfrist:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bostøtte • Startlån • Tilskott til etablering/tilpassing • Drosjelappar • Infolandsaker • Skjenkesaker 	<p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p>	<p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p>	<p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p> <p>100 %</p>

2.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

- Samanslåing av sentraladministrasjon og servicekontor er gjennomført
- Moglege nye interkommunale løysingar
- Nye IT system og sjølvbetjening
- Må rekruttere nye medarbeidrarar i nær framtid
- Høgt krav til kompetanse

Endringar i forvaltningslova og e-forvaltningsforskrifta inneber at digital kommunikasjon skal vere hovudregel for kommunikasjon med innbyggjarane. For å nå måla og halde seg oppdatert, må vi få på plass nytt sak- arkivsystem, ny portalløysing og ta i bruk fleire modular i økonomisystemet vårt. Dette blir samkjørt gjennom bestillarutvalet i ROR-IKT. I 2017 har ROR-IKT kommunane har arbeidd med tilbodsprosess for både nytt felles sak- arkivsystem og ny portalløysing.

Tenestekontoret

Pr. i dag er det 2,5 årsverk som behandler alle søknader som omhandlar helse - og omsorgstenester, med unntak av tenester for personar med utviklingshemming over 18 år. Tenestekontoret behandler søknadene, einingsleiar gjer vedtak. I tillegg saksbehandlar kontoret søknader om omsorgsbustad, samt servicetenester som tryggleiksalarm, dagtilbod og matombringning. Tenestekontoret har som oppgåve å informere, rettleie og bistå publikum i høve ulike helse- og omsorgstenester.

Tenestekontoret er koordinerande eining for alle som har behov for langvarige og koordinerte helse – og omsorgstenester, med unntak for personar med utviklingshemming.
Tenestekontoret har ansvar for e-meldingane mellom kommune og helseforetaka på dagtid.
Tenestekontoret har ansvar for å overvake systemet for e-meldingane.

Prioriteringar i 2018:

- Arbeid knytt til å vere koordinerande eining må systematiserast.
Rutinar i høve ansvarsområde må tydeleggjerast. Behov for opplæring.
- Tenestekontoret ser ein auka etterspørsel etter tenester både blant yngre og eldre pasientar/brukarar, som medfører store utfordringar ved fordeling av ressursane.
Samhandlingsreforma er ein medverkande årsak, då kommunen har fått eit større ansvar for å tilpasse nødvendige tenester i kommunen.
- Endring i lovverk for helse- og omsorgstenester krev at ein må halde seg oppdatert, og saksbehandlarane har behov for kurs/etterutdanning.
- Det siste året har det vore organisatoriske endringar i einingane, som har medført behov for å endre i rutinar for samarbeid. Ein har også hatt endring i fagsystem som har medført behov for nye rutinar og ytterlegare opplæring.
- Tenestekontoret har arbeid med nye rutinar og prosedyrar. Arbeid med å legge skjema, rutinar og prosedyrar til Risk Manager. Dette arbeidet vil fortsette i 2018.
- Tenestekontoret ser eit forbettingspotensial for arkivering, med eit samordna arkiv for helse- og omsorg. Dette arbeidet må prioriterast i 2018.
- Tenesta praktisk bistand har hatt større etterspørsel enn ressursar i 2017, og tenestekontoret har vist til private frivillige aktørar i større grad enn tidlegare.
- Det er eit aukande behov for dagtilbod for eldre. Dette er ei serviceteneste som kan bidra forebyggande for heimebuande, og redusere behov for ytterlegare tenester.
Tenestekontoret ser eit behov for å ein gjennomgang av skyss- og eigenbetalingsordning til og frå dagtilbod.

- Kommunen har ansvar for å yte naudsynte og forsvarlege tenester. Tenestekontoret registrerer eit auka behov for bistand, og det vert viktig å føre vidare samarbeid med frivillige som familie, vener, nærmiljø og organisasjonar for å løyse utfordringane.

2.4 Kva har vi oppnådd i 2017 ?

- Ajour med rapportering til andre offentlege instansar, KLP, SPK.
- Ajour med registrering av sjukmelding og løpande krav om refusjon oversendt til NAV.
- Har totalt hatt 120 tilsetjingssaker i 2017. I tillegg tek ferievikarinntak i pleie og omsorg tek mykje tid.
- Bruker «Rekrutteringsmodulen» i Visma i tilsetjingssaker
- "Møteplassen". Oppfølgingsarbeid ved sjukefråvær kvar månad.
- Gjennomført arbeidsmiljøprosjekt "Arbeidsplasskultur" i 3 av einingane og i BUHAB og "Sterkere tilbake" i barnehagane. Prosjektansvar/leiing ligg til personalavdelinga.
- Risk Manager (avvikssystem) – opplæring og rutineinnlegging.
- I 2017 har vi journalført og kvalitetssikra ca 19 500 dokument/filer.
- Arkivet behandla 20 større innsynssaker. Arkivet hadde om lag 600 innsynsførespørslar relatert til frå postlista. Rettleia og kursa saksbehandlarar i bruk av sak-/arkivsystem og dokumenthandtering.
- Har ikkje hatt kapasitet til å halde heimsida oppdatert – Prioritering: nyhende.
- Eigedomsskattekontoret: 4 klager på eigedomsskatten i 2017
- Stortingsvalet 2017 blei gjennomført på ein tilfredsstillande måte og utan avvik. Nytt i år var innføring av elektronisk manntal i kretsane på valdagen. Dette har stemmestyra handtert på ein utmerka måte. Ingen tekniske problem under gjennomføringa sjølv etter innføring av strenge krav til sikkerheit frå Valdirektoratet. Valet krev mykje ressursar frå servicekontoret sine tilsette både til førebuingar og gjennomføring av valet. Samarbeidet med ROR-ikt på logistikk og førebuinga av teknisk utstyr var med på å gjere valet vellukka.
- Sak-/arkiv – arbeid med innføringa og oppstart 2.mai 2018 for Vestnes som er pilot. Arkivleiar er frikjøpt i 60 % stilling av ROR IKT for å delta frå fagområde arkiv i hovudprosjektgruppa.
- Arbeidd med tilbodsprosess for ny portal.
- Behandling av søknader om sals- og skjenkeløyve – 8 stk.
- Gjennomføring 12 stk. etablerarprøver og 2 stk. kunnskapsprøver og 3 stk. kunnskapsprøver for skjenking.
- Behandla 78 førespørslar frå Infoland (meglaropplysningar), alle vart levert innanfor tidsfristane. Ei auke på 25% samanlikna med 2016.
- I 2017 var det i gjennomsnitt 67 mottakarar av bustøtte. Dette er ein nedgang på 28% frå 2016 og skuldast nye reglar innført frå januar 2017. Bustøtta blir no rekna ut frå den faktiske bto. inntekta ein har i månaden ein søker.
- Startlån 2017: 4 startlån er innvilga til bustadkjøp, total utbetaling på ca kr 1,1 mill. 4 saker er vedtatt, men ikkje utbetalt (dette utgjer ca kr 1,3 mill), 1 sak har status som aktiv førehandsgodkjenning. 1 unytta førehandsgodkjenning har gått ut og i 2 saker er det av ulike årsaker ikkje gjort vedtak. Tildelingsutvalet har hatt 8 møte i 2017, samt at enkeltsaker har vore vurdert utanom møta.
- Tilskott til etablering: ingen innvilga tilskott og 3 har fått avslag (desse sakene er handsama sammen med søknad om startlån).
- Tilskott til tilpassing: ingen saker er behandla i 2017.
- 37 personar får TT-kort/transportteneste for funksjonshemma i 2017.
- 21 innvilga ledsagerbevis.

- 41 vedtak om parkeringsløyve for forflytningshemma.
- Kommunale egedomsavgifter. Vi mottek datafiler for renovasjon og slamtømming frå ÅRIM. Fakturering av kommunale egedomsavgifter har gått som planlagt, 19602 fakturaer er utsendt for kommunale egedomsavgifter og egedomsskatt. Dette er ei auke på ca 38 % frå 2016. Grunnen til auke i fakturautsendinga er auka av egedomsskatten frå 2 til 4 promille.

2.5 Rekneskap 2017

Driftseining	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017			Budsjett 2017	Avvik 2017	
		Utgifter	Inntekter	Netto		i kroner	og i %
Politisk styring, næringsutv.	6 330	7 263	739	6 524	6 466	58	0,9
Sentraladministrasjonen	10 799	13 354	790	12 564	12 487	77	0,6
Servicekontor	2 848	3 691	1 354	2 337	2 749	-412	-15,0
Fellesutgifter	14 698	17 795	4 701	13 094	11 217	1 877	16,7
	34 675	42 103	7 584	34 519	32 919	1 600	4,9

- Meirforbruk på 1,6 mill. kr, tilsvarar 1,9%.
- Det er fellesutgiftene som har meirforbruk. Det skuldast m.a. at budsjettet innsparing på pensjonspremie vart 1,2 mill kr. mindre enn rekna med og tap på fordringar 0,8 mill. kr.
- Servicekontor hadde ei innsparing på kr 412.000,-. Ekstra inntekt ved sal av tenester og vakanse ved sjukefråvær er årsak.

2.6 Tiltak som er iverksette for å halde budsjettet

Kommunalsjef Rune Håseth:

- Restriktiv med innleige av ekstrahjelp
- Har full kontroll på bruk av overtid
- Månadleg rapportering

Kap 3 Barnehagane

3.1 Oversikt over sektoren

Kommunale barnehagar	Tal på plassar	Årsverk	Tal tilsette	Godkj. plassar	Barn over 3 år	Barn under 3 år	Heiltids plassar (omrekna)	Kostnad Pr. plass
Fiksdal barnehage	30*	4,75	7	24	11	9	16,71	143 626.-
Tomrefjord barnehage	36	7,7	11	36	19	14	29,10	125 086.-
Gardstunet barnehage	42	8,6	12	42	22	13	30,59	142 563.-
Helland barnehage	150	28,1	31	150	79	40	113,73	127 952.-
Tresfjord barnehage	30	5,6	9	36	17	10	21,88	149 451.-
Totalt kommunale bh		54,75	70	288	148	86	212	133 115.-
Private barnehagar								
Vike Montessoribarnehage	36	8,1	12	42	19	11	25,77	145 960.-
Tryggheim barnehage	48	12,1	15	48	30	11	39,52	145 293.-
Totalt private bh	84	20,2	27	90	49	22	65,3	

Tal frå årsmeldingane i Basil pr. 15.12.2017.

Kostnad pr. plass er eks. spesialpedagogisk hjelp og ekstra bemanning grunna helsemessige årsaker.

*Fiksdal oppvekstsenter, barnehage har mellombels godkjenning for 30 plassar barnehageåret 2017/2018 og 2018/2019.

Tilskot til dei private barnehagane er også inklusiv kapitalkostnadar på kr 8 806.- pr. plass ved Tryggheim barnehage og kr. 17 400.- pr. plass ved Vike Montessoribarnehage. Kapitalkoststandane er basert på årstalet på bygget, difor ulike satsar her.

3.2 Resultatmål for barnehagane

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2017	Resultat 2017	MÅL 2018
Teknologi/ IKT	Utvikle den digitale praksisen i barnehagane jf. ny rammeplan. Den digitale praksisen skal bidra til leik, kreativitet og læring.	Kjøpe inn oppdatert utstyr og gj.føre opplæring	Kjøpt inn utstyr for 100 000.- kr. etter innmeldte behov Erfaringsdeling på bruk av utstyr på einingsleiar-nivå februar 2017. Opplæring i bruk av apper.	Alle barne hagane skal vere repr. på DAB konferanse i Trondheim. Etablere ei arbeidsgruppe som vedtek lokal digitaliseringsplan for barnehagane.
Brukarar – Brukarundersøking “opplevd kvalitet”	Opplevd kvalitet - brukarundersøking (foreldre). Totalresultat, kor tilfreds er foreldra: Enkeltindikatorar: Skala 1-5, der 5 er best. <ul style="list-style-type: none"> I kva grad er foreldra fornøyd med inne- og utedmiljøet i barnehagen. I kva grad opplever foreldra at dei får god informasjon om korleis barnet har det i barnehagen. I kva grad opplever foreldra at barna deira får påvirke innhaldet i barnehagedagen 	Vi går over til å nytte UDIR sin brukarundersøking frå november 2017. Vel oss ut nye indikatorar.	Kommunale barnehagar 4,4 4,0 4,2 4,1	Nasjonalt nivå. 4,5 4,1 4,3 4,2
Teneste “objektiv kvalitet”	Objektivt målt kvalitet <ul style="list-style-type: none"> Andel barn med vedtak om spes.ped. hjelp i komm. og private barnehagar pr.15.12.2017 Andel årsverk ped. leiarar med midlertidig dispensasjon i kommunale barnehagar pr. 15.12.2017 Andel tilsette med pedagogisk utdanning kommunale barnehagar Pr.15.12.2017. 	4,0 % 8 % 41 % (landsgj.sn 2016)	4,2% 12,6% 38, %	4,0% 10 % 44 % (landsgj.sn 2017)
Organisasjon	Andel (%) dagsverk med sjukefråver: Helland barnehage <ul style="list-style-type: none"> Eigenmeldt Legemeldt Tomrefjord og Gardstunet barnehagar – <ul style="list-style-type: none"> Eigenmeldt Legemeldt Fiksdal oppvekstsenter – <ul style="list-style-type: none"> Eigenmeldt Legemeldt Tresfjord oppvekstsenter –	1,2 % 10,0 % 1,0 10,0 1,0 % 5 %	1,7 % 10,5 % 1,6 % 12,4 % 0,5 % 4,6 %	1,5 % 10 % 1,5 % 10 % 0,5 % 4,5 %

	<ul style="list-style-type: none"> Eigenmeldt Legemeldt 	1,0 % 10 %	1,4 % 12,2 %	1,0 % 10,0 %
Økonomi	Omfang av overtid (i tusen kr)			
	• Fiksdal oppvekstsenter, barnehage	20 20	21 14	20 20
	• Tomrefjord barnehage	20	23	20
	• Gardstunet barnehage	60	85	60
	• Helland barnehage	20	20	20
	• Tresfjord oppvekstsenter, barnehage	140	163	140
	• Totalt			
	Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)			
	• Fiksdal oppvekstsenter, barnehage	100 100	98,3 103,1	100 100
	• Tomrefjord barnehage	100	98,4	100
	• Gardstunet barnehage	100	103,3	100
	• Helland barnehage	100	106,2	100
	• Tresfjord oppvekstsenter, barnehage			

3.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

- Det er mange to-språklege/fleirkulturelle barn i barnehagane. Sektoren må vere bevisst i høve kva tilbod vi gir til barna som skal lære norsk, og det å ha nok gode språkmodellar. Det er utarbeidd rutinar for inntak av minoritetsspråklege barn
- Pr 15.12.2017 blei det innrapportert 29 barn som minoritetsspråklege i dei kommunale barnehagane og 3 i dei private barnehagane. Tilskot til tiltak for å styrke den norskspråklege utviklinga til minoritetsspråklege barn i barnehage vart i 2017 lagt om. Etter omlegginga får ikkje Vestnes kommune tilskot.
- Ved behov er det vedtatt at ein må ta inn eit ekstra barn pr. avdeling utan å auke personalressursen. Dette fører til auka press på personalet og mindre vaksenkontakt pr. barn.
- Det blei i 2017 fastsett i barnehagelova at 3-åringen skal rekna som storbarn først frå august det året barnet fyller 3 år. Dette fører til at vi ikkje kan rekne dei eldste 3-åringane som storbarn frå januar slik vi har gjort tidlegare. Dette fører til at vi ikkje frigjer plassar til nye småbarn frå nyttår.
- Retten til barnehageplass blei utvida til å gjelde dei barna som fyller 1 år i november 2017.
- Ny paragraf, §19 g, i barnehagelova knytt til barn med nedsett funksjonsevne gjer at kommunen har plikt til å legge til rette for eit individuelt tilrettelagt barnehagertilbod. Her skal det fattast enkeltvedtak. Styrkingsressurs som ei generell styrking knytt til utfordrande grupper m.m. fell difor vekk. Dette er utfordrande for barnehagane. Enkeltvedtaka knytt til § 19 g er i stor grad knytt til medisinske diagnosar. Vi er spente på om omleggingane her fører til auka behov for spesialpedagogisk hjelp i barnehage.
- I dei kommunale barnehagane er det pr. 15.12.2017 innvilga dispensasjonar i til saman 2,4 årsverk som pedagogisk leiar. I 1,4 av desse årsverka går det personar som er under barnehagelærarutdanning. Dei private barnehagane har dispensasjon i 1,8 årsverk. Vi har ingen dispensasjonar frå utdanningskravet som styrar.

- Ny pedagognorm er vedtatt og gjeldande frå august 2018, vi er spente på korleis dette vil slå ut for Vestnes kommune.
- Nesten alle som tidlegare var assistenter i barnehage har no fagbrev som barne- og ungdomsarbeidrarar.
- Ein del i barnehagesektoren jobbar også deltid. Det kan til tider føre til at det er vanskeleg å få den ønska flyten i arbeidet. Dette gjeld både pedagogar, fagarbeidrarar og assistenter.
- Høgt sjukefråvær pregar framleis barnehagesektoren, spesielt med vekt på langtidsfråvær, men det er også stor variasjon mellom einingane. «Sterkare Tilbake», eit prosjekt ilag med BHT, er gjennomført i dei kommunale barnehagane. Det er vanskeleg å sjå effekt av prosjektet på kort sikt.
- Vestnes kommune tilbyr i 2017 jule- og påsketilbod ved Helland barnehage for alle dei kommunale barnehagane. Alle kommunale barnehagar har sommarstengt i 4 veker. Kommunestyret vedtok 30.03.2017, endringar i vedtekten for dei kommunale barnehagane, og vil gjennomføre prøveprosjekt om ferieavvikling frå 2018.
- Barnehagesektoren har godt samarbeid med andre sektorar som skulane, helsestasjonen, PPT, barnevern m.m.
- Barnehagane er lærande organisasjonar i stadig utvikling og endring og jobbar langsiktig med å utvikle kvaliteten ved å fordjupe seg i prosjekt over tid.
- Barnehagane har god kontakt med høgskolemiljøet ved å ta imot studentar til øvingsopplæring.

3.4 Kva har vi oppnådd i 2017?

- Alle med rett til barnehageplass fekk tilbod om barnehageplass. Til hovudopptaket 01.03.2017 kom det inn 62 søknader, 58 stk. under 3 år, og 4 stk. over 3 år. Alle som ønska å starte i august 2017 fekk tilbod om plass, 4 fekk opptak frå september, 2 barn frå november. 10 stk. fekk ikkje innvilga 1. prioriteten sin.
- Vestnes kommune gjennomførte tilsyn i tråd med tilsynsplanen 2015-2019. Det vart gjennomført tilsynsbesøk i alle 7 barnehagane etter systemrevisjonsmetoden.
- I prosjektet “Den gode barnehage i Vestnes” har vi utarbeidd 4 standardar:

Barnehagane i Vestnes er gode når:

1. vi legg vekt på tidleg innsats
2. det er godt foreldresamarbeid
3. både barn og vaksne har eit godt psykososialt miljø
4. barnehagen er ein stad for leik, læring, danning og omsorg.

I 2017 har vi arbeidd med standard nr. 3. Utarbeidd beste praksis på kommunenivå og barnehagenivå. Det er utarbeidd «Handlingsplan mot mobbing i barnehagane i Vestnes kommune.»

- Det er etablert refleksjonsgrupper i alle barnehagar.
- Fire personar som arbeider i dei kommunale barnehagane er i gang med barnehagelærarutdanning.
- Ein einingsleiar og ein assisterande styrar blei i 2017 ferdig med «Nasjonal styrarutdanning» gjennom Udir. Ein assisterande styrar starta opp.
- Ein pedagogisk leiar er i gang med vidareutdanning gjennom Udir: «Veiledarutdanning for praksislærere»
- Vi har 1 lærling i kommunal barnehage og 3 tilsette i gang med fagbrev som praksiskandidatar i 2017.

- Gardstunet og Tomrefjord barnehagar søkte og fekk 19 250.- kr. til svømmeopplæring for førskulebarna.
- Barnehagesektoren i Vestnes fekk 66 603.- i kompetansemidlar frå Fylkesmannen knytt til arbeidet «Den gode barnehage i Vestnes»
- Romsdalsk barnehagestemne med blei arrangert 9. oktober for 15. gang. Alle tilsette i barnehagane i Vestnes deltok der. I alt var det 800 deltakarar frå romsdalsregionen.
- «Sterkare tilbake» ,eit prosjekt på knytt til arbeidet med sjukefråværet vart gjennomført i dei kommunale barnehagane.
- Ny rammeplan vart vedtatt frå 01.08.2017. Barnehagane vil framover arbeide med implementering.
- Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga førte til reduksjonar i foreldrebetaling på til saman 594 145.- kroner.

3.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

- Fokus på god balanse mellom aktivitet og kvile for barna
- Tannpuss etter frukost. Status om barn si tannhelse frå tannpleiar ein gong pr. år
- Fokus på stell og hygiene. Kroppen som gjennomgåande tema.
- Fokus på sunt kosthald i tråd med retningslinene for mat og måltid utgitt av Sosial- og helsedirektoratet. Inkludert sunne alternativ til bursdagsfeiring.
- Uteleik og turar i naturen til alle årstider.
- Aktivitetar i idrettshall/gymsal. Musikk, rørsle, dans, drama og leik.
- Køyrer programmet “Mini-Røris” som er eit rørsleprogram for barn i barnehage.
- Tilpassa opplæring og spesialpedagogikk.
- Førstehjelpskurs for personalet. Ergonomikurs for personalet.
- «Sterkare tilbake» Prosjekt gjennom Stamina.
- Alle barnehagane har fått Henry-dokka, førstehjelp for førskulebarn.
- Tomrefjord og Gardstunet barnehage tilbyr svømmeopplæring for førskulebarna.



Foto: Tresfjord barnehage

3.6 KOSTRA-tal på området

KOSTRA tal - barnehage	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
Nto. driftsutg pr innb. i kommunen	7 047	8 198	8 200	7 376	8 158	8 395	8 294
Nto. driftsutg pr innb. 1-5 år	137 151	148 031	143 494	136 716	137 861	150 149	133 787
Brutto dr. utg pr. oppholdstime, komm. barneh.	60	67	64	64	65	63	63
Andel barn 1 - 5 år med barnehageplass	89,6	92,4	91,8	88,6	89,7	93,9	88,3
Andel barn 1 - 2 år med barnehageplass	77,9	84,0	83,0	73,5	80,7	86,4	82,7
Andel barn 3 - 5 år med barnehageplass	97,6	97,7	97,3	97,5	96,0	98,9	92,2
Andel barn med meir enn 33 timerpr veke	92,1	97,3	97,8	98,1	96,8	98,6	97,8
Andel barn med mindre enn 33 timer pr veke	7,9	2,7	2,2	1,9	3,2	1,4	2,2
Andel barn i kommunale barnehagar	76,6	47,7	49,1	55,1	44,4	42,7	31,5
Andel minoritetsspråklege barn	10,5	13,9	15,5	6,6	14,4	15,6	8,0
Antall oppholdstimar pr årsverk, kommunale	12 346	10 868	11 182	10 358	12 159	10 480	10 445
Andel ansatte med barnehagelærarutdanning	27,9	34,0	36,4	28,2	34,9	29,8	23,4
Andel styrarar og ped. pers med førskuleutd.	73,7	89,6	91,9	85,4	87,1	81,2	71,4
Andel menn i barnehagen	1,2	4,7	8,0	6,0	0,7	9,5	4,3
Andel barn med ekstra ressurs/styrka tilbud	14,8	17,7	18,6	11,6	17,8	18,8	12,4
Leke- og oppholdsareal pr barn, m ²	6,8	6,0	5,8	7,5	5,0	5,4	5,8

Utvikling 2012 – 2017

Nokre KOSTRA tal - barnehage							Endring i %
	2012	2013	2014	2015	2016	2017	
Andel barn 1 - 5 år med barnehageplass	94	88,4	91,2	91,5	88,3	89,6	-4,7
Andel barn 1 - 2 år med barnehageplass	76,8	72,8	77,4	76,1	75,6	77,9	1,4
Andel barn 3 - 5 år med barnehageplass	103,6	98,2	100	100,0	96,8	97,6	-5,8
Andel barn med meir enn 33 timerpr veke	80,7	87,0	88,7	93,2	88,6	92,1	14,1
Andel barn med mindre enn 33 timer pr v.	19,3	13,0	11,3	6,8	11,4	7,9	-59,1
Andel ansatte med barnehageutdanning	19,5	25,4	26,8	31,7	32,3	27,9	43,1
Andel styrarar og ped pers m førskuleutd	56,1	68,2	68,4	81,1	88,2	73,7	31,4

Barnetal i barnehagane

	Antall barn						Omrekna til Heiltidsplassar					
	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2012	2013	2014	2015	2016	2017
0 - 2 år	98	108	106	96	90	100	85,4	98,2	96,6	88,5	83,9	94,3
3 - 6 år	233	217	213	205	200	193	214,5	204,6	200,0	195,6	191,1	183,0
Sum	331	325	319	301	290	293	299,9	302,8	296,6	284,2	275,0	277,3

- Barnetalet i barnehagane har i fleire år gått ned, men i 2017 var det ein liten auke att.
- Det er barn under 3 år som har auka, over 3 år er det ein nedgang.
- Ut frå fødselstal i 20116/2017, og søknader om barnehageplass, er det grunn til å rekne med at det fortsatt kan bli ein liten auke i antall barn i barnehagane.

3.7 Økonomisk resultat 2017

Driftseining	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017			Budsjett 2017	Avvik i kroner	2017 og i %
		Utgifter	Inntekter	Netto			
Tomrefjord barnehage	3 269	5 484	1 844	3 640	3 530	110	3,1
Tresfjord barnehage	2 858	4 548	1 278	3 270	3 079	191	6,2
Helland barnehage	12 766	20 256	5 704	14 552	14 084	468	3,3
Fiksdal barnehage	2 480	2 964	564	2 400	2 442	-42	-1,7
Gardstunet barnehage	4 325	6 639	2 278	4 361	4 432	-71	-1,6
Skorgen barnehage	1 373						
Fellesutgifter	3 582	4 681	726	3 955	4 074	-119	-2,9
Private barnehagar	8 972	9 505	156	9 349	9 327	22	0,2
Sum barnehage	39 625	54 077	12 550	41 527	40 968	559	1,4

- Barnehagesektoren har eit meirforbruk på kr 559.000,-, eller 1,4 %. Tilsvarande var det eit mindreforbruk på kr 349.000,- i 2016.
- Samla er barnehageutgiftene auka med vel 1,3 mill. kr frå 2016, ein auke på 3,4 % og det tilsvarar om lag løns- og prisauke.
- Frå hausten 2015 vart det innført ordning med redusert foreldrebetaling for barn der familieinntekta var låg. Den vart noko utvida i 2016. Barnehagane fekk i 2017 redusert inntektene med kr 587.000,- som følgje av dette, tilsvarande sum i 2016 var kr 552.000,-.

3.8 Einingsleiarane sine tiltak for å halde budsjett

Fiksdal oppvekstsenter – Elisabeth Selnes:

- Moderat bruk av pengar med tanke på innkjøp og investeringar
- Unngå overtid i størst mogleg grad
- Ofte er personale i vikartimar og vikariat lågare utdanna. Dette gir lågare lønsutgifter

Tomrefjord og Gardstunet barnehage – Lise Grønningsæter:

- Redusere vikarinntak og prøve å unngå å hente inn vikar der det er mogleg. Vente med å hente inn vikar til vi ser kor mange barn det vert på huset den dagen. Sjå huset under eit. Korte ned på vikarvaktene (ikkje ved langtidsfråvær) der vikarane arbeider berre 5-6 timer der det er mogleg.
- Minimalt med overtid ved å redusere møte på kveldstid og ved å halde sosiale foreldrearrangement på kveldstid på det minimale. Heller prøve å legge det inn i barnehagetida så langt det er råd.
- Halde innkjøp til det minimale og absolutt nødvendige.
- Synleggjere meir tal for personalgruppa der eg kjem til å oppdatere/henge opp synleg kva forbruket er og kor mykje vi har igjen på budsjett på desse postane. Då spesielt på områda vikar, mat, formingsmateriell, inventar og utstyr, anna forbruksmateriell og tenest, papir og plastvarer.

Helland barnehage – Liv Hilde Storås:

Følgjer godt med på rekneskapen, og reduserer drifta ved behov. Dette vert ved å redusere på vikarinntak ved fråvær, men det har vorte mindre av det pga utvida barnegrupper. Reduserer også på ordinære forbrukspostar, det har ein meir styring på, men det utgjer forholdsvis lite prosentvis i budsjettet.

Tresfjord oppvekstsenter – Inger Marie Urkedal:

Vi vil vurdere alle innkjøp nøye, og avgrense det så godt som råd er til det som er naudsynt for å få til eit trygt tilbod til ungane. Vi vil og vurdere vikarbruken nøye, og av og til ikkje setje inn vikar for den som er fråverande. Men det må ikkje gå ut over sikkerheit, og det vert ein balansegang kor ein sjølvsagt må passe på at meirbelastninga for dei som er til stades ikkje vert for stor (slik at det igjen fører til meir fråvær).



Foto: Tresfjord barnehage

Kap 4 Grunnskulane og SFO


4.1 Sektoren sine hovedoppgåver

Kommunale grunnskular		Tal på elevar pr.01.10.2017		
		1.- 4.klasse	5.- 7.klasse	Ungdomsskule
				SFO
Fiksdal Oppvekstsenter/SFO		25	14	
Tomrefjord skule/SFO		82	67	80
Helland skule/SFO		131	107	153
Tresfjord Oppvekstsenter/SFO		16	14	
Totalt elevtal kommunale grunnskular				3

Private grunnskular		Tal på elevar pr.01.10.2017		
		1.- 4.klasse	5.- 7.klasse	Ungdomsskule
				SFO
Vike Friskule/SFO		34	26	

Ansvar	Tal årsverk *	Tal årsverk	Tal årsverk
	Undervisning/adm.	Assistantar	SFO
Fiksdal Oppvekstsenter	5,74	1,8	0,97
Tomrefjord skule/SFO	26,96	4,0	1,6
Helland skule/SFO	37,76	6,27	4,82
Tresfjord skule/SFO	5,21	0,83	0,47
Sum			

PP-tenesta	3,8	100 % psykolog i PPT har permisjon og arbeider i prosjektstilling som kommunepsykolog frå 01.08.2014. Fylkeskommunen kjøper teneste i 0,5 stilling til PPT i vidaregåande skule.
Merkantilt tilsett	0,7	
Spesialpedagogisk hjelpe før opplæringspliktig alder	1,5	Spesialpedagog/ logoped. Ligg under fagansvar PPT.
Logopedteneste til grunnskulen	0,5	Logoped. Ligg under fagansvar PPT.



Samarbeidsbilete
Kjempane frå boka om SVK. 2.-4. steg

Fotograf: Line Hollingsæter Stene

4.2 Resultatmål grunnskule og SFO 2017

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2017	Resultat 2017	MÅL 2018
Teknologi IKT	<ul style="list-style-type: none"> • Skriftleg vurdering i alle fag på Visma, elevmappe. • Lokal digitaliseringssplan. Overordna målsetjingar for digitaliseringsarbeidet i sektoren. • IKT-plan.no brukast for å synleggjere læringsmål i det einskilde fag. • «Rekning i alle fag» nytt utviklingsområde • Innføring av FEIDE • Kjøp av PC/læringsbrett og programvarer 	Ta dette i bruk 	Teke i bruk 	I bruk Skal utarbeidast IKT-plan.no implementert Vidare arbeid Alle skulane brukar Feide Årleg innkjøp
Elevar/ foreldre “opplevd kvalitet”	<p>Opplevd kvalitet – brukarundersøking Skala 1-5, der 5 er best.</p> <p>Elevundersøkinga (92,9% deltaking) Her er det målt snitt på elevsvar 7.- og 10.årssteg</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fråvær av mobbing på skulen • Score trivsel på skulen • Score på fagleg rettleiing • Eleven si oppleving av meistring av arbeidsoppgåver i samband med undervisninga <p>Foreldreundersøkinga 2016 – Skule (26,8 % deltaking)</p> <ul style="list-style-type: none"> • I kva grad er føresette nøgd med kommunikasjonen mellom heim og skule • I kva grad opplever føresette at barnet deira får nok faglege utfordringar på skulen • I kva grad opplever føresette at sitt barn får oppgåver på skulen som han/ho greier å løyse åleine • I kva grad opplever føresette å vere informert om kva som kan takast opp på konferansetimen/utv.samtalens om sitt barn <p>Foreldreundersøkinga 2016 – SFO</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barnet mitt trivst på SFO • Personalet på SFO medverkar til eit godt sosialt miljø for barna • Personalet på SFO medverkar til eit fysisk trygt miljø for barna 	Nasjonalt nivå 	Resultat 2017 	Nasjonalt nivå

	<ul style="list-style-type: none"> • Føresette opplever eit godt samarbeid med personalet på SFO • Føresette opplever å få tilstrekkeleg med informasjon om SFO-tilbodet • Føresette opplever at tilbodet om leksehjelp i SFO-tida fungerer bra for barnet • Måltidet på SFO er sunt 	4,3 4,1 3,2 3,6	4,3 4,0 4,1 3,5	
Teneste “objektiv kvalitet”	Objektiv målt kvalitet - skule <ul style="list-style-type: none"> • Kartleggingsprøve 2.kl. leseferdigheiter Talet på elevar som scorar over bekymringsgrensa Å lese og forstå • Kartleggingsprøve 2.klasse rekneferdigheiter Talet på elevar som scorar over bekymringsgrensa <p>Talet på elevar på meistringsnivå 2 og 3. Totalt 3 nivå, der 3 er høgast.(I%)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nasjonale prøver, lesing 5.klasse • Nasjonale prøver, rekning 5.klasse <p>Talet på elevar på meistringsnivå 3,4 og 5. Totalt 5 nivå, der 5 er høgast. (I%)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nasjonale prøver, lesing 8.klasse • Nasjonale prøver, rekning 8.klasse • Spesialundervisning, Kommunale skular (I%) • Grunnskulepoeng • Standpunktcharakterar - Norsk hovudmål, skriftleg - Norsk sidemål, skriftleg - Engelsk, skriftleg - Matematikk, skriftleg 	Nasjonalt nivå resultat 80,57 77,85 76,2 76,9 Nasjonalt nivå resultat 73,4 70,0 7,85 41,4 3,8 3,7 3,9 3,6	Resultat 2017 76,74 72,41 64,3 79,3 Resultat 2017 74,0 56,6 9,87 40,4 3,4 3,6 4,1 3,4	Nasjonalt nivå
Organisasjon	Talet på dagsverk med sjukefravær: Tresfjord Oppvekstsenter: <ul style="list-style-type: none"> • Eigenmeldt og legemeldt Helland skule: <ul style="list-style-type: none"> • Eigenmeldt • Legemeldt Tomrefjord skule: <ul style="list-style-type: none"> • Eigenmeldt • Legemeldt Fiksdal Oppvekstsenter <ul style="list-style-type: none"> • Eigenmeldt og legemeldt 		Under k-snitt 1,4 4,7 2,1 7,3 Under k-snitt	Under k-snitt Under k-snitt Under k-snitt Under k-snitt Under k-snitt Under k-snitt
Økonomi	Omfang av overtid (i tusen kr) <ul style="list-style-type: none"> • Helland skule • Tomrefjord skule • Tresfjord oppvekstsenter • Fiksdal Oppvekstsenter • 		46 48 0 1	----- ----- ----- ----- -----

	Økonomisk resultat (i forhold til tildelt budsjett) %		
	• Helland skule	99,09	100
	• Tomrefjord skule	100,78	100
	• Tresfjord Oppvekstsenter	101,90	100
	• Fiksdal Oppvekstsenter	107,07*	100

*Eks. barnehage

4.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

I grunnskulane i Vestnes er utviklingstreka noko vi må sjå på over fleire år. Fakta om denne utviklinga finn vi ved å hente inn opplysningar frå KOSTRA, GSI, Skoleporten, VOKAL, m.m. For 2017 ser status slik ut:

- **Talet på elevar som har spesialpedagogisk vedtak**
Historikk: 11,8 % = 2014, 7,9% =2015 og 9,0% = 2016, 9,87%=-2017
Vi ser ein auke i talet på elevar som tek imot spesialundervisning. 68 elevar har enkeltvedtak med rett til spesialundervisning. Det må arbeidast systematisk og godt med tilpassingar av den ordinære undervisninga i tida som kjem. (Kjelde GSI)
- Elevundersøkinga viser høg trivsel blant elevane og lite mobbing.
- Foreldreundersøkinga skal gi ei vurdering av elevane sitt læringsmiljø og samarbeidet mellom heim og skule/SFO, der resultatet frå 2016 viser at vi ligg om lag på landsgjennomsnittet. Undersøkinga skal gjennomførast anna kvart år for å følgje same intervall som brukarundersøkinga elles i kommunen. I 2018 vil det bli gjennomført ei ny foreldreundersøking i skulen/SFO.
- Nasjonale prøver: På 5. årssteg scorar elevane over nasjonalt nivå i rekning og under nasjonalt nivå i lesing. Elevane på 8. årssteg scorar over nasjonalt nivå i lesing og under det nasjonale nivået i rekning.
Tiltak: systematisk bruk av kartleggingsresultat, vidareutdanning og faggrupper i basisfaga.
- Standpunktakarakter: Små endringar, der vi ligg litt under gjennomsnittet for landet i faga norsk og matematikk, og litt over landsgjennomsnittet i engelsk.
Tiltak: systematisk bruk av kartleggingsresultat, vidareutdanning og faggrupper i basisfaga. Det er kjøpt inn eit nytt digitalt kartleggingsverktøy (Kartleggeren.no) for faga engelsk, norsk og matematikk. Det er inngått ein kommunal avtale og verktøyet skal brukast både av grunnskulane og vaksenopplæringa.

Utfordringane som grunnskulane har, og vil møte framover:

- Økonomisk stramme rammer
- Oppretthalde/forbetre læringskvaliteten i skulen
- Gje eit godt og tilpassa opplæringstilbod til elevar med samansette vanskar

Utvikling i elevtal

Skuleåret	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018
Talet på elevar	721	726	723	709	689

4.4 Kva har vi oppnådd i 2017?

Målet har vore å kunne oppretthalde og helst forbetre læringskvaliteten i skulen: Verkemiddel vi har valt å arbeide med for å realisere målet er:

Felles satsingsområde for å styrke læringskvaliteten i skulen:

- Tidleg innsats og tilpassa opplæring med fokus på å styrke den ordinære opplæringa.
- STL (skrive seg til lesing). Tekstskaping på datamaskin. Innført i 1.klasse haust 2013 og vidareført til 2.klasse 2014 og 3.klasse 2015. Blir no brukt i den einskilde skule.
- Innkjøp av nytt kartleggingsverktøy («kartleggeren.no»).
- SOL, systematisk observasjon av lesing. Vidareføring.
- VOKAL, ein portal for registrering av resultat frå alle kartleggingsprøver, nasjonale prøver og symjing.
- Vurdering undervegs på læringsplattforma Pedit og på Visma flyt skule.
- Nasjonal satsing, *ungdomstrinn i utvikling*. Satsinga er vidareført med temaet «rekning i alle fag». Alle skulane arbeider med dette utviklingsområdet.
- PPT tettare på med rettleatingsarbeidet i skulen.
- Vidareutdanning av undervisningspersonalet. Skuleåret 2017/2018 er det lærarar som tek vidareutdanning i matematikk, norsk og norsk for minoritetsspråklege.
- Ein rektor har fullført leiarutdanning (rektordanning) i 2017.

Felles satsingsområde for å styrke det psykososiale miljøet i skulen:

- Manifest mot mobbing, markering på alle skulane.
- Vestnes har vore **MOT kommune** sidan 2005. Då nøkkelpersonar i dette arbeidet har skifta arbeid i kommunen, har programmet vore lite brukt i 2017. Det er ein klar målsetjing å få nye personar inn i dette arbeidet frå hausten 2018.
- **Trivselsprogrammet.** Dette er eit program som er utvikla av firmaet Trivselsleder AS. Elevar i 4. - 10. klasse blir nominert og valde av medelelevane til å vere trivselsleiarar. Trivselsleiarane har deltatt på leikekurs, og deretter har dei fått ansvar for å legge til rette for aktivitetar i friminutta. Mange lærarar var med på kurs med firmaet for å få vist aktivitetar ein kan bruke saman med elevane. Det er frå 2018 skrive avtale med Leikepatruljen. Arbeidet blir vidareført med Leikepatruljen sitt program. Det blir ikkje store endringar i organiseringa i forhold til tidlegare.

4.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

- Det helsefremmende arbeidet er forankra i skulen sine planar. t.d. aktivitets- og trivselsplanar
- Haldningsskapande klassemiljøprogram: *Det er mitt val*, Trivselsleiarordninga, MOT
- Fagleg kompetanseheving av lærarane
- Samarbeid heim – skule
- Samarbeid med andre instansar som t.d. PPT, barnevern og skulehelsetenesta. Dette skuleåret er det oppretta eit tverrfaglege skuleteam. Dette skal sikre godt samarbeid og samordning dei einskilde kommunale tenestene imellom.
- Sjå resultat over tid, arbeide systematisk og langsiktig. Ungdata-undersøkinga vart gjennomført i ungdomsskulen i 2017. Det er viktig å bruke resultata frå denne undersøkinga i folkehelsearbeidet retta mot ungdom.
- Tema: gi elevane kunnskap og rettleiing på korleis god ernæring og dagleg fysisk aktivitet fremmar god helse, gjennom faga kroppsøving og mat og helse i skulen
- Tema på foreldremøte, rådsorgana og personalmøte
- Sunn mat og uteaktivitet på SFO

4.6 KOSTRA-tal på området

KOSTRA tal - skule, SFO m.m.	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
Nto. Utgifter grunnskule, pr. innb	13 122	13 746	13 229	12 804	13 763	11 814	15 683
Nto. Utg grunnskule, pr. innb 6-15 år	114 848	111 804	107 556	104 819	110 116	100 863	119 862
Nto. Utg SFO pr innbyggjar 6 - 9 år	7 633	3 613	3 871	2 153	2 385	3 468	5 732
Nto. Utg skuleskyss pr innb. 6-15 år	3 467	2 439	2 271	3 995	2 146	1 328	3 834
Elevar pr. kommunale skule	172	175	223	145	113	238	151
Gjennomsnittleg gruppestørrelse	12,3	12,6	13,2	13,2	11,2	14,1	12,9
Andel elevar som får spes undervisn	10,1	8,9	7,9	6,5	7,5	9,1	9,6
Andel timar spes. underv. av total timar	22,2	18,8	17,7	18,1	12,3	18,7	16,7
Andel elevar i kommunal skule	93,4	96,6	95,7	93,6	88,0	97,8	94,7
Gj. Snitt grunnskulepoeng	40,4	41,3	41,4	42,5	41,9	41,3	39,6
Dr. utg til undervisningsmatr. Pr. elev	1 694	1 564	1 509	2 661	1 709	1 173	1 873
Dr. utg til inventar og utstyr Pr. elev	619	1 178	1 049	1 349	2 825	860	2 045
Andel lærarar som er 40 år og yngre	39,3	42,4	42,7	39,3	43,8	45,2	42,6
Andel lærarar som er 60 år og eldre	21,4	12,8	11,0	7,1	11,1	12,6	16,7
Andel lærarar m/ universitets/høgskutd og pedagogisk utdanning	79,5	84,6	86,8	87,5	85,4	86,2	79,0

- Kostnad pr. elev ligg noko over fylkes- og landsgjennomsnitt.
- SFO utgiftene er betydeleg høgre enn enn gjennomsnitt både i fylke og i landet.
- Elevar pr. skule og gj.snittleg gr.storleik om lag som fylkessnitt men lågare enn landssnitt.
- Andel elevar med spesialundervisning er høgt, likedan timetal til dette.
- Vi har ein forholdsvis stor andel lærarar som er over 60 år.
- Andelen lærarar med universitets/høgskuleutdanning og ped. utdanning er lågare enn fylkes- og landssnitt. Det heng nok saman med den høge andel lærarar over 60 år.

<u>Utvikling 2012 – 2017</u>							Endring i %
- skule, SFO m.m.	2012	2013	2014	2015	2016	2017	12 - 17
- utvikling siste 5 år							
Nto. Utgifter grunnskule, pr. innb	11 496	11 823	11 938	12 141	12 646	13 132	14,2
Nto. Utg grunnskule, pr innb 6-15 år	95 696	102 235	103 465	103 032	108 014	114 848	20,0
Nto. Utg SFO pr innbyggjar 6 - 9 år	5 319	4 305	4 765	4 224	8 253	7 633	43,5
Elevar pr komm skule	189	180	182	181	177	172	-9,0
Gj snitt gruppestørrelse	12,5	12,7	12,7	12,3	12,3	12,3	-1,6
Andel elevar som får spesialunderv.	11,9	11,7	11,8	7,9	9,0	10,1	-15,1

Kostnad pr. elev har auka med kr 6.834,-, eller 6,3 %, frå 2016 til 2017. Dette er mykje.

- Utgiftene til SFO er, som nemnt ovanfor, svært høg både samanlikna mot fylkes- og landssnitt og nabokommunane. Sjølv om kostnaden gjekk litt ned i 2017 er den høg.
- Elevtal pr. skule er redusert, som ein følgje av at totalt elevtal har gått mykje ned.
- Andel elevar som får spesialundervisning vart redusert i 2015 då det var eit satsingsområde, men har auka att siste åra.

4.7 Økonomisk resultat 2017

Tal i 1000 kr Driftseining	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017			Budsjett 2017	Avvik 2017	
		Utgifter	Inntekter	Netto		i kroner	og i %
Fiksdal skule	5 549	6 689	1 286	5 403	5 046	357	7,1
Tomrefjord skule	23 231	28 276	3 607	24 669	24 485	184	0,8
Helland skule	33 585	41 972	8 774	33 198	33 512	-314	-0,9
Tresfjord skule	5 394	5 991	417	5 574	5 469	105	1,9
PPT	2 788	4 868	2 180	2 688	3 067	-379	-12,4
Fellesutg undervisning	8 050	12 236	1 558	10 678	8 945	1 733	19,4
Sum grunnskule	78 597	100 032	17 822	82 210	80 524	1 686	2,1

- Samla meirforbruk på 1,7 mill. kr. I 2016 var meirforbruket på 1,1 mill. kr og i 2015 2,0 mill. kr. Dette er for mykje. Sektoren kan ikkje kvart år bruke meir enn budsjettramma.
- Samla utgiftsauke innan grunnskulen på vel 1,9 mill. kr. Det er ein auke på 2,5 %.
- Helland skule hadde eit meirforbruk på knapt 1,0 mill. kr i 2016, det var spesielt SFO som har stort meirforbruk. Det er gledeleg at dei i 2017 helt budsjettet og faktisk hadde ei innsparing på kr 314.000,-. Utgiftene på Helland skule auka ikkje frå 2016 til 2017.
- Det er spesielt fellesutgiftene som har stort meirforbruk. Kjøp av undervisningstenester for barn som er plassert i fosterheim i andre kommunar, går på spesialskule (Tøndergård) og spes.ped. til Vike skule utgjer 6,8 mill. kr. Desse utgiftene har auka svært mykje siste åra, 4,7 mill. kr i 2015 og 6,0 mill. kr i 2016.
- Utgifter til skuleskyss er knapt 2,6 mill. kr, ein auke på kr 125.000,- frå 2015.
- PPT hadde innsparing, spesielt grunna vakanse i stillingar.

Utvikling 2012 – 2017

Tal i 1000 kr Driftseining	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Endring	
							sum	i %
Fiksdal	4 852	5 450	5 678	5 827	5 549	5 403	551	11,4
Tomrefjord	22 566	22 763	22 264	23 786	23 231	24 669	2 103	9,3
Helland	28 873	30 194	31 175	32 025	33 585	33 198	4 325	15,0
Tresfjord	9 309	6 370	5 816	5 541	5 394	5 574	-3 735	-40,1
PPT	2 577	2 820	2 622	2 595	2 788	2 688	111	4,3
Fellesutgifter	5 492	6 963	6 187	7 000	8 147	10 678	5 186	94,4
SUM	73 669	74 560	73 742	76 774	78 694	82 210	8 541	11,6

- Samla auka utgiftene med vel 8,5 mill. kr, eller 11,6 %, i perioden.
- I same periode gjekk elevtalet i dei kommunale skulane ned frå 755 i 2012 til 701 i 2017.
- Det er spesielt kjøp av undervisningstenester til barn plassert i fosterheim eller som går på spesialskule som aukar mykje.
- Ungdomsskuleelevarne ved Tresfjord skule vart overflytta til Helland skule hausten 2012. Utgiftene ved Tresfjord gjekk difor ned i 2013 og tilsvarende opp ved Helland skule.

Elevkostnad (eks. skuleskyss og fellesutgifter)

	Elevtal			Kostnad pr. elev 2017
	Vår 2017	Haust 2017	Snitt	
Fiksdal	45	39	42,5	128 643
Tomrefjord	229	229	229,0	107 725
Helland	400	391	396,3	83 770
Tresfjord	35	30	32,9	169 422
	709	689	700,7	98 250

- Elevkostnaden er høgst på dei minste skulane, og lågast på dei største skulane sjølv om det her også er ungdomsskule som krev meir kostnad enn barneskule.
- Husleiga ved Tresfjord skule er langt høgre enn ved Fiksdal skule, grunna ny og stor skule. Når vi korrigerer for det vert elevkostnaden ved Tresfjord skule ca 154.000,-.



Kaninmaske av gips, 4.steg.
Fotograf: Line Hollingsæter Stene



Fluemaske av gips, 4.steg.
Fotograf: Line Hollingsæter Stene

4.8 Einingsleiarane sine tiltak for å halde budsjettet

Fiksdal oppvekstsenter v/Elisabeth Selnes

1. Samanslåing av grupper ved korttidsfråvær (sjukefråvær og permisjonar).
2. Einingsleiar går inn som vikarlærar.
3. Innsparing lønsutgifter – assistent blir oppgradert til ufaglært lærar ved sjukevikar i enkelttimar.
4. Avspasering utan vikar der det er mogleg.
5. Avgrense innkjøp av bøker og utstyr.
6. Økonomisk samarbeid med FAU ved fellesaktivitetar på skulen.
7. Restriksjonar mot overtid.

Tresfjord oppvekstsenter v/Inger Marie Urkedal

Der er ikkje mange stadar ein kan spare pengar i den dagleg drifta. Men vi vil vurdere alle innkjøp nøye, og avgrense det så godt som råd er til det som er naudsynt for å få undervisning og reinhald til å gå. Og i staden for å setje inn vikar ved fråvær, vil vi i så stor grad som råd er slå saman grupper og einingsleiar vil i tillegg ta vikartimar. Dette vert ein balansegang, ein må sjølvsgått passe på at meirbelastninga på dei som må slå saman grupper ikkje vert for stor.

Tomrefjord skule v/Tone Syltebø

Tiltak som vart gjort i 2017 for å halde budsjettet:

Tomrefjord skule har vore restriktiv med bruk av vikarar og bruk av overtid. Det vart sett i gang eitt valfag mindre skuleåret 2017/2018 enn det som i utgangspunktet var ønskeleg. Merknad til rekneskapen for 2017: Tomrefjord skule vart i juni pålagt å ta 500 000 av den totale innsparinga på 1 000 000 kroner i grunnskulen. Fordelinga mellom skulane vart gjort etter at planane for neste skuleår var lagt.

Helland skule v/Gisela Stene Smith-Nilsen

Det er innarbeidd rutinar for:

- Fast gjennomgang av rekneskap for å kunne gjøre nødvendige tiltak tidlegast råd.

Skule

- Innsparing sjukevikar og permisjonar ved korttidsfråvær.
- Auke i gruppestorleik ungdomssteget/færre delingstimar (27–28 elevar pr. gr. på 8.steg)
- Innsparing lønsutg. – assistent blir oppgradert til ufaglært lærar ved sjukevikar enkelttimar.
- Avspasering utan vikar der det er mogleg.

SFO

- Innsparing sjukevikar og permisjonar korttidsfråvær.
- Avspasering utan vikar der det er mogleg.

Kap 5 Barn, ungdom og familie

5.1 Oversikt over sektoren

I oktober 2016 vedtok kommunestyret ei endring av organiseringa i Vestnes kommune. Tidlegare eining, Barne og ungdomstenestene, gjekk ut, og vart erstatta av Eining for integrering og kvalifisering (flyktningteneste og voksenopplæring), og Eining for Barn, ungdom og familie. Sistnemnde innehold Barnevern, Helsestasjon, Myra aktivitetssenter, psykisk helseteam og bustadtiltak. Psykisk helsetenester vart tidlegare ytt både frå Heimetenesta og NAV. PPT (pedagogisk psykologisk teneste) vart lagt under kommunalsjef for oppvekst i lag med barnehagane og skulane.

Eining for barn, ungdom og familie har brei helsefagleg kompetanse, der dei fleste tilsette har ei spesialisering/etterutdanning. Fokusområdet i eininga er å ha eit førebyggjande og helsefremjande perspektiv for barn, vaksne og familiar med behov for hjelp og støtte sett ut i frå eit familieperspektiv. Ein legg vekt på ein høg etisk standard i tenesteyting der brukarmedvirkning og involvering vert ivaretatt. Eininga har om lag 27,15 årsverk. I tillegg har eininga stillingar knytt til prosjekt finansiert gjennom Fylkesmannen og helsedirektoratet.

Ansvær	Årsverk 2016	Årsverk 2017	Ev. merknad
Adm. Leiing	0,0	1,0	
Psykisk helseteam	5,0	5,0	Inkl. avd.leiar
Barneverntenesta	6,6 (7)	7,0	Inkl. 1,8 statlege stillinger tildelt gjennom statleg styrking av barnevern
Helsestasjonen	5,1	5,75	Inkl. familierettleiar og jordmorressurs
Prosjektstilling	1,6	1,6	Sjå under tabellen
Myra aktivitetssenter	2,0	2,0	
Sosiale tenester barn og unge	8,0	8,0	Inkl. bustadtiltak for ungdom
Tilsynsførar	0,2	0,2	

- Psykolog i kommunale helse- og omsorgstenester 100%
- Prosjekt – førebyggjande skule og helsestasjonsteneste 30%
- Prosjekt – styrka skulehelseteneste i vid. Skule – 30%

5.2 Resultatmål

Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2017	Status 2017	Mål 2018
Teknologi/IKT	<p>Alle fagområde i eininga skal få digitale løysingar som støtta kvalitetssikringssystemet Riskmanager</p> <p>Bustadtiltak</p> <ul style="list-style-type: none"> MinVakt – vert etablert og nytta av tilsette, samt kjøring av elektroniske timelister Auka kompetanse på fagsystemet CosDoc. Opprette superbrukarar på CosDoc 		70% Ikkje nytta per i dag	100% -Ajourhald -Opprette/avslutte PRB -Registrere kontakt -Avviks-registrering -Medisinlister
Brukarar – "opplevd kvalitet" Resultat Brukar undersøkingar	<p>Psykisk helseteam, skal frå</p> <p>1 – 6 der 6 er best:</p> <ul style="list-style-type: none"> Tilgjengelegheit Informasjon Personalelets kompetanse Samarbeid med andre tenester Brukarmedvirkning Respektfull behandling Resultat for brukaren Heilheitsvurdering Snitt totalt <p>Helsestasjonen, skala frå</p> <p>1 – 6 der 6 er best:</p> <ul style="list-style-type: none"> Tilgjengelegheit Informasjon Samordning Brukarmedvirkning Respektfull behandling Pålitelegheit og kompetanse Heilheitsvurdering Snitt totalt 	Vestnes Norge 3,4 (3,4) 3,1 (3,0) 3,8 (3,6) 3,5 (3,6) 3,5 (3,5) 3,9 (3,7) 3,4 (3,5) 3,7 (3,6) 3,5 (3,5)		Gjennomføre brukarundersøkinga med måloppnåelse på landsgjennomsnittet Gjennomføre brukarundersøkinga 2019 med måloppnåelse etter landsgjennomsnittet

Teneste "objektiv kvalitet"	<ul style="list-style-type: none"> Bredt forkus i eining på systemarb., revidere og utarbeide rutinar, samt bygje opp kvalitetssikringssystemet RiskManager. Auka fokus på avvik og avvikshandtering Alle nytilsette skal gå gjennom opplæringslogg m/rutinar ved oppstart 			Vidareføre arbeidet Vidareføre arbeidet
Organisasjon	Andel dagsverk med sjukefråvær <ul style="list-style-type: none"> Eigenmeldt Legemeldt Kompetansehevingsprogram om arbeid med vold, overgrep og traumer Gjennomføre førstehjelpskurs for psykisk helseteam, helsestasjonen og bustadtiltak Gjennomføre praktisk brannøving fagområda barnevern og Myraaktivitetssenter 		8,2 1,1 7,1 13 tilsette starta opp	7,9 1,0 6,9 13 tilsette fullfører
Økonomi	Overtid i eininga – barnevern i hovudsak(i tusen kr) * Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)	191 100	337 98	191 100

5.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

Nasjonale føringar, krav til spesialisering og rettsikkerheit til enkeltindivid står sentralt i dagens samfunn. I tråd med samhandlingsreforma der spesialisthelsetenesta bygger ned sine tenester og delegerer eit stadig større ansvar til kommunen merker eininga eit auka press i form av komplekse og samansatte oppgåver. Dette er noko som utfordrar den daglege drifta i eininga i form av ressursar, kompetansekrav og i eit utviklingsperspektiv.

Psykisk Helseteam

- Psykisk helseteam ser ei auke i saksmengde og kompleksitet.
- Eininga får tilmeldt stadig fleire ressurskrevjande saker innan området psykisk helse, der enkeltmenneske har behov for bustad med tilrettelagt hjelp og bistand/ døgnbemannning. Vi ser at fleire komplekse saker krev omfattande opplæring frå spesialisthelsetenesta og frå kompetancesenter andre stadar i landet. Opplæringa baserer seg på overførbar informasjon og hospiteringspraksis. Vi må i utstrekkt grad nytte elektroniske verktøy i samhandlinga som t.d. ved videooverført undervisning/møtevirksomhet. For framtida vert det viktig at det vert lagt til rette for velferdsteknologiske løysingar, og at ein må ta høgde for ei auke i kostnader knytt til opplæring av tilsette i ei spesialisert eining som BUF.

Utviklingstrekk innanfor tenesteområdet psykisk helse er auka behov for døgnbemanna bustad. Dette er noko ein må ta høgde for i drifta i åra som kjem.

- **Helsestasjonen**

- Det var i 2017 fødd 50 born; 26 jenter og 24 gutter. 20% av borna som er fødde har ein eller begge foreldre som er framandspråkleg. Nasjonar som er representert er Eritrea, Nigeria, Brasil, Litauen, Ungarn, Ukraina, Filippinene, Tyskland og Island. I tillegg kom det til 10 born i alderen 0 - 18 år som busette flykningar. Fire av desse var familiegjenforening.
- Helsestasjon som teneste opererer ikkje med venteliste, og skal ta imot alle mellom 0 – 20 år. Alle oppgåver er lovpålagte og det er utfordrande i ei krevjande tid korleis ein skal prioritere. I all hovudsak vert dei minste borna i alderen 0-6 år prioritert.
- Nye nasjonal faglege retningslinjer legg føringar om blant anna meir samarbeid på systemnivå både opp imot skule og barnehage, då med krav om auka deltaking både i foreldregruppa og personalgruppa.
- Vi ser i større grad ei auke i endring i psykisk helse hos ungdommane. Det førebyggjande arbeidet er ressurskrevjande.

Omsorgstenester for barn:

- Tenestekontoret saksbehandlar søker og einingsleiar gjer vedtak om teneste. Vidare er det einingsleiar i samråd med aktuelt fagområde, som regel helsestasjonen, som effektuerer vedtaka; dvs. skaffar støttekontaktar og besøksheimar, samt følgjer opp familiene. Dette er ei organisering som samsvarar med lovverket og samordnar tenestene opp i mot barn, unge og deira foreldre på ein god måte.
Organiseringa vil lette overgangen til vaksenlivet ved 18 år.

Barneverntenesta

- Endringar i barnevernlova medfører at kommunen vil få auka ansvar og utgifter til institusjonsplasseringar, fosterheimar og spesialiserte hjelpe tiltak. Dette medfører store krav til kommunen i form av behov for auka kompetanse og ressursar.
- Det er ei stor utfordring å ikkje vere knytt til barnevernsvakt på kveld og helg. Vestnes kommune er i ein prosess for å finne løysingar som sikrar barnevernsvaktordning.
- Dei tilsette i barnevernet er i ein særleg utsatt posisjon når det kjem til truslar, nettrets og sjikane. Dette har ein arbeidd systematisk med i 2017 gjennom prosedyrar, kursing og møte med lokalt politi.
- **Stadlege tilsyn:** I mai 2017 gjennomførte arbeidstilsynet tilsyn ved barneverntenesta. Tilsynet baserte seg på om arbeidsgjevar etter arbeidsmiljølovens krav la til rette for å førebyggje sjukdom og skade hos tilsette. Det vert gitt to pålegg etter tilsynet:

Pålegg – vold og trussel – kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan

Pålegg – vold og trussel om vold – informasjon

Pålegga vart lukka i september 2017.

Myra aktivitetssenter

- Vi ser ei endring i brukargruppa både når det gjeld samansetting og behov. Dette gjer det utfordrande å tilby eit individuelt og tilrettelagt aktiviseringstilbod.

5.4 Kva har vi oppnådd i 2017?

I april 2017 starta ny tilsett einingsleiar. Familierettleiar vert tilsett og starta opp i september 2017. Ut over våren og hausten har vi arbeidd med å utvikle gode arenaer for samhandling.

- Eininga har starta opp med «prosjekt samhandling» etter å ha fått innvilga prosjektmidlar frå NAV. Mål: betre samhandling i ei ny etablert eining, styrke kjennskapen til kvarandre sine fagområde, samt å få til heilheitlege og koordinerte tenester, og ein helsefremjande arbeidsplass.
- Alle tilsette har fått opplæring i «konflikthandtering, vald og trugslar mot tilsette».
- Alle tilsette har fått opplæring i bruken kvalitetssikringssystemet RiskManager.
- Eining for barn ungdom og familie, heimetesta og bu-og habilitering deltok i november på rekrutteringsdag ved Høgskolen i Molde for å knytte til seg helsefagleg kompetanse frå bachelor utdanninga i sjukepleie og vernepleie. Det var Høgskolen i Molde som tok initiativ til dette samarbeidet som ventetegn vert vidareført i åra som kjem.
- Handlingsplan mot vold i nære relasjonar vert framleis satt fokus på i det vidare arbeidet med handlingsplanen sin handlingsdel
- Eininga har etablert kvartalsvise møte med organisasjonane, hovudverneombod og verneombod. I møta orienterer vi om status i eininga og foretar nødvendige avklaringar.



Foto: Elly Slettvol

Foto: frå «prosjekt samhandling» Skaret i Måndalen. Her hadde ein både matservering, rebus og gruppeoppgåver. Ingeborg Hiller frå NAV Arbeidslivssenter deltok saman med eininga. Tema var utvikling av relasjonskompetanse frå forelesning med Jan Spurkeland.

Helsestasjonen

- Prosjekt styrka skulehelseteneste i vidaregåande skule. Dette er eit prosjekt som har gått over 3 år, som vart avslutta 31.12.17. Prosjektet har utløyst i alt ei 30% auke i helsesøsterressurs ved skulen. Fokuset i prosjektperioden har vore helse og trivselsesamtalar med alle Vg.1 elevar, tett oppfølging av fråvær, fokus på å betre det psykososiale miljøet, samt auka tverrfagleg fokus. Skulehelsetenesta er mykje etterspurta, noko som understrekar behovet for ei forutsigbar teneste ved skulen. På grunn av langtidsfråvær ved helsestasjon har ein ikkje greidd å fulgt opp slik ein hadde ønska.
- Prosjekt jordmor, des. 2016- aug.2017. Midlar frå Fylkesmannen til prosjektstilling med auka fokus på tilrettelagt kunnskap for å betre seksuell helse blant busette flykningar. Prosjektet vart avslutta august 2018. Prosjektet inkluderte busette flykningar for Vestnes, Ørskog og Rauma. Det var 54 som deltok tolta med ei fordeling på 37 menn og 17 kvinner. Alderspennet var mellom 17 og 50 år med hovudvekt på unge mellom 18-29 år. Det var ei udelt positiv tilbakemelding deltakarane. Det vart undervist i grupper.
- Prosjekt styrka jordmor og skulehelseteneste andre halvår 2017 – med oppstart 18.09.17 avslutta 31.12.2017. Mål: generell styrking av jordmor som ressurs ved helsestasjonene, noko som inneber det å kunne nyte jordmor sin kompetanse og at ho er dagleg tilgjengeleg, samt å kunne oppfylle nasjonal faglege retningslinjer når det gjeld heimebesøk til alle nyfødde. Styrking av skulehelsetenesta innebar ei dobling av trefftid ved barneskulane frå 2 til 4 t/mnd. og innføring av vekt og høgdemåling av 8. klasse, samt tilbod om helsesamtalar/trivselssamtalar til alle 8. klasse elevar.
- Etter å ha mangla tilgang til fagsystem ut i skulane, kom dette på plass ved slutten av året og er ei forutsetning no som ein går over til fullelektronisk journal.

Barneverntenesta

- Gjennomført samarbeidsmøte med politiet
- To tilsette har deltatt på barnevernkonferanse
- Deltatt på overordna møte for barnevernleiarane hos Fylkesmannen
- Fekk tilsett to nye barnevernkonsulentar
- Deltatt på rådslag angåande hjelpe tiltak med Bufdir
- To tilsette deltatt på kurs om Aspergers
- Har bidratt til foreldrekurset til busette flykningar

Psykisk Helseteam

- Fem tilsette deltok på fagkonferansen «ringar i vatn» tema i 2017 « På same lag – om pårørande arbeid i rus - og psykisk helsetenester»
- Representantar frå psykisk helseteam deltek i kommunenetteverket saman med andre innan psykisk helsearbeid frå Romsdalskommunane, NAPHA, spesialisthelsetenesta, Fylkesmannen og Mental Helse.
- Prosjekt 3-trinnsmodellen: Prosjektet start i 2015 og vart avslutta i 2017. Prosjektet omhandla utprøving knytt til «bustadsosial handlingsplan for Vestnes kommune» frå 2010. Prosjektet vart finansiert av prosjektmidlar frå Fylkesmannen. Psykisk Helseteam drifta arbeidsgruppa i prosjektet.
- Brukarplan vart gjennomført hausten 2017. I år utvida ein kartlegginga til å omfatte også helsestasjonen, barnevernet og psykisk helseteam. Brukarplan er et verktøy for kommunar som ønsker å kartlegge omfanget og karakteren av risikofylt rusmiddelbruk blant brukarane av kommunens helse-, omsorgs- og velferdstenester. Verktøyet kan nyttast til kartlegging, kvalitetssikring, utvikling og planlegging av tenester.

Myra aktivitetssenter

- Myra aktivitetssenter har vore eit tilbod for fleire som har kome seg ut i arbeidsretta tiltak.
- Brukarar og tilsette har delteke i rehabiliteringa av Myrabygget i form av snekring, maling og anna vedlikehald.

- Fokus på å helsefremjande tiltak når det gjeld fysisk aktivitet og kosthaldsrettleiing, samt økonomisk rettleiing
- Gjennomført aktivitetsdag på Ørskogfjellet for tilsette og brukarar

5.4 Tiltak for å fremme folkehelsa

- Kompetanseheving som gjeld vald i nære relasjonar. Vestnes kommune er aktiv i arbeid med å forbyggje vald i nære relasjonar gjennom handlingsplanen sin handlingsdel.
- Vestnes kommune har signert samarbeidsavtale med Krisesenteret for Molde og omegn, som ein del av det lovpålagte og forebyggande arbeidet.
- Førebyggande arbeid i familiarar gjennom familierettleiing
- Hjelpe skular og barnehagar med å utvikle eit godt fysisk og psyko-sosialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring

Tilsette:

- Arbeidsmiljø fast tema på alle personalmøte
- Alle tilsette fekk tilbod om medarbeidarsamtale i 2017
- Gjennomført velferdstiltak, blåtur, julebord
- Kurs i «stress og belastning» til alle tilsette



Kurs i stress og belastning for tilsette i eininga med Hege Anita Øverås og Iren Nakken

5.5 KOSTRA-tal på området

- Barnevern og helsestasjon	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
Barnevern							
Nto driftsutgifter pr innbyggjar	1 742	1 980	2 217	1 148	1 259	1 926	1 740
Nto driftsutgifter pr innb 0 - 17 år	8 758	9 225	10 278	5 460	5 745	9 285	7 615
Nto driftsutgifer pr barn i barnevernet	98 526	122 423	126 871	71 207	74 936	141 538	114 892
Andel nto. driftsutg til saksbehandling	30,1	30,6	28,8	45,1	45,2	22,6	23,4
Barn med undersøkelse/ tiltak pr årsvis	16,6	18,0	15,2	17,0	22,1	17,9	16,4
Andel barn med barnev. tiltak pr innb 0-17 år	5,8	5,4	5,0	5,9	5,4	4,6	4,3
Andel undersøkelse som fører til tiltak	42,0	43,5	42,1	62,5	59,1	42,0	41,0
Stillinger m/fagutdanning pr. 1000 barn 0-17	4,6	4,2	4,8	4,3	3,6	3,4	3,6
Andel undersøkelser m/beh. tid over 3 mnd	10,0	23,0	14,0	19,0	6,0	15,0	5,0
Helsestasjon							
Nto. driftsutg. Helsestasjon- og skulehelset. pr. innb. 0 - 20 år	2 341	2 337	2 436	3 005	2 184	2 569	2 883
Andel nyfødte med heimebesøk innan 14 dag	94	92	88	108	94	98	95
Andel fullført 4 - års kontroll (i %)	98	93	98	52	90	94	83
Årsverk helseøstre pr 10 000 innb. 0-5 år	100,3	92,6	81,3	73,2	96,8	-	102,1
Årsverk jordmødre pr 10 00 fødte	-	88,4	80,3	119	92,6	-	106

- Tal for driftsutgifter til barnevern er ikke helt korrekt, då ein del tilskott/utgifter til busette flyktningar delvis er ført med feil KOSTRA funksjon, dette vil bli retta før endeleg versjon av KOSTRA tala kjem.
- Andel barn i aldersgruppa 0 – 17 år med tiltak er høgre enn fylkes- og landsgjennomsnitt.
- Behandlingstid over 3 md. er låg.

Utvikling 2012 - 2017

Nokre KOSTRA tal - Barnevern							Endring i % 12 - 17
	2012	2013	2014	2015	2016	2017	
Nto driftsutgifter pr innbyggjar	1 808	2 108	2 244	2387	1966	1742	-3,7
Nto driftsutgifter pr innb 0 - 17 år	8 480	10 110	10 941	11 938	9 798	8 758	3,3
Nto driftsutgifer pr barn i barnevernet	103 293	117 160	119 484	138 439	124 356	98 526	-4,6
Andel nto driftsutg til saksbehandling	33,2	33,0	31,3	25,0	27,8	30,1	-9,3
Barn med undersøkelse/ tiltak pr årsvis	20,0	17,2	18,5	17,0	15	16,6	-17,0
Andel barn med barnev tiltak pr innb 0-17 år	6,4	6,8	6,9	6,4	5,5	5,8	-9,4
Andel undersøkelse som fører til tiltak	67,2	60,0	55,3	44,2	49,1	42	-37,5
Stillinger m/fagutdanning pr. 1000 barn 0-17	3,4	3,9	4,2	4,4	4,4	4,6	35,3
Andel undersøkelser m/beh tid over 3 mnd	25,0	20,0	13,0	12	7	10	-60,0

- Netto utgifter til barnevern auka fram til 2015 for så å bli redusert i 2016. Som nemnt ovanfor må tala for 2017 korrigerast. Reelt trur vi at det er ein liten auke i barnevernsutgiftene i 2017.
- Det har vore auke i bemanning i barnevernet, det har også ført til at andelen undersøkjingar med behandlingstid over 3 månadar har gått kraftig ned i perioden.

5.6 Økonomisk resultat 2017

Driftseining	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017			Budsjett 2017	Avvik i kroner	2017 og i %
		Utgifter	Inntekter	Netto			
Div. prosjekt	525	3 056	2 814	242	624	-382	-61,2
Helsestasjon	2 833	3 317	107	3 210	3 444	-234	-6,8
Jordmøteneste	269	454	174	280	325	-45	-13,8
Barnevern	11 871	16 634	3 282	13 352	12 905	447	3,5
Omsorgstenester barn og ungdom	2 956	7 910	295	7 615	8 537	-922	-10,8
Myra aktivitetssenter	1 323	1 318	130	1 188	1 314	-126	-9,6
Barnevern for Rauma	0	755	755	0	0	0	0
Psykisk helse og rus		3 509	299	3 210	3 298	-88	-2,7
Administrasjon m.m.		982	118	864	1 040	-176	-16,9
Tilsyn fosterheimar	50	254	237	17	102	-85	-83,3
	19 827	38 189	8 211	29 978	31 589	-1 611	-5,1

- Barn- ungdom og familie har eit mindreforbruk på 1,6 mill. kr. Det er svært positivt og var ein vesentleg grunn til at kommunen fekk overskott på drifta.

- Det er første året eininga har heilårsdrift med den samansetting av arbeidsområde som nemnt ovanfor. Det var difor vanskeleg å sette «rett» budsjettet då vi ikkje hadde erfaringstal frå tidlegare års drift, og spesielt omsorgstenester for barn og ungdom vart kanskje budsjettet noko høgt.
- Noko av innsparingen har også samanheng med at nokre nye stillingar vart seinare teke i bruk enn tidlegare føresett.
- Det må presiserast at eininga har gjort ein god innsats for å holde utgiftene nede.

Driftseining	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Endring 2012 - 2017	
							kroner	i %
Helsestasjon	2 470	2 535	2 683	2 754	2 833	3 210	740	30,0
Jordmorteneste	229	264	266	262	269	280	51	22,3
Barnevern	10 970	13 463	13 907	14 529	11 871	13 352	2 382	21,7
Omsorgstenester barn/ungdom	3 458	2 304	2 259	1 925	2 956	7 615	4 157	120,2

- Omsorgstenester for barn og ungdom har auka svært mykje i perioden. Det har samanheng med nye brukarar. Nokre av desse kjem også inn under ordninga med tilskott til ressurskrevjande brukarar slik at vi får dekka delar av kostnaden.
- Utgiftene til barnevern varierer ein del frå år til år og kan såleis vere vanskeleg å budsjetttere.

Dei største utgiftsartane innan barnevern:

Alle tal i 1000 kr	2014	2015	2016	2017
Løn/godtgjersle fosterheimar	4 616	6 099	5 285	5 485
Løn faste stillingar i barnevernet	2 010	2 114	1 871	1 903
Utgifter fosterheimar	1 985	2 675	2 542	2 495
Kjøp av plassar statlege institusjonar	1 127	1 716	218	1 747
Juridisk bistand/rettssaker	1 026	1 145	911	669
Førebyggjande tiltak	755	1 097	1 731	1 115
Refusjon frå stat og kommune	-1 622	-3 211	-3 399	-3 094

5.8 Einingsleiar sine tiltak for å halde budsjettet

Ved einingsleiar Elly Volsdal Slettvoll:

- Redusere vikarinnleige der eg ser at ein kan gjere det.
- Søkje om tilskotsmidlar som kan redusere kostnader knytt til kurs og opplæring
- Auka fokus på budsjett i faste personalmøte med tilsette. Avdelingsleiarar rapporterer månadleg til einingsleiar.

Kap 6 Eining for kvalifisering og integrering (EKI)

6.1 Oversikt over sektoren

Ansvar, fordelt sjå nedanfor	Årsverk 2016	Årsverk 2017	Ev. merknad
Felles einingsleiar og sekretær for EKI	1,5	1,25	EKI er forkorting for namnet på eininga
Vaksenopplæringa	6,5/5,1	4,8	
Flyktningtenesta	2,0/2,8	2,8/2,2	Vakanse i flyktningkoordinatorstillinga haust-17

6.2 Resultatmål 2017

Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2017	Resultat 2017	Mål 2018
Teknologi/ IKT	Vaksenopplæringa/ Flyktningtenesta: Bli trygg på og implementere fagsystemet Visma voksenopplæring og flyktning i alt arbeid som gjeld deltakarar i norskopplæring og introduksjonsprogram. Overgang til fullelektronisk arkiv i Visma FlyVo Vaksenopplæringa/ Flyktningtenesta: Deltakarar med rett og plikt (RP) som er busett i Vestnes er kompetente IKT-brukarar i dagleglivet (m.a. mail, nettbank, min ID) Skulen har nødvendig datautstyr tilgjengeleg	100 % 90 % 100 %	80 % 80 % 90 %	100 % 100 % 90 % 100 %
Brukarar - "opplevd kvalitet"	For Vaksenopplæringa og Flyktningtenesta har ingen brukarundersøkingar vore tilgjengeleg. Mål: kvar busett flyktning i intro-program skal ha ein kontaktperson i Vaksenopplæringa og ein i Flyktningtenesta som saman har ansvar for utarbeiding av individuell plan og evaluering minimum kvart halvår i samarbeid med deltakaren		Høg busetting medførte resultat 100 % 90%	
Teneste "objektiv målt kvalitet"	Vaksenopplæringa: <ul style="list-style-type: none">Innvandrarar som gjennomfører skriftleg norskprøve med resultat A2 eller høgare (lese, lytte, skrive)Innvandrarar som gjennomfører munnleg norskprøve med resultat A2 eller høgareInnvandrarar som gjennomfører prøven i samfunnskunnskap og bestårInnvandrarar som gjennomfører statsborgarprøven og består * noen måtte prøve fleire gongar for å oppnå bestått Flyktningtenesta: <ul style="list-style-type: none">Andel av flyktningane som er i jobb eller utdanning når introduksjonsprogrammet blir avsluttaAndel av flyktningane som er i jobb eller utdanning 1 år etter avslutta introduksjonsprogram	95 % 95 % 100 % 62,5 % 75 %	80 % 82 % 100 % * 100% * 69 % 83 %	90 % 90 % 100 % 100% 69 % 85 %

Økonomi	Omfang av overtid i eininga (i tusen kr) Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%) Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (i 1000 kr)	0 100 0	0 113,8 % 1.300	0 100 0
----------------	--	---------------	-----------------------	---------------

6.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

Flyktingtenesta og Vaksenopplæringa:

- Kvar deltakar skal ha eit individuelt tilrettelagt innhald i introduksjonsprogrammet konkretisert i den individuelle planen som blir utarbeidd av Vaksenopplæringa, Flyktingtenesta og deltakaren sjølv i lag. Programmet/planen skal bidra til å styrke deltaking i yrkes- og samfunnsliv, samt økonomisk sjølvstende. Ei utfordring er å halde fristen for halvårleg evaluering og justering samt å kome i gang med nye, prioriterte tiltak.
- Den individuelle planen skal danne grunnlag for eventuell utviding av lengstetida for deltaking i introduksjonsordninga og for vedtak om grunnskuleopplæring for vaksne.
- Samarbeidsavtale mellom NAV Vestnes og Eining for kvalifisering og integrering (EKI) er utarbeidd og skal evaluerast og justerast minimum ein gong i året. Ei utfordring er til ei kvar tid å ha ein avtale som er i tråd med dei statlege føringane som ligg til grunn for samarbeid mellom kommunen og Arbeids- og velferdsetaten, jfr årleg rundskriv Q-27.

Flyktingtenesta:

- Vestnes kommune leiger private bustader til flyktningar. Samarbeidsavtale med ansvars- og oppgåvefordeling med Eining for eigedomsdrift er utarbeidd og blir evaluert årleg. Utfordring i å gi god nok opplæring i alle sider ved det å bu og ivareta bustaden.
- EKI og Eining for Kultur har inngått forpliktande samarbeid med fokus på inkludering gjennom frivillighet. Frivillig innsats er overordna viktig i integrerings- og inkluderingsarbeidet, og fleire tiltak som vart starta i EKI er tatt over av Frivilligsentralen, m.a. flyktingguideordninga, øvingskjøring med Røde Kors-bilen, språkkafeen.
- Deltaking i lag og organisasjonar er viktig for å få til kvardagsintegrering for barn, vaksne og familiar. EKI prioriterer derfor tilrettelegging for deltaking høgt, men det er utfordringar i høve til å lære ulike typer foreldreoppfølginga/ dognadsarbeid som krevst innan laga.
- Legge til rette for naboskapsintegrering ved busetting i private bustader.
- Arbeide for at flyktningar overtar leigeforhold og kjøper privat bustad når rammene er på plass for det.
- Overgangen frå introduksjonsordning til arbeid, utdanning, anna kan vere utfordrande. EKI har fått rutinar for bruk av Lånekassa sine støtteordningar for at dei skal fullføre grunnskule for vaksne etter at lengstetida i introduksjonsordninga er nådd. Mange skaffar seg arbeid i tillegg til stønad frå Lånekassa. NAV kjem tidlegare inn i samarbeid rundt enkeltdeltakarar noko som kan lette overgangen.
- Arbeidsretta løp, korleis legge til rette for det? Dei som har lite eller ingen skulebakgrunn frå heimlandet, vil ha problem med å fullføre eit utdanningsretta løp. For dei må ein utvikle eit lokalt tilpassa løp der målet er arbeid utan eksamen frå grunnskule og vidaregåande skule. Korleis få til samarbeid med aktuelle arbeidgjevarar for slike løp? Nokre kommunar, bl.a. Vestnes vil få rettleiing frå IMDI i høve arbeidsretta løp i 2018.

Vaksenopplæringa:

- Kvalitetssikre at opplæringa i norsk og samfunnskunnskap til alle deltakarar blir individuelt tilrettelagt med bakgrunn i kartlegging av skulebakgrunn frå heimlandet (rett spor) og norsk-kunnskapar (rett nivå). Dette blir ei stor utfordring etter kvart som deltakartalet går ned, og kanskje må ein sjå på mogleg samarbeid med nabokommunar for å få til gode løysingar.
- Tilby grunnskule over 2 år der første året er på førebuande nivå og andre året er 10. klasse med standpunktcharakterar og grunnskuleeksamen tilsvarande 10. klasse i grunnskulen. Det er ei utfordring at mange vil gjere seg ferdige med grunnskule på eitt år, men

det er for kort tid. Dei som har rask progresjon får tilbod om realkompetansevurdering i eit, fleire eller alle 5 faga slik at dei raskare kan søkje seg inn i vidaregåande skule.

- Gi god rettleiing til dei vaksne i høve innsøking til vidaregåande skule og høgare utdanning. Gi hjelp til innsgiving av dokument til NOKUT. Utfordringar i å rettleie deltarane i å gjere kloke val i samsvar med arbeidsmarknadsbehovet i åra framover.
- Bruke systematisk nettbaserte opplæringsprogram i tillegg til tradisjonell undervisning.
- Grunnleggande ferdigheter; lesing, skriving, rekning, munnleg framstilling og digitale ferdigheter som viktig grunnlag for alle, spesielt for dei med låg skulebakgrunn frå før. Utfordring i å byggje tilbod som inneholder grunnleggande ferdigheter og relevante tema i arbeidsliv og dagleidiv for dei skal følgje eit arbeidsretta løp, sjå ovanfor.

6.4 Kva har vi oppnådd i 2017?

Flyktningtenesta:

- Busett 15 flyktningar i samsvar med 2017-kvoten som Vestnes kommune vart tildelt av IMDI, - Kommunestyrevedtaket var på 21. Dei fleste vart busett rundt årsskiftet 2016-2017 i samband med nedlegging av statleg asylmottak 01.12.2016. Dei siste vart busett i august 2017. Totalt busett 60/62 personar.
- I desember 2017 vart Vestnes kommune oppmoda om å ta i mot overføringsflyktningar, og det vart gjennomført medio desember med busetting av 7 personar. Desse personane er registrert på 2018-kvoten som er på 10 personar. Totalt busett 67/69 personar.
- I tillegg har ein busett 3 familiegjenforente i 2017; 1 vaksen og 2 barn. Totalt tatt i mot 16 familiegjenforente og 2 familiegjenforente med familiegjenforent.
- Alle har starta i introduksjonsprogram etter kort tid, i 2017 hadde ein det hittil høgaste tal på flyktningar i introduksjonsprogram med stønad, jf. rekneskapstala.
- 13 har avslutta introduksjonsprogram i 2017. 3 er i arbeid, 5 er i grunnskule (1) eller i vidaregåande skule (4) og 1 er i gang med høgare utdanning.
- Godt samarbeid med private utleigarar av hus/leilegheiter.
- Ordninga med flyktningguidar og frivillige øvingskøyrarar er koordinert av frivilligsentralen
- Gjennomført symjekurs for barn, vaksne og familiær med prosjektmidlar.
- Gjennomført leksehjelp i gruppe for barn og foreldre kvar veke i skuleåret.

Vaksenopplæringa:

- Tilbydd norskopplæring på spor 1 – 3 og på nivå A1 – B1. Alfagruppe ved behov.
- Starta grunnskuleløp for 15 deltarane med mål om avsluttande eksamen våren 2018.
- Gjennomført realkompetansevurdering på grunnskolenivå. Vaksenopplæringa har bygd opp god kompetanse i realkompetansevurdering for vaksne. Ordninga kan m.a. gi personar hurtigløp over i vidaregåande skule.
- Gjennomført prøver i norsk skriftleg med 3 delprøvar og gjennomført munnleg norskprøve lokalt i samarbeid med Rauma kommune. I tillegg er det gjennomført samfunnskunnskapsprøver på morsmål/ norsk og statsborgarprøver (8 stk.).
- Gjennomført 50 timer samfunnskunnskapskurs med deltarane frå ulike nasjonar.
- Tilbydd spesialundervisning etter søknad.

Felles:

- Utvikla samarbeidet med Eining for kultur med sikte på inkludering i lokalsamfunnet.
- Utvikla samarbeidet med Vestnes næringsforum og nav med mål at fleire kjem raskare inn i arbeidslivet.
- Utvikla samarbeidet internt i kommunen og med arbeidslivet i høve praksisordninga.
- 4 busette flyktningar er i gang med høgskuleutdanning.

6.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

- Fokus på å ta vare på fysisk og psykisk helse gjennom rettleiing i kosthald og mosjon/trening. Ein legg òg opp til læring i praksis gjennom matlaging og turar i nærmiljøet.
- Opplæring i seksuell helse i samarbeid med Vestnes Helsestasjon.
- Starta lågterskeltilbod i fysisk aktivitet for innvandrarkvinner i samarbeid med Vestnes Varfjell idrettslag og arrangert symjekurs for barn og vaksne.
- Opplæring gjennom kurset «Foreldre i Norge».
- Krisesenteret har hatt opplæring om vald i nære relasjoner til alle elevar og tilsette i EKI.

6.6 Økonomisk resultat 2017

Alle tal i 1000 kr	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017			Budsjett 2017	Avvik i kroner	2017 og i %
		Utgifter	Inntekter	Netto			
Voksenopplæring	176	4 585	2 782	1 803	1 156	647	56,0
Busette flyktninger	8 201	12 398	3 488	8 910	8 257	653	7,9
Sum	8 377	16 983	6 270	10 713	9 413	1 300	13,8

- Det er eit meirforbruk på 1,3 mill. kr.
- Vi har fått 14,2 mill. kr i integreringstilskott, 1,5 mill. kr meir enn budsjettert. Dette grunna fleire buseettingar i slutten av året. Vi må sjå dette opp mot meirforbruket på eininga. I 2017 hadde vi det høgaste tal deltagarar i introduksjonsordning i Vestnes kommune så langt. Det var budsjettert med 3,6 mill. kr til introduksjonsstønad mens utgiftene vart 5,8 mill. kr
- Statstilskott til voksenopplæring er redusert frå 5,7 mill. kr i 2016 til 2,2 mill. kr i 2017. Dette grunna at asylmottaket er lagt ned.
- Alle utgifter til gruppa busette flyktninger er ført på 3218; utgifter til etablering ved buseetting av flyktninger, til introduksjonsstønad samt helsestasjonsteneste, barneverneneste, tolketeneste, utbetaling via nav, samt differanse i husleigeutgifter og -inntekter via Eining for eigedomsdrift.
- I tillegg vart det overført 1,2 mill kr til Helland skule for grunnskuleopplæring til barn, av det fekk ein 0,4 mill kr i statsrefusjon. Utgifter til barnevernstiltak blir dekt av staten.
- Alle utgifter til Voksenopplæring er ført på 2701; opplæring i norsk og samfunnuskunnskap, grunnskuleopplæring for vaksne, spesialundervisning for vaksne samt utgifter til opplæring i introduksjonsprogrammet for busette flyktninger. Elles gir Voksenopplæringa tilbod til alle innvandrarar som bur i Vestnes kommune.

Utvikling 2012 - 2017

Driftseining	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Endring 2012 - 2017	
							sum	i %
Voksenopplæring	603	-638	128	-330	176	1 803	1 200	199,0
Busette flyktninger	0	717	3 856	5 539	8 201	8 910	8 910	
SUM	603	79	3 984	5 209	8 377	10 713	10 110	

- Kommunal andel på voksenopplæring er større enn tidlegare og vil bli det i åra som kjem.

6.7 Einingsleiar sine tiltak for å halde budsjettet

Einingsleiar Helene Brendeløkken:

- Følgjer med på månadleg forbruk og tilpassar drifta til budsjettet så langt det er mogleg utan at det går ut over lovpålagte oppgåver.
- Ser til at staten overfører tilskot i samsvar med avtalane mellom kommune og stat med fokus på individnivå. Søkje om særskilte tilskot der det er aktuelt.



Mange av dei busette flyktingane har teke førarkort,
m.a. som eit resultat av «Habil»
Foto: Karianne Bergset Austnes

Kap 7 Kultur og fritid

7.1 Oversikt over sektoren

Følgjande tenester vert omhandla i dette kapittelet:
Vestnes Kulturskule, allment kulturarbeid i sentraladministrasjonen, frivilligsentralen og biblioteket.

Teneste	Tal Årsverk 2016	Tal Årsverk 2017	Ev. merknader
Kulturskulen	8,73	9,69	0,58 % er prosjektstilling, 0,20 er kjøp frå operaen i Kristiansund
Sentraladm.	0,6	0,6	Kulturforvaltning, tilskotsforvaltning, idrettsanlegg og friluftsliv
Frivilligsentral	1	1	
Biblioteket	1,5	1,7	1,6 årsverk er dekt av faste stillingar, 0,1 årsverk er brukt til ferievikar og tilfeldig vikarbruk.

7.2 Resultatmål – Kultur og fritid

Kultur i sentr.adm (60%)	Heimel	Type sak - resultatmål
Kulturtemaplan: «Idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv, kulturbrygg og kulturminne.»	Statlege retningsliner	Gjennomføre ein årleg, tilfredsstillande temaplanrulleringsprosess for adm.sjefen med vedtak i kommunestyret i desember.
Spelemiddelordning. Idrett og friluftsliv Statleg sikring av friluftsområde	Statlege retningsliner Årsbudsjett / Øk.plan Årsmelding	Utføre og koordinere ordningane tilfredsstillande. Ajourhald av det offentlege idrettsanleggsregisteret i spelemiddelordninga. Forvaltningsplanlegging, samarbeid med off. etatar, frivillige, friluftsråd og idrettsråd
Stadnamnlov, kulturvern, bygdebokarbeid, museum Idrettsanlegg, friluftsliv og folkehelse Tilskotsformidling, prosjektoppfølging	Kulturforvaltning Tilskotsforvaltning Planoppfølging Årsbudsjett / Øk.plan Årsmelding	Møte frivillige lag og organisasjoner av ulike slag rundt om i kommunen. Utføre og koordinere ei tilfredsstillande saksførebuing for adm.sjefen, med tanke på årsbudsjett, økonomiplan og planoppfølging. Planbehandling av ein eigen «Lokal kulturarvplan» i 2018.
Barnrepresentantordninga Koordinator for Vestnes ungdomsråd Tema: Barn og unge	Delegerte oppgåver Statlege og lokale retningsliner	Utøve oppgåva og ansvaret tilfredsstillande med tanke på statlege og lokale retningsliner
TV-Aksjonen, kommunekomiteen	Delegert oppgåve TV-Aksjon i oktober	Tilfredsstillande førebuing og gjennomføring saman med ordførar og Frivilligsentral/frivillige.
Tusenårsstaden/ Nyttårsmarkering 31/12, ved Sjøgata/Kataholmen.	Delegert oppgåve Koordinering og samarbeid. Ordførar/frivillige Vestnes Brannvesen	Tilfredsstillande førebuing og gjennomføring. I samarbeid med Vestnes Brannvesen Leige av Sjøbua / Båtbyggarmuseet Leige av lydanlegg (VVIL)
Kulturpris	Delegert oppgåve Fsk - ordførar	Tilfredsstillande saksførebuing/gjennomføring

Vestnes Kulturskule

Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2017	Resultat 2017	MÅL 2018
Teknologi IKT	Organisering av arbeidet	Bookingsystem for utleige Myra vil komme på plass i samband med ny heimeside	Ikkje gjennomført, men ei forbetring er gjort på det eksisterande i samband med overgang til Office 365	Gå over til elektronisk billettsystem på våre arrangement
Brukarsundersøkning "opplevd kvalitet"	Brukundersøkning - skala 1-6, der 6 er best.	5 eller over på alle område	Ikkje oppnådd ønska resultat. Litt under landssnittet på alle områda	5
Objektiv kvalitet/	Fagtilboda	Startar nye kurs både i teater og kunst hausten 2017	Ikkje gjennomført av økonomiske og praktiske årsakar.	Arrangere sommarskule i teater for å sjekke ut interessa i Vestnes.
	Kulturtilbod for eldre. (kulturell spaserstokk)	Vedlikehalde og vidareutvikle konserttilboda for eldre. Utvikle fleire kulturtilbod for eldre på dagtid.	Ein ny verkstad er under utvikling, og vi har fått utviklingsmidlar til Kulturskule 60 pluss.	Å gjennomføre verkstaden vi har i heile kommunen. Å få 60 pluss til å bli eit varig fagtilbod.
	Verkstader grunnskulen. (kulturelle skulesekk)	Vedlikehalde og selje 5 verkstader	Delvis gjennomført. 3 av 5 har vore ute på turné.	Vi legg ned aktiviteten med verkstader utanfor eigen kommune. Korps i skulen er eit satsingsområde.
	Ny rammeplan "mangfold og fordypning"	Godkjenning av Rammeplan og lokal læreplan i kommunestyret	Gjennomført	Fullføre arbeidet med å lage vår lokale læreplan
	Utarbeide lokale læreplaner	Revidere fagplanane i samsvar med nasjonale føringer	Ikkje gjennomført	Revidere fagplanane i samsvar med nasjonale føringer.
	Vidareutvikle UKM som ei mønstring med høg kvalitet og godt omdømme	Vidareføre UKM verkstad som fast tilbod	Gjennomført. God effekt av UKM verkstad på førehånd	Ny organisering av UKM i samarbeid med ungdomsrådet og eit skulekorps.
	Fagtilboda			Utvikle nytt tilbod for 1. og 2. årssteg Grunnprogram - INTRO
Organisasjon	Andel dagsverk med sjukefråver for heile eininga Kultur og Fritid <ul style="list-style-type: none"> • Eigenmeldt • Legemeldt 	Mål: under 5.	3,9 1,1 2,7	Mål: under 5.
Økonomi	Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%) for heile eininga Kultur og fritid, (med unntak av sentraladmin.)	100	103,4	100



Kirkekonserten 2017 Foto: Anna Ostachowska

Vestnes Folkebibliotek				
Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2017	Resultat 2017	MÅL 2018
Brukarundersøkjing	Brukarundersøking (6 er beste score)	54% deltaking Heilheitsvurdering: 5,4	Utsett til våren 2018	5,5
Objektiv kvalitet/ Produksjon av tenester	Utlån pr innbyggjar	4,1	4,4	4,4
	Besøk pr innbyggjar	3,85	4,75	4,75
	Biblioteket som møteplass	15 arrangement i biblioteket sin regi.	15 arrangement i biblioteket sin regi	15 arrangement i biblioteket sin regi
	Nye brukargrupper	Etablere arbeidsplassbibliotek i bedrift for å nå utanlandske arbeidarar.	Arbeidet med arbeidsplassbibliotek held fram.	Etablere arbeidsplassbibliotek i bedrift for å nå utanlandske arbeidarar.
Strategi	Arbeidsplan for biblioteksjef	Planen skal reviderast jamnleg.	Plan er jamnleg utarbeidd.	Halde fram med å bruke planen som eit verktøy. Opprette barnehagebibliotek. Utarbeide plan for maritim profil for nytt bibliotek.

Vestnes Frivilligsentral				
Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2017	Resultat 2017	MÅL 2018
Strategi	Utarbeide 3-årig strategi for Vestnes Frivilligsentral.	Arbeide for å nå måla satt i strategien for 2014-2016. Utarbeide ny strategi for 2017-2019	Gjennomført	Arbeide for å nå måla satt i strategien for 2017 - 2019
Synleg	Innbyggjarane i Vestnes kjenner til kva sentralen er og aktiviteten/tilboda til sentralen.	Vestnes Frivilligsentral er synleg i lokale media, kommunen sine heimesider og i sosiale media.	Delvis gjennomført.	Frivilligsentralen er synleg i lokale media, kommunen sine heimesider og i sosiale media.
Forankring i frivilligheita	Vestnes Frivilligsentral er ein aktiv støttespelar og kompetansebank for frivilligheita i Vestnes kommune.	Frivilligsentralen oppsøker frivilligheita aktivt, bidreg som koordinator i større prosjekt og tilbyr rettleiing i organisasjonsarbeid, og rettleiing i arbeid med pengesøknader	Delvis gjennomført. Har rettleie, men det har ikkje blitt arrangert kurs. FS bidrog med støtte i arrangementet knytt til opning av Vike friluftsbad og småbåthamn. Sjå også anna aktivitet.	Frivilligsentralen oppsøker frivilligheita og tilbyr støtte og rettleiing i organisasjonsarbeid / prosjekt, og er aktiv på Tilskuddsportalen.no
Objektiv kvalitet/ Produksjon av tenester	Ha gode møteplassar for innbyggjarane i Vestnes med aktivitetane:	1) Oppretthalde ein gong i veka. 2) Arbeide for å inkludere fleire organisasjonar i gjennomføringa. 3) Arrangere 12 turar. 4) Arrangere datakurs for eldre i samarbeid med biblioteket, og andre. 5) Utvide tilbodet på Språkkafeen. 6) Ligg på is til ein eventuelt får til samarbeid med frivillige/org. 7) Arrangere Frivilligdagen 2017	1) Gjennomført, no kjem også fedrar 2) Gjennomført, Vestnes Røde Kors og Gamleskulen 3) Gjennomført ,17 turar. 4) Gjennomført, 2 kurs, 24 deltakarar 5) Gjennomført, handarbeidkveldar med Husflidlaget og bilteorigruppe 6) Avventer 7) Gjennomført med 31 org. Samarb.med sentrumsforeining a 8) Har oppretta Aktivitetsvener for demente. 9) FS har tatt over ansvaret for Habil i samarbeid med MR Røde Kors	1) Oppretthalde ein gong i veka. 2) Oppretthalde ordninga. 3) Arrangere 12 turar. 4) Finne ei løysing som gir oppfølging over tid i samarbeid med andre aktørar 5) Nå ut til flere om tilbodet, arbeidsinnvandrar 6) Avvente, og ta Møteplassen! med inn i planlegginga av nytt bibliotek 7) Arrangere Frivilligdagen 2018 8) Vi har 15 aktivitetsvener i kommunen 9) Oppretthalde tilbodet
	Frivilligsentralen arrangerer temakveld om frivilligheit, eller kurs i styre- og økonomiarbeid for lag og organisasjonar.	1 stk i 2017.	Organisasjonane vart invitert med i arbeidet med inkludering, 27 deltok i møte med forskarane frå LUK og på lansering av rapporten: Frivillighet og kulturliv som	1 stk i 2018.

			integreningsarena i Vestnes kommune.	
	Koordinere turkonkuransen Stikk Ut! i Vestnes kommune.	Koordinere Stikk Ut! 2017, og koordinere fellesturar til dei ulike turmåla i samarbeid med frivilligheita.	Gjennomført. 15 turmål i 2017: 13.565 turar på 1.876 brukarar. Fellesturar med frå 2 til 56 deltakrar.	Koordinere Stikk Ut! 2018, og koordinere fellesturar til dei ulike turmåla i samarbeid med frivilligheita.
	Drifte og vedlikehalde Utstyrssentralen.	Drifte utstyrssentralen 2017, søke samarbeid med andre.	Gjennomført drift, ikkje etablert samarbeid.	Drifte utstyrssentralen 2018, etablere samarbeid med andre om vedlikehaldet.
Organisasjon	Det har vore tilsett dagleg leiar i 100% stilling. Styret har hatt 3 styremøter i tillegg til årsmøte. Vestnes kommune er eigar av sentralen.	Arbeide for auka midlar i form av ekstern prosjektstøtte til ulike aktivitetar.	Fekk støtte til rapport om integrering frå fylkeskommunen.	Arbeide for auka midlar i form av ekstern prosjektstøtte til ulike aktivitetar.

7.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

Kultur i sentraladministrasjonen:

- Stillingsarbeidet i sentraladministrasjonen femnar vidt ved at ein både har fagleg kontakt med «Kultureininga» og samstundes har tett kontakt med økonomiavdeling, planavdeling, tekniske tenester og eining for eigedomsdrift. Arbeidet med «Almen kultur» er likevel oversiktleg og resultatretta.
- Å vere koordinator for ungdomsrådet og ivareta barnerepresentantordninga er delegerte tilleggsoppgåver. Det same er gjeld årleg arbeid med TV-Aksjonen, kulturprisen, næringsprisen og nyttårsmarkeringa.
- For året som er gått (2017), er ein minst nøgd med framhaldande ressursmangel knytt til sluttføring av bygdebokarbeidet “Gard og Slekt.” Der historisk interessante, viktige og sentrale gardar/krinsar endå manglar.
- Stillingsinnehavar går av med alderspensjon sommaren 2018.

Vestnes Kulturskule:

- Lokala held ikkje mål. Dette gjer at det er ein tung skule å drive, med mange praktiske utfordringar som slit på personalet.
- Den nye rammeplanen stiller krav til meir storgruppeundervisning, og meir samspel, noko som vanskeleg lar seg gjennomføre i dei lokale vi er i no.
- Økonomi gjer det uråd å få etablert dei fagtilboda vi manglar, som teater og kunstfag.

Vestnes Frivilligsentral:

- Vestnes Frivilligsentral skal vere ein aktiv støttespelar og kompetansebank for frivilligheita i Vestnes kommune. Frivilligsentralen må gjennom samarbeidsprosjekt og tilbod om rettleiing bli meir aktuell og synleg for frivilligheita i kommunen. Vi må arbeide for eit styrka samarbeid mellom kommunen, sentralen og det frivillige arbeidet elles. Frivilligsentralen ønskjer stadig å styrke rolla si som rettleiar og støttespelar for lag og organisasjonar sitt arbeid med å utvikle prosjekt/aktivitet, og få økonomisk støtte til dette.
- Når nytt helse- og velferdssenter står klart vil Frivilligsentralen få kontorplass ved sida av biblioteket, mykje aktivitet skal framleis vere i Gamleskulen. Ei meir tilgjengeleg kontorplassering vil bidra til at Frivilligsentralen vert meir synleg og tilgjengeleg for

innbyggjarane. Dette vil også gje moglegheit for tettare samarbeid med biblioteket og andre for å skape dei gode møteplassane, i tillegg gir ny kontorplassering eit fast kollegium for dagleg leiar.

- Det er ikkje alle ønskjer og behov frivilligsentralen kan møte, sjølv om mange frivillige er involvert vert det ei naturleg avgrensing av arbeidet sidan det berre er eit stilling ved sentralen. For 2018 vil det vere fokus på å oppretthalde god kvalitet i dei aktivitetane ein har, framfor etablering av nye. Det vil også bli prioritert å arbeide med tiltak foreslått i rapporten for betra integrering.

Vestnes folkebibliotek:

- Biblioteket skal i tilbodet sitt til born og vaksne leggje vekt på kvalitet, mangfald og aktualitet og eit lavterskelttilbod til innbyggjarar både i og utanfor kommunen.
- Vi ønskjer at det nye biblioteket som skal byggjast skal ha maritim profil for å bygge opp under kommunens identitet som båtbyggarkommune og for å vere ein læringsarena som kan bidra til auka interesse blant ungdom for maritim verksamhet.
- Auka arbeidsmengd som følgje av nye arbeidsoppgåver og høgare aktivitet ved biblioteket (besøket har fordobra seg dei siste 9 åra) gjer behovet for auka årsverk stadig større. Behovet er på minst 0,3 årsverk til.

7.4 Kva har vi oppnådd i 2017?

Kultur i sentraladministrasjonen

- Arbeidet med almen kultur, idrett og friluftsliv i sentraladministrasjonen har innfridd dei oppgåveretta resultatlåta i 2017. Sjå resultatlåtfomuleringer for 2018.
- Kommunesak med adressering og vegnamn er fullført og planarbeidet med ein «lokal kulturarvplan» kom i gang i 2017.
- Kunstgrasbana ved Fiksdal Oppvekstsenter fekk siste tilskotstildeling.
- Inngått partnarskapsavtale (kommune/lag) som sikrar vidare drift ved Ørskogfjell Skisenter 2017.
- Rehabilitering av Tomrefjord Idrettsbygg vart førehandsgodkjend i tilskotsordninga.
- Kulturygget Bygdaheim i Fiksdal, fekk siste tilskotstildeling i 2017.
- Det vart sikra partnarskap om kunstgrasbaner ved Vestnes Idrettspark i 2017.
- Det vart førehandsgodkjend nye rundløyper / skiløyper på Tomrefjellet.
- Ny aktivitetsflate ved Vike Friskule vart førehandsgodkjend i tilskotsordninga.
- Vi er nøgde med satsing på friluftsliv i kommunen. I 2017 kom ein endå eit steg vidare med to nye turvegprosjekt. (Skorgen/Kjelbotnbakkan samt Rypdal/Øvstedal) som begge er planlagt opprusta og ferdig i 2018.
- Når det gjeld «Stikk Ut» har Frivilligsentralen overtatt koordineringsoppgåvene til tidligare folkehelsekoordinator. Stikk Ut er ei suksesshistorie, men byr også på utfordringar med behov for god dialog med grunneigarar .

Kulturskulen

- Ny logo! Etter konkurranse var det LH print design som gjekk av med sigeren.



- Vi fekk heilt ny slagverkspark

Lansering ny logo
Foto: Britt Elise Skram

gjennom investeringsbudsjettet.

- Det føreligg planar om felles rekrutteringsprosjekt for alle skulekorpsa i 2018.
- To av elevane våre i fordjuping, messing gjekk vidare til den nasjonale finalen i Ungdomens Musikkmeisterskap.
- Det vart inngått avtale mellom kulturskulen og idrettslaga på Vestnes og Helland om skjerming av ny øvingstid for skulekorpsa, for å sikre at det er mogleg for borna å delta i begge aktivitetane. Avtalen er gjeldande frå hausten 2018.
- Avtale inngått om korps i skulen som prøveprosjekt ved Vike Montesorriskule, i samarbeid med Daugstad/Vike skulekorps
- Vi har planar om meir samspel på tvers av faga, gjennomføring i starten av 2018.

Vestnes Frivilligsentral

Vestnes Frivilligsentral har i hovudsak nådd sine mål for 2017, og etablert to nye aktivitetar. Vi vil trekke fram nokre ekstra gode resultat:

- **Aktivitetsvenn for demente** kom i gang ved signering av avtale mellom kommune og frivilligsentralen i 2017. Det var gjennomført kurs for frivillige, og fem aktivitetsvenner har blitt kopla med ein person med demens, både heimebuande og nokre på institusjon. Vi er nøgd med å ha fått ei gruppe godt i gang, då dette er nytt for alle partar. Evaluering etter eit halvt år tilsei at dette er eit godt prosjekt. Dei demente får opprettheldt sine aktivitetar, opplever meistring, glede og vennskap gjennom aktivitet. Dei frivillige sei dei også har stor glede av å vere aktivitetsvenn. Dei går tur ilag og er på kafé- og heimebesøk, og det er mykje god prat.



Foto: Karianne Berget Austnes



- **Habil**: er eit tilbod for alle som treng nokon å øvingkjøring med, men som av ulike orsakar ikkje har det i sitt nettverk. Frivilligsentralen overtok ordning frå flyktningtenesta i 2017, og samarbeider med Rød Kors Møre og Romsdal om ordninga. Frivilligsentralen koordinerer, arrangerer treff og gjer koplingar mellom frivillig og deltakar. Røde Kors har ansvaret for bilen som vi har annakvar månad. 10 frivillige er no med i ordninga. På Språkkafeen er det oppretta ei eiga gruppe som praktiserer norsk gjennom bilteori.

Foto: Karianne Berget Austnes

- Turregistreringa **Stikk UT!** vart vidareført i 2017. I Vestnes kommune er det gått 13.565 turar av 1.876 brukarar. Frivilligsentralen har koordinert arbeidet, og organisasjonar og enkeltpersonar har lagt ned ein stor innsats i å lage gode turorskildringar og i merking av turløyper. Nytt i 2017 var fellesturar og det vert rapportert om nye turvennskap og historier om betra fysisk – og psykisk helse.



Foto: Karianne Bergset Austnes

- Rapporten: ***Frivillighet og kulturliv som integreringsarena i Vestnes kommune***, vart overlevert til sommaren 2017. Frivilligcentralen har bruk mykje tid i prosjektet, og tilrettelagt for intervju og datainnsamling for forskarane. Lag og organisasjonar har vore med i arbeidet og deltok på lansering av rapporten. Rapporten gir mange konkrete forslag til tak for å betre integreringa, dette vert det arbeidd vidare med i 2018.
- Frivilligdagen 2017 – Fole kjekt i Vestnes, vart arrangert i september med 31 frivillige lag og organisasjonar. Arrangementet var svært godt besøkt.

Vestnes folkebibliotek

- Vi hadde ein auke i utlånet på 6,5 % i 2017. Utlånstalet på landsbasis går ned. Besøkstalet vårt auka med 21%. Det vil seie at besøkstalet er dobbelt så høgt som for 9 år sidan.
- Vi hadde 15 arrangement med ulike tema og for ulike målgrupper. «Snakkbart»-konseptet er blitt populært og fungerer slik intensjonen var. Vi har også utvikla ei ny foredragspakke vi har kalla «BibVit», der tema er vitskap i brei forstand.
- Biblioteksjef hadde det faglege ansvar for datakurs, arrangert i samarbeid med Vestnes seniorakademi og Frivilligcentralen. Det vart halde ein kursbolk på 5 kursøkter.
- Vi mottok kr 200 000,- i prosjektmidlar frå Kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylke for å planlegge maritimt bibliotek.



Foto: Vigdis Ødegård



7.5 Tiltak for å fremme

folkehelsa

Kultur i sentraladministrasjonen

Stillinga i sentraladministrasjonen deltek i faglege møte med kulturskulen, folkebiblioteket og frivilligsentralen og har felles kultursektor-årsmelding med desse. Mellom anna for å synleggjere at kultursektoren bidreg aktivt i kommunen sitt totale folkehelsearbeid. Eit fast kultursektorsamkome gjennom året, kan gi både inspirasjon og resultat. Ulike idrettsanleggspartnarskap og andre samarbeidsprosjekt som gjennomføring av frivilligdagen kan tene som døme. Ein er framhaldande nøgd med satsing på friluftsliv i kommunen. I 2017 kom ein endå eit steg vidare med to nye turvegprosjekt.

(Skorgen/Kjelbotnbakkan samt Rypdal/Øvstedal) som begge skal realiserast i 2018. Når det gjeld «Stikk Ut» har Frivilligsentralen overtatt koordineringsoppgåvene til tidligare folkehelsekoordinator . I 2017 vart det førehandsgodkjend nye rundløyper/skiløyper på Tomrefjellet samt ei ny aktivitetsflate (nærmiljøanlegg) ved Vike Friskule.



Frå danseforestillinga 2017


Foto: Sergey Podoprygora

Kulturskulen

- Det er naturleg å trekke fram dei fysiske tilboda som særskilt helsefremmande. For kulturskulen er dette dans og aktivitetar i bassenget.
- Forsking viser at alle som konsumerer kultur i ei eller anna form opplever betre helse, er meir tilfreds med livet sitt, og er mindre plaga av angst og depresjon, samanlikna med folk som ikkje er så opptatt av kultur. Med dette som utgangspunkt må ein kunne sei at all aktivitet som kulturskulen driv med, er helsefremmande.
- Vi har songstund i fleire eldreinstitusjonar kvar veke.
- Vi sel dirigent-tenester til lokale lag og organisasjonar, som igjen driv viktige helsefremmande aktivitetar (Korps-spelemannslag)
- Vi fekk i 2017 utviklingsmidlar for å kunne starte arbeidet med **Kulturskule 60 PLUSS**, med aktivitetar på dagtid for seniorar

Vestnes Frivilligsentral

I samarbeid med NAV Vestnes vart det i 2015 oppretta Utstyrssentral på Frivilligsentralen. Utstyrssentralen låner ut gratis utstyr til alle, det bidreg til at fleire får tilgang på utstyr for deltaking i fritidsaktivitetar og friluftsliv. Ved skidagar på skulane er alt utstyr utlånt, utlånt. Frivilligsentralen administrerer utlånet. I tillegg har Frivilligsentralen friluftsutstyr som lag og organisasjonar kan låne gratis. Vestnes kommune har også Turregistreringa StikkUT! Desse tiltaka ilag med Frivilligsentralen sine gåtarar stimulerer til meir fysisk aktivitet og ei betra folkehelse. Aktivitetsvenn for demente bidreg også til betra folkehelse, både for den med sjukdomen og for aktivitetsvennen.



Utstyrssentralen

Foto: Karianne Bergset Austnes

Det er også mykje god folkehelse i ein sterkt frivillig sektor. Kultur og frivilligheit står sentralt i det norske samfunnet, og fungerer som eit sosialt lim som bidreg til å styrke samhaldet mellom folk og tettleiken av sosiale nettverk. Deltaking i kultur, idrett og anna frivilligheit er ei viktig kjelde til å finne identitet og kjensla av å høyre til. Kultur og frivilligheit har ein verdi i seg sjølv, men er også ein dør opnar til deltaking i lokalsamfunnet, og vert slik eit viktig arena for å skape trivsel og kjensla av å høyre til. Deltaking hindrar utanforsk, skapar trivsel og engasjement. Slike gode møteplassar gir god folkehelse. Frivilligsentralen hadde i 2017 mellom anna møteplassar for frivilligheita (Frivilligdagen, temakveld), integrering (Språkkafeen, Habil, Friluftsdagen), for foreldre i permisjon (Full Rulle) og for eldre (Kulturafeen).

Vestnes folkebibliotek

Vi er eit «Bok til alle-bibliotek», som vil seie at vi rekrutterer leseombod. Vi har også eiga hylle med bøker som er særskilt tilrettelagt for dei som av ulike grunnar har vanskar med å tilegne seg tekst.

For dei som er nye i landet, og også «innfødde», er vi ein møteplass og arena for sosialt fellesskap.

«Snakkbart»-foredragene våre har fysisk og psykisk helse som tema.

7.6 KOSTRA-tal på området

Nokre KOSTRA tal	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
Kultursektoren, samla							
Nto dr. utgift kultur pr. innbyggjar	<u>1 753</u>	<u>1 829</u>	<u>2 218</u>	<u>1 938</u>	<u>1 413</u>	<u>2 011</u>	<u>1 013</u>
Kulturskule							
Nto. Utg. kulturskule, pr innb	699	398	273	432	314	328	390
Nto utg kulturskule, pr innb 6 - 15 år	6 117	3 240	2 267	3 534	2 516	2 800	2 984
Andel elevar i kulturskule, pr. innb. 6 - 15 år	36,6	20,8	13,3	17,9	13,1	22,9	14,8
Kultur (pr. innbyggjar)							
- idrettsbygg	332	411	510	488	81	576	130
- kulturbrygg	243	210	265	416	111	247	0
- idrett m.m.	35	147	206	40	271	102	75
- aktivitetstilbud, barn og unge	6	68	203	48	1	37	6
- museer	37	61	84	15	0	73	89
- andre kulturaktiviteter	175	193	303	267	251	316	118
Kyrkje							
Nto utg. kyrkje pr innbyggar	677	667	612	722	671	454	516
Sysselsette pr. 1000 innb.	1,2	1,3	0,9	1,3	1,7	0,4	1,0
Medl. i Dnk i % av innbyggjarar	83,0	79,8	73,6	84,1	76,8	77,4	83,4
Døpte i prosent av antall fødte	78,4	70,5	58,5	85,7	68,5	61,2	95,1
Konfirmerte i % av 15-åringar	88,6	76,3	60,7	93,5	65,6	64,1	71,5
Gudstenester pr. 1000 innbyggjar	15,7	13,8	12,1	19,3	16,7	10,7	8,5
Konserter og kult. ar. pr 1000 innb.	2,9	2,9	2,8	1,3	3,9	2,2	1,6
Kirkeofring pr. medlem	131	90	89	52	94	99	46
Bibliotek							
Nto. Driftsutgift pr. innbyggjar	226	253	282	189	300	218	183

- Vestnes bruker litt mindre enn fylkesgjennomsnitt på kultursektoren, men mykje mindre enn landsgjennomsnitt.
- Det er kulturskulen som er høgt prioritert i Vestnes. Her bruker vi mykje meir enn både fylkes og landsgjennomsnitt, likadan nabokommunane våre.
- Det gjev seg også utslag i at ein langt større andel av barna i kommunen får tilbod i kulturskulen. Dette er svært positivt.
- På dei fleste andre områder innan kultursektoren bruker vi mindre enn fylkes- og landsgjennomsnitt.
- På kyrkjesektoren bruker vi om lag som gjennomsnitt, det same gjeld bibliotek.

Utvikling 2012 - 2017

KOSTRA tal							Endring i %
- utvikling siste 7 år	2012	2013	2014	2015	2016	2017	12 - 17
Nto. Utg. kultur pr. innbyggjar	1419	1309	1590	1555	1722	1753	23,5
Nto. utg. kulturskule, pr. innb	539	554	652	569	683	699	29,7
Nto. utg. bibliotek pr. innbyggjar	184	170	215	194	197	226	22,8
Nto. utg. kyrkje pr. innbyggjar	516	564	502	610	645	677	31,2
Nto utg. kulturskule, pr innb 6 - 15 år	4 487	4 793	5 647	4831	5834	6117	36,3
Andel elevar i kulturskule, pr. innb. 6 - 15 år	31,8	33,4	37,6	37,4	36,8	36,6	15,1
<u>Bibliotek</u>							
Utlån pr. innbyggjar	4,4	3,8	3,4	3,3	4,2	4,4	0,0
Besøk pr. innbyggjar	3,3	3,3	3,7	3,5	3,9	4,75	43,9
Totale utlån	29 136	24 900	22 828	23 147	27 309	28 939	-0,7
Totale besøkstal	21 906	21 813	24 607	23 178	25 804	31 259	42,7

- Utgiftene til kulturtiltak har auka med 23,5 % i perioden. Det er kulturskulen og kyrkjesektoren som har auka mest.
- Andelen elevar i kulturskulen har heldt seg høg i heile perioden.
- Utlån frå bibliotek gjekk mykje ned fram til 2014, men svært positiv utvikling siste 3 åra. Også besøkstal og utlån har auka.

7.7 Økonomisk resultat 2016

Driftseining	Rekneskap	Rekneskap 2017			Budsjett	Avvik	2017 og i %
	2016	Utgifter	Inntekter	Netto	2017	i kroner	
Kultur	2 120	4 441	2 101	2 340	2 844	-504	-17,7
Kulturskulen	4 776	8 225	3 293	4 932	4 539	393	8,7
Bibliotek	1245	1603	155	1 448	1 470	-22	-1,5
Frivillighetssentral	564	969	235	734	872	-138	-15,8
Kyrkjelege føremål	4 441	4764	0	4 764	4 700	64	1,4
Sum	13 146	20 002	5 784	14 218	14 425	-207	-1,4

- Sektoren hadde eit mindreforbruk på kr 207.000,-.
- Det er kultur som har innsparing med vel 0,5 mill. kr. Her er nok på nokre postar budsjettet litt høgt, men det må også nemnast at drift av idrettshallane hadde innsparing på kr 160.000,-.
- Kulturskulen hadde meirforbruk på knapt 0,4 mill. Kr, eller 8,7 %. Dette er for mykje og det vert arbeidd for å tilpasse drifta til budsjettet.

- Utgiftene til frivilligsentralen auka med kr 308.000., frå 2016 til 2017. Dette har samanheng med at statleg tilskott som tidlegare vart gjeve som øyremerka tilskott til frivilligsentralar frå 2017 er innarbeidd i rammeoverføringa til kommunane. Tilskottet i 2016 utgjorde kr 310.000,-.

Utvikling 2012 - 2017

Driftseining	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Endring 2 012 - 2017	
							i kroner	%
Kultur	2 649	1 889	1 949	1960	2 120	2 340	-309	-11,7
Kulturskulen	4 281	4 244	4 760	4740	4 773	4 932	651	15,2
Bibliotek	1 145	1 105	1 292	1277	1245	1448	303	26,5
Frivillighetssentral	342	178	480	406	564	734	392	114,6
Kyrklege føremål	3 736	3 971	3 617	4290	4441	4764	1 028	27,5
	12 153	11 387	12 098	12 673	13 143	14 218	2 065	17,0

- Bibliotek auka frå 2016 til 2017, grunna at dei fekk auka stillingsressursen med 0,2 årsverk frå 2017.
- Årsak til den store auken i utgiftene på frivilligsentralen som, som nemnt ovanfor, omlegging i føring av statstilskott.

Tilskott til kyrklege føremål er auka i takt med løns- og prisauke i perioden.

7.8 Einingsleiar sine tiltak for å halde budsjettet

Einingsleiar Hege Haugen:

Kulturskulen er på eit punkt der det blir vurdert å kutte i fagtilbod for å halde budsjettet.

Stillingane kan effektiviserast ved å ta inn fleire elevar i grupper, og tilby mindre enkeltundervisning. Dette vil gje meirinntekt.

Resultatet av søknadsmassen for hausten 2018 vil avgjere korleis vi vel å handtere dette.

Vi reduserer frå hausten 2018 i antalet verkstader for grunnskular utanfor eigen kommune.

Kap 8 Helse, omsorg og velferd

8.1 Oversikt over sektoren

Kapittelet omhandlar einingane Heimetenestene, Vestnes sjukeheim, Tresfjord trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet, Legesenter og NAV kommune.

Teneste/ansvar	Årsverk 2017	Årsverk 2018	Ev. merknad
Heimesjukepleie	30,5	36,8	Auka turnusressurs 3,5 årv. Inklusiv einingsleiar og avdelingsleiar
Rehabilitering, fysioterapi, ergoterapi, fotterapi, psyk.helse, praktisk bistand, heimehjelp, støttekont, omsorgsløn, Dagtilbod til heimebuande, heimevaktm, tryggleiksalarm	13,7	11,6	
Tresfjord trygdeheim	22,5	22,5	Inkl. reinhald(byrå)
Sentralkjøkken	7,7	7,7	
Vestnes sjukeheim	44,8	45,7	Inkl. einingsleiar og merkantil. Full drift korttidsavd
Mariebo	9,6	9,9	
Oppigarden	9,7	9,7	
Igartun	14,9	14,9	Inkl. einingsleiar,merkantil,reinhald Full drift i institusjonen
Vestnes legesenter	7,5	7,5	
NAV kommune	4,6	3,8	Reduksjon grunna avslutta prosjekt

8.2 Resultatmål – Helse, omsorg og velferd

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2017	Resultat 2017	MÅL 2018
Teknologi/IKT	<ul style="list-style-type: none">Ferdigstilling av Arbeidslister på CosDoc i Heimetenesta.Oppgradere informasjon om tenestene på kommunens heimesideTa i bruk CosDoc + (Nettbrett) i heimetenesta.Gjennomføre nye statlege krav i IPLOS som ;<ul style="list-style-type: none">- Legemiddelgjennomgang- Ernæringsstatus / planUtprøving av digital medisindispenser (i tråd med Velferdsteknologiprosjekt)Felles kartleggingsverktøy / rutinar for heilheitleg pasientforløp (Læringsnettverk)Implementere og ta i bruk Palliativ planUtskifting av analoge trygghetsalarmar til digitale	X	X	X
Brukarar	Brukarundersøking (partalsår)-skala 1-6, der 6 er best.			X X

“opplevd kvalitet”	Vestnes sjukeheim og Hellandtunet (Pårørande)			5,1
	<ul style="list-style-type: none"> • Grad av tilfredsheit med legetilsyn utfrå behov • Grad av tilfredsheit i høve tilbod i institusjon 			5
	Heimetenestene: Brukarundersøking			5,4
	<ul style="list-style-type: none"> • I kva grad tilsette har kjennskap til kva oppgåver dei skal utføre hos brukar • I kva grad brukar får medisin til rett tid. 			5,4
	Legetenesta – brukarundersøkjing – totalresult			90%
	<ul style="list-style-type: none"> • Andel som meiner at time/reseptbestilling på sms fungerer godt • Andel som er fornøgde med generell tilgjenge • Andel som er fornøgde med tlf. tilgjenge 			90%
	NAV – eiga brukarundersøkjing			90%
	<ul style="list-style-type: none"> • Eg får den hjelp eg treng frå NAV-kontoret (skala frå 1–6, der 6 er best) 	5,0	5,5	5,5
Teneste “objektiv kvalitet”	Institusjonane: <ul style="list-style-type: none"> • Andel bebuarar med kartlagt ernæringsstatus: Dekningsgrad institusjon: <ul style="list-style-type: none"> • Tresfjord trygdeheim • Vestnes sjukeheim • Oppigarden • Ivartun • Mariebo Heimetenestene: Bruk av direkte “ansikt-til-ansikt-tid” Bruk av Logistikk prosjekt for å forbedre tenesta-	98 % 98 % 98 % 95 % 95 %	95,8 99,7 88,6 91,9 99,8	98% 98% 95% 95% 98%
	Legetenesta: <ul style="list-style-type: none"> • Tal på SMS kontakter gj.snitt/dag • Hjerte- og karsykdom (antall/1000) • Røyking kvinner (gravide) i % NAV: Andel arbeidssøkjarar / personar med nedsatt arbeidsevne med oppfølging siste 3 månadar	90 14,0 9,0	90 15,8(ny) 9,4	90 14,0 8,0
Organisasjon	Andel (%) dagsverk med sjukefråver Hellandtunet: Sjukemeldt:	10,0	12,1	10,0
	Sjukeheim/Trygdeheim/sentralkjøkken: Sjukemeldt:	10,0	10,6	10,0
	Heimetenestene: Sjukemeldt:	9,5	9,6	9,0
	Legetenesta: Sjukemeldt:	3,3	2,7	2,0
	NAV: Totalt sjukefråver (kommunalt tilsette):	6,3	11,8	6,3
Økonomi	<u>Omfang av overtid i eininga (i tusen kr)</u>			

	<ul style="list-style-type: none"> • Heimetenestene • Sjukeheim/trygdeheim • Hellandtunet <p><u>Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Heimetenestene • Sjukeheim/trygdeheim • Hellandtunet • NAV • Helsetenester 	600 600 250	677 1 332 234	
--	---	-------------------	---------------------	--

8.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

Felles/Vestnes sjukeheim, Tresfjord Trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet og Heimetenestene:

Tenestetilbodet

I tråd med nasjonale føringer og kommunen sine visjonar har vi i større grad satsa på korttidsplassar i institusjon. Dette gir stor utskifting av pasientar.

- Auka tilbod om avlastning/ rulleringsopphald. Avlastar pårørande som står i ein krevjande omsorgssituasjon, og ein kan halde brukarane i eigen heim lengre.
- Vidareutvikle dagtilbod innanfor økonomisk ramme. Skape meiningsfulle opplevelingar og ein aktiv kvardag for den einskilde. Vil også vere del av avlastningstilbod for pårørande.
- Vi får brukarar med meir samansette behov og diagnosekompleksitet i høve tenestetilbodet. Ressurskrevjande brukarar.
- Det er eit aukande behov for oppfølging av yngre brukarar. Pasientgrupper som tidlegare ikkje har vore i vår teneste.
- Ofte har dei som no kjem frå sjukehuset behov for direkte behandling i heimen/eller på institusjon. Medfører auka krav til kompetanse.
- Utfordringane innan rus/psykisk helse er aukande. Også merkbart i Heimetenesta.
- Behov for meir differensiert teneste- og butilbod for yngre vaksne med ulike funksjonshemminger og samansette behov / Omsorgsplan 2020
- Auke tidsbruken i direkte brukarretta tid. Logostikkbehov i heimetenesta. Utvikle metodikk og verktøy. Fortsatt i eit interkommunalt prosjekt.
- Tenestetilbodet totalt sett i kommunen i framtida. Omsorgsplan 2020 . Arbeidet omkring nytt helse- og velferdssenter.
- Behov for digitalisering/velferdsteknologi . Eige arbeid, samt gjennom deltaking i Spredningsprosjektet for Velferdsteknologi i Romsdal (ROR prosjekt).
- Samordningsbehov for ulikt kartleggingsverktøy opp mot pasientflyt. Mellom sjukhus/ spesialisthelsetenesta og kommune, samt internt mellom ulike aktørar innad i kommunen; «Læringsnettverk for utvikling av gode pasientforløp» (Samarbeidsprosjekt mellom KS og fleire romsdalskommunar).



Elektronisk kommunikasjon

- Mellom kommune, fastlege og spesialisthelsetenesta.
- Etablert system i stadig utvikling.
- Forenklar samhandling.
- Sikrar auka dokumentasjon direkte inn i pasientjournal.
- Kontinuerleg prosess på utvikling / oppdatering av prosedyrar og samordning av rutinar mellom partane.
- Oppdatering / informasjon om endringar må formidlast internt i kommunen.
- Mobilt journalsystem.
- Integrasjon mellom ulike fagsystem/ programvarer i kommunen.

Utfordringar :

- Sikre at informasjon når ut
- Felles forståing mellom partane
- Kontinuerleg systemovervaking, slik at feil vert varsle i tide

Konsekvensar av vidare implementering av samhandlingsreforma

- Krav til auka IT kompetanse til den einskilde arbeidstakar.
- Oppretta interkommunal øyeblikkeleg hjelp døgntilbod (både somatisk og psykisk helse/rus) .
- Psykiatri/rus - krav om nye tenestetilbod i kommunen.
- Samhandlingsarenaer i regi av ROR nettverksgruppe og HF.
- Behov for interkommunalt samarbeid på fleire arenaer.

Kompetanse

- Strategisk kompetanseplan - viktig å sette standard for kva utdanningar kommunen vil ha, og kva kommunen gir støtte til.
- Kompetansebehov aukar, og dette gir behov for bakvakt då avdelingar manglar spesielt høgskuleutdanna.
- Bruke kompetanse rett – spesialkompetanse/høgskuleutdanna personell må nyttast på tvers, ev team for heile kommunen, samt interkommunalt samarbeid .
- Tenestene må vere opne for nye arbeidstidsordningar, og få nytta kompetansen på ein betre måte. Dette vil redusere talet på deltidsstillingar

Rekruttering

- Eigne rekrutteringstiltak, t.d. løn, arbeidstidsordningar.
- Vestnes har inngått rammeavtale i lag med fleire kommunar på Sunnmøre vedkomande bruk av vikarbyrå, når det er naudsynt pga kompetansebehov og krav om forsvarleg drift.

Velferdsteknologi

- bidra til at brukarane vert gitt høve til å meistre eige liv og helse betre, basert på eigne premisser
- implementering av ulik velferdsteknologi i nytt Helse – og velferdssenter
- bidra til at brukarane med behov for helse og omsorgstenester kan bu heime lengre, og dermed utsette tidspunktet dei elles ville måtte flytte på institusjon
- kvalitativ gevinst for brukar og deira pårørande
- auke kompetanse og ressursar
- samarbeidsavtale med ALV (Arena for Læring om Velferdsteknologi)
- ROR samarbeidet, prosjekt og faggrupper (Spredningsprosjekt)
- Generelt informasjonsarbeid

Sentralkjøkkenet :

Har etablert eit HACCP-basert IK-Mat system (Mattilsynet innførte nytt Hygienereglement 01.03.2010). Lovpålagt merking av all mat som vert servert gir utfordringar. Skal kunne gi opp kva maten innehold (nye felles merkeregler i EU og Norge, f.o.m. desember 2014).

Det har i 2017 vore arbeid med å få på plass eit databasert program for m.a. å ivareta dette. Eit arbeid i fellesskap med andre kommunar innan ROR samarbeidet. Programmet MATILDA er no valt .

Prioritering i 2018; Opplæring og implementering.



Foto: Astrid Vik

Vestnes legesenter :

Interkommunal legevakt

Den interkommunale legevakta har vore i drift i 3 år. Ingenting er avklart vedkomande vidare drift etter kommunesamanslåing i 2020 der Ørskog kommune blir slått sammen med Ålesund kommune. Om den interkommunale legevakta for Norddal, Stordal, Vestnes og Ørskog vert lagt ned, kan resultatet bli at legevakta for ettermiddag og kveld vert lagt til Legevakta i Ålesund. Det er viktig at politikarane er på banen for å sikre et så godt akuttmedisinsk tilbod til kommunen sine innbyggjarar som mogleg.

Den nye akuttmedisinforskrifta stiller krav til auka kompetanse til helsepersonellet på legevakt og legekontor. Alle legar og helsesekretærar vil i løpet av våren 2018 gjennomføre eit 22,5 timars kurs i akuttmedisin og seinare eit 7,5 timars kurs i valds- og overgreps handtering. Kravet gjeld frå 1. mai 2018 , som omhandlar kompetanse til lege i vakt, er foreløpig lagt på is til 2020.

Fastlegeordninga

Fastlegeordninga er grunnmuren i primærhelsetenesta og fastlegane har ei viktig koordinerande rolle i forhold til den øvrige kommunale helsetenesta, spesialisthelsetenesta og NAV. Samhandlingsreforma har ikkje berre skapt auka press på pleie- og omsorgstenesta i kommunane, men også på fastlegane.

Krav om betre tilgjengeleight, fastlegen som lågterskeltilbod, meir komplekse utrednings- og behandlings oppgåver og endra/betre informasjonsutveksling, har auka arbeidsmengda til fastlegane.

Nokre kommunar har store utfordringar med å få besett ledige heimlar for fastlege pga. arbeidsmengd og vaktbelastning. Det er derfor viktig at kommunen fortsett med å legge vilkåra til rette for eit velfungerande fastlegetilbod i Vestnes Kommune.

Ungdom med psykisk sjukdom

Det har dei siste åra vore ein tendens til at fleire unge får psykiske lidinger. Spesielt vanskeleg vert det når starten på vaksenlivet blir utfordrande med avbrot i vidaregåande utdanning, økonomiske problem fordi ein ikkje får seg arbeid eller er for sjuk til å arbeide, vanskar med å finne seg bustad m.m. NAV og det kommunale apparatet blir tidleg i livet instansar som dei unge må forhalde seg til. Det er viktig at vi som kommune fangar opp disse ungdommane tidleg og gir dei eit samordna tilbod.

NAV- kommune:

Økonomisk sosialhjelp:

Utgiftene til økonomisk stønad (sosialhjelp) auka og i 2017. I alt 160 personar mottok økonomisk stønad i 2017, og 76 av desse var under 30 år. I desse tala er og busette flyktninger som har motteke støtte i samband med etablering inkludert. Årsakene til auken er samansett, men høve som innstrammingar i statlege ytingar, høg del innvandrarbefolking og relativt høg arbeidsløyse, spelar inn.

Arbeidsløyse:

I 2017 var arbeidsløysa i Vestnes relativt høg og i store delar av året var den høgre enn arbeidsløysa elles i landet og i fylket. Arbeidsløysa i Vestnes er særleg kjenslevar for aktiviteten i verftsindustrien og redusert aktivitet her gir og store ringverknader til underleverandørar og andre. Vi ser at industrien har kortare planleggingshorisontar enn tidlegare tider og er raskare til å permittere ved usikkerheit kring framtidig arbeidsmengde.

Framandspråklege innbyggjarar:

Kommunen har ein betydeleg del framandspråklege innbyggjarar. Dette gjeld både arbeidsinnvandrarar, flyktningar og familiegjenforeinte. NAV- kontoret har stor pågang frå framandspråklege brukarar. På grunn av språkutfordringar er det krevjande å kunne rettleie desse på ein god måte, og det krev mykje ressursar og mykje bruk av tolketerester, samstundes som ein del av desse brukarane slit med å kome inn på arbeidsmarknaden. Dette kan hengje saman både med manglande språkkunnskapar i norsk og lite/ingen formell kompetanse.

Låginntektsfamiliar:

Vestnes kommune har diverre ein stor del born og unge som lever i familiar med vedvarande låg inntekt. Det er framleis noko usikkerheit om nedlegginga av asylmottaket vil redusere talet på born og unge i låginntektsfamiliarar. NAV Vestnes har sidan 2014 hatt eit prosjekt med finansiering frå Fylkesmannen vedkomande arbeid mot barnefattigdom. Dette prosjektet vart avslutta i 2017 med utarbeiding av ein handlingsplan mot barnefattigdom som blei vedteken i kommunestyret den 22. juni 2017 (sak 55/2017).

Brukarar under 30 år

NAV Vestnes har en stor del brukarar under 30 år som slit med å få innpass i arbeidslivet og/eller varig tilknyting til arbeidslivet. Dette kan skuldast fleire forhold som til dømes fråfall i vidaregåande skule, helseutfordringar eller sosial arv. Desse kan vere aktuelle både for kommunale og statlege ytingar og tiltak. NAV Vestnes vil særleg prioritere brukarar under 30 år i høve oppfølging og arbeidsretta tiltak.

Digitalisering av tenestene

Tenesteytinga innan NAV har endra karakter dei seinare åra. Særleg gjeld dette innan dei statlege tenestene og ytingane. NAV- kontoret er ikkje lenger einaste «førstelinje» i etaten. Ein legg i større grad til rette for at brukarane kan finne informasjon og kommunisere med NAV digitalt eller via våre kontaktsentra på telefon, i staden for å måtte oppsøke NAV-kontoret. Dette frigjer tid og ressursar i NAV- kontora til å følgje betre opp dei brukarane som treng oss mest. Denne utviklinga vil berre fortsette og stadig omfatte fleire tenester, og kommunale.

8.4 Kva har vi oppnådd i 2017?

Felles/Vestnes sjukeheim, Tresfjord Trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet og Heimetenestene:

- Auka kompetanse/Oppfølging gjennom Kompetanseløftet 2020.
- Praksisplass for elevar og studentar innan helsefagarbeidar og sjukepleiarutdanning.
- Praksis og fagprøvearena for lærlingordninga/helsefagarbeidar
- Gjennomført fleire fagprøver (helsefagarbeid) for arbeidstakarar frå ulike einingar.
- Gjennomført fleire vellukka arrangement for tenestemottakarane våre, som fellesturar, basar, sommarfest, juletrefest og ulike underhaldningstilbod.
- Vidareført bruk av E-læring – Legemiddelhandtering (ulike kurs for assistenter, helsefagpersonell og høgskuleutdanna).
- Teke del i nettverksarbeid gjennom ALV i høve velferdsteknologi (prosessarbeid/ behovsfokus).
- Betra dagsentraltilbod til heimebuande demente, gjennom tilskot frå Helsedirektoratet.
- Eininga har delteke aktivt i planlegginga av nytt Helse – og velferdssenter
- Auka fokus på samhandling gjennom arbeid/deltaking av Læringsnettverk for heilheitleg pasientflyt.
- Deltaking i det Nasjonale Spredningsprosjektet for Velferdsteknologi i ROR-kommunane
- Fokus på ernæring gjennom internt innovasjonsprosjekt i Kompetanseløftet 2020.
- Arbeidsmiljøprosjekt Mariebo og Oppigarden, i samarbeid med Arbeidslivsenteret.
- Aktivitetsvenn, felles prosjekt mellom kommunen og Nasjonalforeininga. Tilbod for heimebuande demente.



Sansehagen mellom Oppigarden og
Mariebo
Foto: Unni Eik Vestnes

Vestnes Legesenter

Kurs

Legesenteret gjennomførte hausten 2017, i samarbeid med LHL lokalt og helseføretaket , eit 2 dagars kurs for personar med KOLS og deira pårørande. Kurset var meir enn fullteikna og vart godt mottatt. Vestnes er den første kommunen i fylket som arrangerer et pasientkurs i samarbeid med helseføretaket. Dette synes vi er ei fjær i hatten.

Ny fastlege

Vestnes Kommune tilsette i 2017 ny fastlege i ledig heimel.

Mange kommunar har vanskar med å få søkjavar til ledige fastlegestillingar. Kommunen har fram til nå vore svært heldig takka vere gode arbeidsforhold, et godt samarbeid med kommuneadministrasjonen og ei legevaktordning som er til å leve med.

Tilgjengelighet

Legesenteret har som mål at det skal vere enkelt å komme i kontakt med legesenteret via SMS eller pr. telefon. Det skal vere kort eller inga ventetid og pasienten skal møte sin fastlege. Time- og reseptbestilling på SMS og nett, gjer at telefonen ikkje vert blokkert i same grad som tidlegare.

NAV- kommune:

Marknadsarbeid:

NAV Vestnes har og i 2017 hatt stort fokus på kontakt med bedrifter og næringsliv. Kontakten med lokale og regionale bedrifter er viktig relasjonelt arbeid i høve målsettingar om å få fleire personar ut i arbeid og aktivitet.

Barnefattigdomsprosjekt:

Vi viser til det som er sagt i førre punkt vedkomande andel barn og unge i låginntektsfamiliar. NAV Vestnes starta i 2014 eit prosjekt med spesielt fokus på desse familiene. Dette prosjekt var avslutta i 2017. Handlingsplan mot barnefattigdom dannar grunnlag for vidare arbeid med desse problemstillingane. Samarbeid med andre hjelpeinstansar i kommunen er viktig for å lukkast i arbeidet med den einskilde brukar/familie.

Busette flyktningar:

NAV Vestnes starta i 2015 eit formelt samarbeid med Flyktingtenesta i kommunen i høve busette flyktningar. Arbeidet har særleg hatt fokus på arbeid og aktivitet. Vi har og i 2017 arbeidd i lag med eining for Kvalifisering og integrering for å vidareutvikle samarbeidet og klarleggje korleis NAV kan bidra inn i Introduksjonsprogrammet og auke graden av arbeidsretting av programmet. Vi erfarer at dei busette flyktningane har hatt større behov for sosiale tenester også under introduksjonsprogrammet enn det vi hadde sett føre oss. Dette utfordrar ressurssituasjonen i kontoret noko.

Prosjekt «3 trinnsmodellen»

NAV Vestnes har prosjektleiinga for eit kommunalt prosjekt som har til hensikt å prøve ut ulike tenestemodellar for brukarar med samansette behov og utfordringar, t.d. knytt til rus/psykiatri/buevne. Utprøvinga er knytt til «Bustadsosial handlingsplan for Vestnes kommune» frå 2010. Her er det beskreve korleis ein ser føre seg å yte tenester til brukarar på tre ulike trinn. Prosjektet har vore finansiert med midlar frå Fylkesmannen og vart avslutta pr 31.12.17.

8.5 Tiltak for fremme folkehelsa

Felles/Vestnes sjukeheim, Tresfjord Trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet og Heimetenestene:

- Kommunen har fokus på utvikling av dagsentertilbod. Dette skaper meiningsfulle opplevingar og ein aktiv kvardag.
- Fokus på ernæring og aktivitet.
- Kulturtilbod.
- Risikovurderingar.
- Opplysning/ informasjon via frivillige lag og organisasjonar/brukarorganisasjonar.
- Aktivitetsvenn

Vestnes legesenter

Personalet ved legesenteret har i alt sitt arbeid, ein høg fokus på helsefremmende tiltak.

Gjennom:

- å informere om helsefremjande tiltak retta mot den enkelte. T.d. kosthald og fysisk aktivitet.
- vaksinasjon mot influensa, lungebetennelse.
- å gi råd om gode helsetiltak via informasjonsskjerm og brosjyrar på venterommet.

•

8.6 KOSTRA-tal på området

KOSTRA - sosial, helse, pleie- og omsorg	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
Sosialtenesta							
Nto driftsutgifter pr innbyggjar	1 452	1 712	2 245	1 785	1 157	2 511	1 323
Nto driftsutg sosialtenesta pr innb 20 - 66 år	2 416	2 885	3 721	3 117	1 979	4 165	2 248
Nto utg økonomisk sosialhjelp pr innbyggar 20 - 66 år	1 006	1 001	1 818	665	534	1 185	786
Andel sosialhjelp mottakere i forh. til innb.	2,4		2,6	2,0	1,6	2,0	2,0
Gj. snitt utbet. pr månad	7 490			4 859	9 810	7 412	5 514
Kommunehelse							
Nto. driftsutg pr. innbyggjar	2 868	2 587	2 645	2 733	3 175	2 383	2 457
Lege årsverk pr. 10 000 innbyggjarar	10,0	11,8	11,1	7,9	8,8	11,7	9,8
Fysioterapi årsverk pr 10 000 innb	6,4	8,8	9,5	9,4	6,4	10,0	7,8
Ergoterapeut årsverk pr 10.000 innb	1,5	3,2	4,2	4,0	1,1	4,3	1,0
Gj. Snittleg listelengde legar (korrigert for kommunale timer)	958	1 003	1 174	1 027	1 261	1 103	1 348
Pleie- og omsorg							
Plasser i institusjon i % av innb. over 80 år	24,1	17,7	17,9	22,1	14,4	18,4	19,8
Utg. pr døgn i institusjon	3 170	3 233	3 450	2 746	3 244	3 316	3 034
Brukbar av heimeteneste pr 1000 innb over 80 år	310	352	321	385	371	296	395
Andel innb. over 80 år som bur på institusjon	19,0	13,1	12,6	16,6	10,8	12,7	13,0
Andel i heimetenesta over 80 år med omfattande hjelpebehov	18,3	16,0	13,8	13,7	18,9	12,3	15,2
Andel plasser for personar med demens	16,2	25,2	26,5	33,3	23,7	17,2	20
Andel pl. m/ brukartilpassa einerom og bad/WC	46,5	88,8	86,3	100	100	92,2	98,8
Legetime pr uke pr bebuar sjukeheim	0,39	0,44	0,55	0,43	0,52	0,55	0,65
Fyioterapitimar pr veke pr brukar i sjukeheim	0,07	0,3	0,39	0,31	0,19	0,41	0,23
Arsverk psyk. Sjukepl pr 10.000 innb.	8	4,9	4,8	3,7	6,3	4,5	5,3
Arsverk rehabilitering pr. 10.000 innb.	11,8	11,8	13,3	12,9	10,1	13	11,1

- Utgiftene til sosialtenesta ligg under fylkes- og landsgjennomsnitt.
- Utgiftene til kommunehelsenesta ligg litt over gjennomsnitt.
- Vi har grei legedekning, men dårligare fysioterapeut- og ergoterapeutdekning.
- For pleie- og omsorg er det vanskelegare å samanlikne KOSTRA tal med andre kommunar då vi har unormalt stor PO sektor grunna ansvarsreforma.
- Vi har høg institusjonsdekning, kostnaden pr. plass omlag litt under snittet.
- Det er under snittet legetimar på institusjon og svært lite fysioterapi.
- Andel inst. plassar som har eige bad/WC er låg hos oss. Det er høg andel av innbyggjarane over 80 år som bur på institusjon, det er likevel mange som bruker heimetenestene. Det kan tyde på at ein stor andel av eldre over 80 år får teneste frå kommunen, enten frå heimetenestene eller på institusjon.

Utvikling 2012 - 2017

Nokre KOSTRA tal - sosial, helse, pleie- og omsorg							Endring i % 12 - 17
	2012	2013	2014	2015	2016	2017	
Sosialtenesta							
Nto. driftsutgifter pr innbyggjar	724	1 150	1 298	1 206	1 502	1452	107,5
Nto. driftsutg sosialtenesta pr innb 20 - 66 år	1 196	1 902	2 140	1 994	2 494	2416	108,5
Nto. utg økonomisk sosialhjelp pr innbyggjar 20 - 66 år	293	828	759	666	1 078	1006	267,9
Gj. snitt utbet. pr månad	4 584	5 511	4 673	4 613	5 562	7490	21,3
Kommunehelse							
Nto driftsutg pr innbyggjar	2 003	2 386	2 350	2 330	2 745	2868	37,0
Lege årsverk pr 10 000 innbyggjarar	11,7	12,3	12,1	12,5	12,6	10	7,7
Fysioterapi årsverk. Pr 10 000 innb	7,5	7,6	7,5	6,8	6,4	6,4	-14,7
Pleie- og omsorg							
Plasser i institusjon i % av innb. over 80 år	25,2		27,2	26,4	25,8	24,1	2,4
Brukantar av heimeteneste pr 1000 innb over 80 år	320	304	278	289	324	310	1,3
Andel innb. over 80 år som bur på institusjon	19,2	18,1	20	19,3	19,4	19	1,0
Legetime pr uke pr bebuar sjukeheim	0,29	0,34	0,32	0,41	0,4	0,39	37,9
Fyioterapitimar pr veke pr brukar i sjukeheim	0,19	0,21	0,1	0,05	0,08	0,07	-57,9

- Sosialteneste utgiftene har auka svært mykje i perioden, meir enn dobla.
- Også økonomisk sosial auka mykje. Samla auka desse utgiftene frå 2,5 mill. kr i 2015 til 4,0 mill. kr i 2017. Her er ikkje med økonomisk sosialhjelp til flyktningar.
- I perioden har vi greidd å auke legetimar på institusjon og er no nesten oppe på gjennomsnitt. Men det er no nesten ikkje fysioterapidekning på institusjonane.

8.7 Økonomisk resultat 2017

Alle tal i 1000 kr	Rekneskap		Rekneskap 2017			Budsjett 2017	Avvik 2017	
	2016	Utgifter	Inntekter	Netto			i kroner	og i %
Heimetenestene	37 671	42 287	2 945	39 342	38 787	555	1,4	
Sjukeheim	35 852	42 995	6 771	36 224	36 714	-490	-1,3	
Trygdeheim	15 740	20 715	5 353	15 362	15 693	-331	-2,1	
Sentralkjøkken	-208	10 717	11 239	-522	-413	-109		
Hellandtunet	24 630	31 778	6 473	25 305	25 789	-484	-1,9	
Tildelingskontor	1 026	1 491	62	1 429	1 689	-260	-15,4	
Fellesutgifter PO	356	2 955	478	2 477	1 105	1 372	124,2	
NAV-kommune	8 594	7 436	1 177	6 259	6 061	198	3,3	
Helse- og legetenester	9 590	14 922	4 612	10 310	10 005	305	3,0	
Sum	133 251	175 296	39 110	136 186	135 430	756	0,6	

- Sektoren har eit meirforbruk på kr 756.000,-, eller 0,6 %.
- I budsjettet var det føresett at sektoren skulle spare 1,5 mill. kr. Dette vart budsjettet som ei fingert inntekt på fellesutgiftene, det er årsak til meirforbruk her.
- Institusjonsdrifta hadde ei innsparing på 1,3 mill. kr og dekka opp det meste av innsparingssummen. At dei greidde dette hadde vi først endeleg oversikt over så seint at budsjettet ikkje vart korrigert.
- Heimetenestene hadde meirforbruk på kr 555.000,-, sjølv om dei i løpet av året fekk ei tilleggsløyving på 2,1 mill. kr. Utgiftene i heimetenestene auka med knapt 1,6 mill. kr frå 2016, eller 4,4 %. Reelt auka utgiftene med meir enn dette då 2,5 årsverk var overført frå heimetenestene til BUF.
- I 2017 betalte vi kr 47.000,- for utskrivingsklare pasientar, det tilsvarar 10 døgn. Dette er svært lite og viser at vi stort sett klarer å ta tilbake pasientane etter kvart som dei er utskrivingsklare frå sjukehus.

Utvikling 2012 - 2017

Driftseining	Netto driftsutgifter						Endring sum	12 - 17 i %
	2012	2013	2014	2015	2016	2017		
Heimetenestene	35 773	36 971	35 473	36 222	37 671	39 342	3 569	10,0
Sjukeheim/sentralkj.	29 613	31 962	35 634	34 501	35 644	35 702	6 089	20,6
Trygdeheim	14 306	15 143	15 610	15 138	15 740	15 362	1 056	7,4
Hellandtunet	25 936	25 321	24 466	24 354	24 630	25 305	-631	-2,4
Fellesutgifter PO	10 131	10 609	11 757	1 620	1 381	3 906	-6 225	-61,4
NAV - kommune	6 014	7 803	7 508	7 164	8 594	6 259	245	4,1
Helse og legeenester	8 986	8 918	9 211	9 235	9 590	10 310	1 324	14,7
	130 759	136 727	139 659	128 234	133 250	136 186	5 427	4,2

Medfinansiering av pasientar som får behandling på sjukehus (samhandlingsreforma) starta i 2012 og siste året var i 2014, det er årsak til den store variasjonen i fellesutgiftene i perioden.

Opphaltsdøgn, utnyttingsgrad og kostnad pr. døgn

	Tal inst. plassar	Opphalts-døgn	Utnyttings-grad	Kostnad pr. brukte plass
Vestnes sjukeheim	43	15 113	96,3	865 876
Tresfjord trygdeheim	26	9 294	97,9	618 151
Oppigarden	8	2 816	96,4	949 181
Mariebo	8	2 755	94,3	1 022 927
Igartun	12	3 854	88,0	907 859
	97	33832	95,6	

- Samla var det ein utnyttelsegrad på 96,8, tilsvarande var det 95,6 i 2016.
- Det var 1.162 fleire opphaltsdøgn enn i 2016.

8.8 Einingsleiarane sine tiltak for å halde budsjettet

Hellandtunet v/einingsleiar Hilde Eiken:

- Tett oppfølging til ei kvar tid oppimot avdelingane og ressursbruk.
- Bruken av vikarinntak, ekstrahjelp og overtid.
- Fast regel å bruke rekneskapsrapport kvar mnd, etter lønnskøyring.
- Innkjøp av innentar og utstyr går igjennom einingsleiar, som tek ei vurdering.

Heimetenestene v/einingsleiar Elisabeth Sylte:

- Reduserte vikarinnleige når vi hadde mulighet til det.
- Unngjekk forskyvning av vakter så langt som mulig.
- Avspasering utan vikarinnleige der det var mulig.

Vestnes sjukeheim og Tresfjord Trygdeheim v/einingsleiar Helene Bø:

- Ved korttidsfråvær vert det vurdert om ein kan greie seg utan å ta inn vikar på enkelt vakter. Dette ser eivintn kan vere mogleg i enkelte periodar, men ikkje alltid. Her må ein ta omsyn til både variasjonar i pasientgruppa, og til personalet.
- I periodar har vi òg tatt inn vikar berre for delar av vaktene, då det har vore størst behov.
- For å sikre forsvarleg drift, er det blitt teke inn vikarar med kompetanse, sjølv om det har utløyst forskyvning eller overtid. Dette er sjølv sagt kostbart, men sett i forhold til evt. å skulle leige inn personale frå byrå ser ein fordel av å ha kjente personale på jobb.
- I einskilde høve har einingsleiar gått passive nattevakter, samt hjelpt til i avdelingane når det har vore særleg behov for det. Dette er ikkje optimalt, men er ei nødløysing.
- Personar som bestiller / kjøper inn medikamenter og forbruksvarer er bedt om å vurdere dei ulike produkta mtp pris. Om mogleg, bestiller vi den billigaste varen.
- Større innkjøp vert vurdert nøyne ut i frå behov.
- Personale som tek inn vikarar ved sjukdom etc, vert bedne om å unngå forskyvning, og bruk av overtid i størst mogleg grad.

NAV Vestnes v/NAV-leiar Nils Reiner Eidhammer

- Sikre streng og konsekvent praktisering av lov om sosiale tenester i NAV
- Så langt råd nytte statlege tiltak for å ivareta aktivitetsplikten
- Nyte KVP for kvalifisering og sjølvstendiggjering, særleg av busette flyktningar etter introduksjonsprogrammet
- Fortsette med kompetanseutvikling av de tilsette når det gjelder lovverket og praktisering av dette

Legesenteret v/Gitte Vinther

- Unngjekk å ta inn vikar ved korttids sjukefravær dersom drifta tillot det.
- Avventa innkjøp av inventar fram til nytt legesenter står ferdig.
- Inntekter: minne alle på at dei må huske å ta gebyrtakster.
- Unngå overtid

Kap 9 Bu- og habiliteringstenestene

9.1 Oversikt over sektoren

Bueiningane:

12 samlokaliserte bustader. Staben har koordinerande ansvar for bu-einingane. I tillegg har kvar bu-eining ein person som har tillegg i arbeidsoppgåver. Dei har i variert grad "frikjøpt" tid for å ha ansvar for delar av den daglege drifta.

Bueiningane	Årsverk 2016	Årsverk 2017	Ev. merknader	Tal på tenestemottakarar	
Vestneshaugen	6,2	6,1		6	
Plassen	7,1	7,1		4 -> 3	
Myrateigen	8,48	7,15		4 -> 2	
Skogheim	11,4	11,94		8 -> 7	
Skogvegen/Myratoppen	7,10/2,75	11,37		7	
Solstua	10,17	10,16		7	
Skogly	6,8	6,9		4	
Liaråket	14,32	17,55		6->5	
Bakketun	20,4	19,02		10	
Kariplassen A	42,5	24,14		6	
Kariplassen B		31,10	Inkludert medlevertturnus 12 årsverk	4	
Furulia	7,1	8,73		4	
Avlastning	1,3			3	
BPA/omsorgsløn/st.kont	4,6			2	
Dagsenter Strandbo	11,0				
Adm og leiing	7		økonomi, personaloppfølging, plan og strategi, fagleg samarbeid med personalgruppene, samt felles oppgåver og saksbehandling for heile tenesteområdet.		

Vestnes kommune er framleis ein av landets største vertskommunar etter gjennomføring av HVPU reforma. Pr 31.12.2017 budde 47 vertskommunebebuuarar, i alderen 52 til 94 år att i kommunen, ein reduksjon på 3 frå året før. 11 av desse fekk tenester frå Ivartun, som er sjukeheim for personar med utviklingshemming og organisatorisk lagt under Hellandtunet. Vertskommuneinnbyggjarane vert i større grad ei aldringspregra gruppe.

Vidare var det i 2017 meldt inn til Helsedirektoratet 31 personar over 16 år med diagnosen psykisk utviklingshemming og tenester med heimel i HOL kap3, med Vestnes som heimkommune. Unge med varierande hjelpebehov og andre diagnosar enn utviklingshemming har kome til. Dette utfordrar tenesteytinga med omsyn til fagkompetanse og samarbeid med samfunnet elles.

Bu- og habiliteringstenestene yter tenester til personar over 18 år. I 2017 vart det ytt tenester i ulikt omfang/art til 87 personar. 9 av desse har andre diagnosar enn psykisk utviklingshemming.

I løpet av 2017 er det gitt fast avlastning til to personar i avlastningsbustad. I 2017 var det 9 personar som hadde deltenester frå «inn-på tunet» verksemder.

Det har gjennom 2017 vore fatta eller fornya tvangsvedtak med heimel i HOL kap.9 overfor 17 personar. 3 personar har faste vedtak etter pasient og brukarrettighetslova. Mange personar som får tenester frå Bu- og habiliteringstenestene kjem inn under kategorien ressurskrevjande tenestemottakarar.

9.2 Resultatmål 2017

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2017	Resultat 2017	MÅL 2018
Teknologi/IKT	Vidareføre bruken av elektronisk journalsystem - CosDoc	Alle tilsette må kunne: - opprette/avslutte PRB - registrere tiltak etter kap.9 - avviksregistrering	Kontinuerleg oppdatering av tilsette /ny tilsette	Alle tilsette må kunne: - arbeide i tiltaks- og pleieplan - registrere tiltak etter kap.9 - avviksregistrering
	Opplæring av "superbrukarar" i CosDoc	Gjennomføre ekstra opplæring av 1-2 tilsette i kvar bustad i løpet av 2017	Gjennomført særsiktig opplæring for fagansvarlege i eininga Gjennomført undervisning for enkelte bu-einingar	Vidareføre styrking av bruken i elektronisk pasientjournal-systemet hjå faste tilsette
	Dataparken tilfredsstiller behovet for gode dokumentasjons rutiner, og god nett-tilgang i alle bu-einingar	Investere i fleire datamaskiner ute i bu-einingane, samt oppgradering av nett-tilgang	Har investert i fleire datamaskiner	Dei bu-einingane som framleis har behov for fleire datamaskiner får dette installert, samt at nett-tilgang vert oppgradert
Brukarar - "opplevd kvalitet"	<u>Brukarundersøking Indikatorar:</u> <ul style="list-style-type: none">• Selvbestemmelse• Trivsel• Trygghet• Brukermedvirkning• Respektfull behandling• Informasjon• Helhetsvurdering	Annakvart år Gjennomføre i 2017	Gjennomført i starten av 2018.11 respondentar av 12 yngre tenestemottakarar. Sjå eigen rapport.	

	Koordinator, individuell plan og ansvarsgruppe	100% av tenestemottakarar med vedtak etter hol. kap.9 har koordinator, IP, samt ansvarsgruppe etter lovkrava	Ikkje nådd 100 % målet, men samarbeidsmøter har vore gjennomført i alle saker med tiltak etter kap.9	Halde fram arbeidet mot å nå målet på 100 %
	Vedtak om tenestetilbod	Sikre medverknad og evaluering av tenestevedtaka etter behov og ved fast rutine.	Laga rutine der ein regelmessig går gjennom tenestevetaka.	Alle bu-einingar har på årshjulet minimum eitt ansvarsgruppemøte for kvar tenestemottakar pr. år
	Symjing for bebuarane Aktivisering / opplæring i vatn.	<i>5 bu-einingar opprettheld tilboden</i>	7 bu-einingar nyttar tilboden	Vidareføre tilboden
	Spenningskurset	<i>Vidareføring av tilboden</i>	8 bu-einingar deltok	Vidareføre tilboden
Teneste "objektiv kvalitet"	A-meldingar (bruk av tvang i naudsituasjonar) til fylkesmannen	Implementere rutine for å identifisere tvangsbruk i naudsituasjonar. Sikre forsvarleg og rett saksbehandling <i>Halde fristen for fornying</i>	Har utarbeidd og implementert rutine for A-meldingar Målet vart innfridd	Oppretthalde rutine for å identifisere tvangsbruk i naudsituasjonar. Sikre forsvarleg og rett saksbehandling Halde fokus på fristane i eigne rutine.
	Halde saksbehandlingsfristar for vedtak etter hol kap.9.			Halde fokuset på bruk av tvang og makt
	Refleksjonskort kap.9	<i>Vidareføre bruken av refleksjonskortet i alle bu-einingane</i>	Nedprioritert p.g.a mange nye fokusområde Avvika vart lukka i juni -17	Unngå avvik i varsle systemtilsyn.
	Lukke avvik etter tilsyn fra Fylkesmannen i 2011			
	Alle helga stillingar/vikarar skal gjennomføre kurs/opplæring i grunnleggjande kunnskap om psykisk utviklingshemming og aktuelt lovverk	<i>Gjennomføre nye kurs vår/haust 2017</i>	Gjennomført	Vidareføre opplæring kvart halvår.
	Ny tilsette og tilsette skal gjennomføre SOR kurs, lese minimum kap.2 og 3 i rundskriv IS-10/2015	<i>I løpet av 2017</i>	Gjennomført av alle tilsette og ny tilsette	Vidareføre gjennomføring av pålagte SOR-kurs

	<p>Retningslinjer/rettleiar til retningslinjer ved seksuelle overgrep mot vaksne med utviklingshemming</p> <p>Alle miljøterapeutar får kurs i saksbehandling kap.9</p>	<p><i>Implementere rutinar i kvar bu-eining</i></p> <p><i>Alle ny tilsette miljøterapeutar gjennomgår saksbehandlingskurs</i></p>	<p><i>Har implementert rutinar i kvar bu-eining.</i></p> <p>Fylkesmannen gjennomførte ikke kurs</p>	<p>Alle ny tilsette tek kurset elektronisk</p> <p>Delta dersom Fylkesmannen arrangerer kurs</p>
--	--	---	---	---

Organisasjon	<p>Andel dagsverk med sjukefråvær:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eigenmeldt • Legemeldt • Totalt sjukefråvær <p>Prosjekt i samarbeid med IA: Sjukefråvær/-nærvær</p> <p>Kompetanseheving i eininga</p> <p>Etisk refleksjon</p> <p>Grunnkurs i legemiddelhandtering for assistenter</p> <p>Oppfriskingskurs i legemiddelhandtering til helsefagarbeidarar</p> <p>Kurs i legemiddelhandtering til høgskuleutdanna helsepersonell</p> <p>Ergonomikurs</p> <p>Førstehjelpskurs</p>	<p>0,8 % 10 %</p> <p>Vidareføre prosjektet, og redusere sjukefråværet med 5 %</p> <p>Tilsette fleire miljøterapeutar</p> <p>Vidareføre bruk av refleksjonskort</p> <p>20 assistenter skal ha gjennomført opplæringa</p> <p>10 tilsette gjennomføre kurs</p> <p>5 tilsette med høgskule kompetanse skal gjennomføre kurs</p> <p>Gjennomføre kurs i 2017 til alle bu-einingar.</p> <p>Gjennomføre 3 kurs a 16 plassar</p>	<p>1,2 % 9,5 % 10,7 %</p> <p>Reduserte sjukefråværet med 5,9 %</p> <p>Har tilsett 5 miljøterapeutar i 2017</p> <p>Gjennomført</p> <p>6 tilsette gjennomførte kurs</p> <p>5 tilsette gjennomførte kurs</p> <p>4 tilsette gjennomførte kurs</p> <p>Gjennomførte kurs</p> <p>Gjennomføre 8 kurs a 16 plassar</p>	<p>1,0 % 8,0 % 9,0 %</p> <p>Arbeide vidare med relasjonskompetanse i bu-eininga. Redusere sjukefråværet til 9 %</p> <p>Utarbeide ny kompetanseplan, og tilsette miljøterapeutar i tråd med den.</p> <p>Vidareføre bruken av refleksjonskort</p> <p>20 tilsette skal ha gjennomført kurs</p> <p>20 tilsette skal ha gjennomført kurs</p> <p>3 tilsette skal ha gjennomført kurs</p>
--------------	--	---	---	--

Økonomi	Omfang av overtid i eininga (i tusen kr) <ul style="list-style-type: none"> • Totalt Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)	1500 100		1000 100
----------------	--	-------------	--	-------------

9.3 Sektoren sine utfordringar

Fylkesmannen gjennomførte i november 2011 tilsyn ved Bu- og habiliteringstenestene der det vart avdekt alvorleg svikt i internkontroll og styringssystemet til kommunen. Viser til årsmelding for 2016, der det er gjort greie for arbeidet så langt. Den 06.juni 2017 var ordførar, administrasjonssjef, einingsleiar og saksbehandlar i møte med Fylkesmannen. Den 05.07.2017 svara Fylkesmannen på brevet frå 28.10.2016. Dei føreset at kommunen arbeider vidare med ein del punkt, og at dei med desse føresetnadane vurderer at det arbeidet som er gjort for å lukke avvika er tilstrekkeleg. På bakgrunn av desse vurderingane vart tilsynet avslutta. Men sidan det framleis er ein jobb å gjere styringssystemet kjent og innarbeidd hos personalet, vurderer Fylkesmannen ny systemrevisjon allereie i 2018.

Etter at tilsynet vart lukka, summerte einingsleiar opp føresetnadane til Fylkesmannen, og laga ei liste på 8 punkt som ein måtte arbeide vidare med. Vi har laga fleire nye rutinar som er lagt inn på Risk Manager. Vi har spesielt arbeidd mykje med opplæringsloggen, og rutinar for oppfølging av opplæringsloggen. Vi vil med dette sikre at alle får den informasjon og opplæring ein skal ha før ein startar i arbeidet, og ein vil sikre at alle praktiske prosedyrar er på plass.

Vi har også arbeidd vidare med årshjulet, og der legg vi alle gjeremål og fristar for kvar enkelt månad. Dette er med på å kvalitetssikre systemet vårt.

Stadleg tilsyn

I 2017 gjennomførte Fylkesmannen eitt stadleg tilsyn ved Bu-og habiliteringstenestene. Tilsynet vart gjennomført ved bu-eining Karipllassen A den 30.mars. Det vart avdekt 2 avvik som følgje av tilsynet, desse vart lukka den 28.10.2017.

Faglege utfordringar

Det er ei utfordring å rekruttere fagutdanna personell og på den måten sikre best mogleg kvalitet på tenestene. Vi har framleis høg representasjon av ufaglært personale som yter tenester til våre tenestemottakarar. Åleg er det fleire som tek helsefagarbeidarutdanning. Bu- og habiliteringstenestene held fram med å motivere og støtte til dette.

Gledeleg at 4 tilsette i Bu- og habiliteringstenestene starta med deltidsutdanning i vernepleie hausten 2016.

Bu-og habiliteringstenestene lyser kontinuerleg ut miljøterapeutstillingar gjennom året. Vi får ikkje ønska søkjarmasse til stillingane og det er særleg vanskeleg å rekruttere vernepleiarar. Ein del av dei som tek imot tenester har krav på slik kompetanse også på grunn av vedtak om bruk av tvang i enkelte situasjonar. Somme av bu-einingane har ikkje personell med høgskuleutdanning, og til dels også mange utan relevant utdanning. Dette medfører eit stort behov for dispensasjonar frå utdanningskravet som ligg i Helse- og omsorgstenestelova kap.9. Fylkesmannen har i mal for søknad om dispensasjon frå utdanningskravet tydeleggjort kravet til dokumentasjon av rekrutteringsrutinar og kva som blir gjort for å sikre den rette kompetansen.

I møte for fagleg overordna ansvarleg arrangert av Fylkesmannen 18. januar 2017, vart kravet til å gje dispensasjonar ytterlegare påpeika/innskjerpa.

Arbeidsmiljøprosjektet:

Karilassen A deltok i arbeidsmiljøprosjektet som starta våren 2016 og hadde ei varigheit på 1 år (juni 2017). Vi hadde månadlege samlingar for alle tilsette med tema innanfor relasjonskompetanse. Hovudmålet var å vidareutvikle og forsterke ressursane i arbeidsmiljøet med fokus på ein støttande kultur. Utgangspunktet var at trivsel og godt arbeidsmiljø er viktig for å skape nærværskultur.

Vi gjennomførte RAUS-testen då prosjektet vart avslutta, og den synte at alle som deltok opplevde ei positiv endring. Dette er ein prosess og væremåte som vi kontinuerleg må jobbe med, og hausten 2017 heldt vi fram arbeidet med reglar for samhandling og relasjonar. Karilassen hadde eit sjukefråvær på 17,4 % då prosjektet starta i 2016, og for heile 2017 var det 11,5 %.



Avslutning på arbeidsmiljøprosjektet

Foto: Anna V.Balstad

Rekruttering:

Bu- og habiliteringstenestene ønskjer å vere nyskapande for å møte utfordringane i framtida, difor er vi opptekne av korleis vi heile vegen kan tenke nytt rundt rekruttering og fagkompetanse.

Den 1. februar deltok Bu- og habiliteringstenestene på NAVs- jobbmesse på Color Line Stadion. Messa er eit uformelt møtepunkt for arbeidsgjevar og arbeidssøkjarar. Her får ein profilert sine rekrutteringsbehov og arbeidssøkjarar får oversikt over arbeidsmarknaden.



Ass. einingsleiar Elly Christine V. Slettvoll og stabsmedarbeidar Linda Gravem på NAVs- jobbmesse
Foto: Anna V.Balstad

Den 30. november deltok Bu -og habiliteringstenestene på rekrutteringsdag som avdeling Helse og sosialfag på høgskulen i Molde inviterte til. Dei hadde invitert kommunar, helseforetak, samt studentane på sjukepleie og vernepleie. Ein var oppmoda til å etablere stands for å orientere studentane om moglegheiter for jobb.

Bu-og habiliteringstenestene tek også imot vernepleiestudentar og i det høve arrangerer ein eit fellesmøte for studentane der ein presenterer eininga, fortel om rekrutteringsrutinane til kommunen, opplæring som vert gitt og rolla som miljøterapeutane har i bu-einingane.

Auke fagkompetansen hos eigne tilsette:

Med bakgrunn i behovet for å auke realkompetansen, vart det hausten 2014 bestemt at alle assistenter måtte gjennomføre SOR sitt e-læringsprogram "arbeid i andres hjem". Kurset dannar grunnlag i den kunnskapen ein bør ha når ein arbeider for personar med utviklingshemming. Ein får innsikt i kva utviklingshemming er, lover og rettar, konflikt handtering, historiske og etiske perspektiv.

I 2015 vart det bestemt at alle tilsette måtte gjennomføre e-læringsprogrammet "utfordrande adferd" med hovudvekt på å unngå tvang og makt. Kurset tek for seg moment som kan medverke til om menneske med utviklingshemming utviklar åferd som blir oppfatta som utfordrande. Ein ser på kva som kan medverke til at denne åferda varer ved eller blir redusert, og korleis ein som tenesteytar kan være i forkant og leggje til rette slik at behovet for tvang minimaliserast. Vi har fått kompetansemidlar som dekkjer lønsutgifter i samband

med gjennomføringa av desse e-læringsprogramma. Vi ser ei positiv utvikling hos dei tilsette som har gjennomført fleire av e-læringskursa.

I 2016 starta ein arbeidet med at tilsette også skulle gjennomføre SOR e-læringskurset «ingen hemmeligheter» i lys av retningslinjer for seksuelle overgrep mot vaksne personar med psykisk utviklingshemming. I 2017 la vi inn i rutinane at alle må gjennomføre e-læringskurset på lik linje med dei 2 andre e-læringskursa.

Makt og tvang:

For 17 tenestemottakarar er det nødvendig med tiltak med bruk av tvang etter kap.9 det siste året. Vi arbeider jamleg med å redusere behovet for tvang ved å bruke andre løysingar. Rundskriv IS-10/ 2015 har som hovudformål å gje rettleiing i prosessen der ein må gjennomføre tiltak for å unngå risiko/skade. Dette har klargjort ein del moment som skal leggast vekt på i vurderinga/gjenkjenninga av tvang og makt. Skillet mellom tvang med heimel i Pbrl §4A og HOL kap 9 er også tydeleggjort. Dette har også medført at enkelte tilretteleggingstiltak som tidlegare har falle inn under forståinga av tvang, no på visse vilkår fell utanfor tvangsomgrepet. Det har medført at Vestnes kommune no ikkje lenger treng fatte vedtak for nokre av tiltaka. Vi held likevel fram med tiltaka, men det treng ikkje overprøvast av Fylkesmannen.

Eldre psykisk utviklingshemma:

Aldringsprosessen hos personar med psykisk utviklingshemming er uforutsigbar og endringar kan oppstå brått. Vi ser no at majoriteten av vertskommunebeburane vert godt vaksne noko som utfordra oss i forhold til uføresette hendingar. Utfordringane er store når det gjeld å kunne skilje mellom demens-symptom og symptom på vanleg aldring/sjukdom/slitasje og grunnleggande vanskar med redusert nivå i forståing og prestasjonar. Kompleksiteten i aldersforandringar, psykisk sjukdom, somatiske lidingar og graden av utviklingshemming er ofte svært utfordrande og krev tett personaloppfølging for å trygge, behandle og redusere ytterlegare sjukdomsutvikling

Vi ser no at mange av dei eldre har behov for å redusere arbeidstilbodet sitt og trappe ned med rolegare syslar i heimen. Dei som frå før har vore bra sjølvhjelpte har i utgangspunktet liten tilgang på personalressurs, og vi ser utfordringar med tanke på bemanningsssituasjon når dei vert eldre og får auka tenestebehov, dette kan også påverke om ein framleis kan nytte aktiv/passiv nattevakter og framleis fylle kravet til forsvarlege tenester.

Det er behov for mange små stillingar for å fylle opp turnus på helg. Det er stadig vanskeleg å få tilsett fast kvalifisert personell i desse stillingane.

Organisering:

Kommunestyret fatta 17.desember 2015 vedtak der dei bad administrasjonssjefen om å leggje fram ei sak hausten 2016 om gjennomgang av organisasjonen til Vestnes kommune. I mai 2016 sende administrasjonssjefen ut eit skriv der ein vart beden om å få innspel til korleis vedtaket skulle gjennomførast. Einingsleiar i Bu- og habiliteringstenestene sendte tilbakemelding til administrasjonssjefen i juni, der ein formidla at ein såg behovet for endring i organiseringa. I september vart det sett ned ei arbeidsgruppe, som etter fleire møte konkluderte med at ein auka staben med 2 stillingar. Dette var i tråd med vurderingar gjort av kommunestyret: leiarspennet har vore for stort i Bu- og habiliteringstenestene. Tilsetjingsprosessen var ferdig våren 2017, og 2 nye stabsmedarbeidarar starta i løpet av sommaren 2017. Assisterande einingsleiar gjekk over i anna stilling i kommunen våren 2017, og dermed fekk vi enda ein ny medarbeidar i 2017.

Bu- og habiliteringstenestene har 178 årsverk fordelt på ca. 290 tilsette. Etter auken i stab, består leiinga no av einingsleiar, 5 stabsmedarbeidarar og ein saksbehandlar utan personalansvar. Stabsmedarbeidarane har fått redusert noko på talet ein har personalansvar

for. Einingsleiar hadde tidlegare ansvar for 2 bu-einingar, men dette er no fordelt på stabsmedarbeidarane. Einingsleiar kan i større grad fokusere på utvikling av rutinar, prosedyrar, budsjett og organisering.

Auken i staben førte til at det er for få kontorplassar i Furulikjellaren. Det vart bestemt at vaktmeistrane flyttar inn i andre lokalar, og at staben i Bu- og habiliteringstenestene får overta dei lokala. Dette håper vi skjer i 2018.

Dagtilbod/tilrettelagt arbeid:

Tenesta har eit dagsenter der 54 tenestemottakarar nyttar tilboden. Vi tilbyr ulike formar for arbeid og sysselsetting, deriblant kantinedrift, vev- og tekstilavdeling. I tillegg disponerer vi 6 plassar på gartneri/vedproduksjon og 12 plassar på Tremek.

Vev og tekstilavdelinga står for den største produksjonen av varer som vert seld i butikken og på ulike messer.

Kantina har i tillegg til kantinedrift levering av mat til kommunale møter. Vi lagar og heimlaga middag to dagar i veka, noko som er populært hos kundane. Kantina har regelmessig besøk av grupper frå nabokommunar, Skodje, Ålesund m.m.

Dagsenteret har matutkøyring frå sentralkjøkkenet til institusjonar og heimebuande i kommunen. Ein dekker tre soner kvar dag med middagslevering. Det å vere med på å levere ut mat er eit populært tilbod til tenestemottakarane våre.

Tenestemottakarane som tek i mot arbeidstilbod er i endring. Det blir kontinuerleg arbeidd med at tilboden skal vere tilrettelagt for kvar einskild, og eit attraktivt tilbod også for dei unge som ikkje meistrar ein tradisjonell kvardag. Ein ser at dei eldste tenestemottakarane har behov for eit redusert og tilpassa arbeidstilbod ut i frå føresetnadane sine.

Det vart investert i papp-presse saman med tekniske tenester og eining for eigedomsdrift. Dette viser seg å vere eit godt tilbod både for dei som klarar å handter den sjølv, og av tenestemottakarane som har med seg personalressurs frå bu-eininga.

Kongstanke / visjon

Under leiarsamlinga i 2014 vart ein utfordra til å utarbeide sin eigen kongstanke / visjon for sitt leiarskap. Ein kongstanke er ei plattform for sitt eige leiarskap som skal gjere det lettare å prioritere mellom det viktige og uviktige, og det er grunnlaget for å skape felles forpliktande mål, verdiar og visjonar. Leiar i Bu- og habiliteringstenestene kom fram til visjonen:

DET GODE LIV

Vi har det siste året halde på med å innarbeide visjonen i organisasjonen og kva ein legg i visjonen. Vi brukar visjonen som overskrift i opplæringsloggen, og ein seier deretter noko om at personalet skal ha som mål å stå for god tenesteyting, tilpassa behovet til den enkelte. Like eins ønskjer vi eit godt arbeidsmiljø, der trivsel og fellesskap er viktig.

9.4 Kva har vi oppnådd i 2017?

- Fått lukka avviket frå systemrevisjon frå 2011.
- Fått lukka avvik etter stadleg tilsyn på Karipllassen A.
- Gjennomført brukarundersøking.
- Gjennomført helsekontroll med nattevaktene.
- Fått inn på turnus faste møter med alle miljøterapeutar 6. kvar veke.
- Bu-eining Skogly starta opp med langvakter.
- Starta eit tiltak med medleverturus.

- Vikarar/tilkallingsvikarar og helgevikarar har gjennomført internt innføringskurs om psykisk utviklingshemming og rettsvern til gruppa ein yter tenester til.
- Implementert Risk Manager -rutinar for avvikshandtering i alle bueiningane.
- Kariplassen A gjennomførte arbeidsmiljøprosjektet «arbeidsplasskultur».
- Alle nye tenesteytarar har gjennomført e-læringskurs i SOR som ein har satt krav om.
- Innført rutinar om at alle nye tenesteytarar gjennomfører e-læringskurset «ingen hemmeligheter».
- Arbeide vidare med å nyttiggjere seg det elektroniske pasientjournalsystemet CosDoc.
- 1 leiarar starta vidareutdanning i saksbehandling og tenesteyting i Helse- og omsorgstenestelova.
- 5 starta helsefagarbeidarutdanning.
- 2 tilsett tek vidareutdanning i Psykisk helsearbeid.
- 23 tilsette har gjennomført e-læringskurs i legemiddelhandtering.
- Gjennomført medarbeidarsamtalar på Kariplassen B, Skogly og delvis gjennomført på Kariplassen A.
- Arrangert juletrefest.

9.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

I Helse- og omsorgstenestelova § 3-3 heiter det at ein skal arbeide for at det vert sett i verk velferds- aktivitetstiltak for funksjonshemma personar. Bu- og habiliteringstenestene legg vekt på at ein skal ivareta både den fysiske, psykiske, sosiale og åndelege dimensjonen hjå tenestemottakarane.

Eit mål er at alle tenestemottakarane som har føresetnad for å gå til eit arbeid, får eit tilrettelagt tilbod.

Tenestemottakarane har tilbod om å delta på ulike fritidsaktivitetar som spenningskurs, ungdomsgruppa, «Klem i veg», aktivitetsdag, julefest, møte, gudstenester, sitteddans, treningsstudio, «Sprek og glad», rettleiingssamtalar, hyggekveldar, «Danse fylket rundt» m.m.

For dei tilsette fokuserer ein på det psykososiale arbeidsmiljøet ved ulike tilstellingar. Dei tilsette gjev tilbakemeldingar på at ulike tilstellingar har stor innverknad på trivselen og samarbeidet i personalgruppene.

Sjølv om ein prøver å ha ulike tilstellingar, er det viktigaste tiltaket at kvar enkelt tilsett vert sett og verdsatt i kvardagen av kollegane og leiinga. Leiinga har fokus på at det skal vere lav terskel for å ta kontakt, samt at dei tilsette vert godt mottekte. Alle skal ha eit samarbeid som er bygd på respekt og likeverd.

Vi arbeider systematisk og målretta med oppfølging av sjukmeldte og legg særleg vekt på dei tilsette si medverknadsplikt til å redusere, samt førebyggje sjukefråvær.

9.6 Økonomiske resultat 2017

Driftseining	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017			Budsjett 2017	Avvik 2017	
		Utgifter	Inntekter	Netto		i kroner	og i %
Avlastning PU >18 år/BPA	2 930	2 755	51	2 704	3 407	-703	-20,6
Vestneshaugen	4 399	4 589	124	4 465	4 557	-92	-2,0
Dagtilbud PU	6 623	8 923	1 900	7 023	6 991	32	0,5
Plassen	5 072	5 136	38	5 098	5 053	45	0,9
Myrateigen	5 434	5 897	362	5 535	5 773	-238	-4,1
Skogheim	8 424	8 494	234	8 260	8 858	-598	-6,8
Skogvegen	6 667	8 963	858	8 105	8 151	-46	-0,6
Solstua	6 600	7 359	311	7 048	6 883	165	2,4
Skogly	4 559	4 389	146	4 243	4 559	-316	-6,9
Liaråket	10 803	12 679	483	12 196	10 932	1 264	11,6
Bakketun	12 844	13 715	364	13 351	13 257	94	0,7
Kariplassen	29 875	35 595	2 242	33 353	32 240	1 113	3,5
Furulia	5 049	6 323	491	5 832	5 282	550	10,4
Administrasjon	3 897	4 294	56	4 238	4 208	30	0,7
Sum Bu- og hab. Teneste	113 176	129 111	7 660	121 451	120 151	1 300	1,1

- Bu- og habiliteringstenestene hadde eit meirforbruk på 1,3 mill. kr, eller 1,1 %. Tilsvarande hadde dei eit mindreforbruk på 3,0 mill. kr i 2016.
- Utgiftene auka med knappe 7,0 mill kr frå 2016 til 2017. Dette tilsvarar 6,2 % og er langt over løns- og prisauke. Mykje av auken gjeld utvida tilbod til ressurskrevjande brukarar, delvis etter krav frå Fylkesmannen.
- Meirforbruk og auken i utgiftene her må vi sjå i lag med at tilskott til ressurskrevjande brukarar også har auka.

I 2013 auka ein del av dei variable lønsutgiftene i driftseininga mykje. Driftseininga tok fatt i dette og sette i verk tiltak for å redusere desse utgiftene, og det greidde dei.

I åra 2014 og 2015 gjekk utgiftene ned, men har auka att i 2016 og 2017.

Spesielt har overtida auka mykje siste 2 åra, heile 70 %.

Alle tal i 1000 kr	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Endring i %
	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2012 - 2017
Avtalefesta tillegg	13 709	15 883	15 296	15 383	15 833	16 668	21,6
Sjukevikarar	6 343	6 242	6 050	6 070	6 386	5 153	-18,8
Ferievikarar	3 590	3 815	3 630	3 527	3 646	3 891	8,4
Ekstrahjelp	2 286	2 101	1 717	1 524	1 073	1 448	-36,7
Overtid	1 920	2 674	1 952	1 937	2 649	3 305	72,1
Sum	27 848	30 715	28 645	28 441	29 587	30 465	9,4

9.7 Einingsleiar sine tiltak for å halde budsjettet

Einingsleiar tek ut budsjettrapport kvar månad etter lønskøyring. Denne vert gått gjennom med stabsmedarbeidarane på møte første tysdag etter lønskøyring. Dersom ein ser at ein har overforbruk, samtalar ein om årsak. Ein diskuterer måtar å forhindre vidare overforbruk.

6. kvar veke har vi møte med personane med tillegg i arbeidsoppgåver. Her er budsjett fast sak. Her og går ein inn på rapporten, og diskuterer ulike måtar å redusere forbruk på.

Dei siste åra har og administrasjonssjefen og kommunalsjef innan økonomi delteke på stabsmøte og på møte med personane med tillegg i arbeidsoppgåver, der dei går gjennom budsjettet, og ein samtalar om korleis ein kan vere på eit lavast mogleg forbruk.

Stabsmedarbeidar må skrive rapport til kommunalsjef og einingsleiar dersom ein ser eit overforbruk. Der må ein grunngje kvifor ein har eit overforbruk, og seie noko om korleis ein har tenkt å løyse utfordringa.

Ein har dei siste åra søkt midlar via kompetanseløftet, for å få dekt pålagte kurs til ny tilsette og ufaglærte.

Det skjer relativt ofte endringar i tenestebehovet til tenestemottakarane. Når dette skjer, er det viktig å vere rask å sjå på personalressursen og korleis ein kan tilpasse ressursen etter behovet. Her er det viktig å sjå løysingar, og vere rask med å setje inn tiltak. Vi har gode rutinar på å endre tenestevedtak når ressursbehovet endrar seg.

Kap 10 Tekniske tenester

10.1 Oversikt over sektoren

Tenester	Tal Årsverk 2016	Tal Årsverk 2017	Ev. merknader
Plan/byggesak Landbruk/miljø	5,0	5,0	
Drift/anlegg Oppmåling	12,61	Ca 13	Inkl. tiltak via NAV
Brann, redning og feiing	2,7	2,7	I tillegg til deltids brannmannskap

Eininga har ansvar for desse tenestene:

- Oppmåling, matrikkelføring, adressering, konsesjonsfritak, grunnforhandlingar.
- GIS (geografisk informasjonssystem) og kartlegging. Eigedomsskatt.
- Drift/vedlikehald/nyanlegg av avløpsnett, avløpsreinsing.
- Drift/vedlikehald/nyanlegg av kommunale vegar/trafikktrygging/gatelys.
- Parkvesen og produksjon av ved/tilbod til medarbeidarar med behov for tilrettelegging.
- Kyrkjegardsgraving.
- Utbygging av kommunale bustad- og industriområde.
- Behandling av byggesaker, delingssaker og seksjonering.
- Ansvarleg for kommuneplanens arealdel og reguleringsplanar.
- Kommunen sin representant i større plansaker i regi av for eksempel Statens vegvesen.
- Kommunen sin representant i fylkeskommunale saker innan samferdsel; buss, båt, ferje.
- Behandling av jord-, skog- og konsesjonslovssaker.
- Motorferdsel i utmark og forureining.
- Vilt- og fiskeforvaltning.
- Rettleiring av bønder og andre om off. støtteordningar (BU, Innovasjon Norge m.fl.).
- Tildeling av tilskotsmidlar, og kontroll av tilskotsmottakarar.
- Feiing og bustadtildsyn.
- Branntilsyn på § 13-bygg (skular, barnehagar, institusjonar, overnattingsstader m.m.)
- Brannberedskap (befals- og sjåførvakt, deltidsmannskap ved 3 stasjonar)
- Anna bistand ved krisesituasjonar (for eksempel ekstremvær)
- Brannøvingar for offentleg og privat verksemd.
- Opplæring og haldningsskapande arbeid (barn, unge og vaksne).

10.2 Resultatmål – Tekniske tenester

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2017	Resultat 2017	MÅL 2018
Teknologi/ IKT	<p>Utvide bruken av «Riskmanager»</p> <p><u>Drift og anlegg:</u> Innføre FDV-system for VA-området og veg-området.</p> <p><u>Oppmåling, kart/GIS:</u> Oppgradere webløysing for kart – tilpassa bruk av mobiltelefon og nettbrett</p> <p><u>Brann, redning og feiing:</u> Komtek-programvare for § 13-tilsyn og for rapportgenerering-feietenester</p> <p><u>Plan/byggesak:</u> Kursing/opplæring arealplan</p> <p><u>Landbruk/miljø:</u> Digitalisere jaktvalda Revidere søknadskj. motorferdsel i utm.</p>	Innføre for veg Innført des 15 Alle	Kan bli endå betre Delvis Delvis oppnådd Delvis	I løpet av året. 100 % I full drift i løpet av året 1 tilsett Fullføre 100 %
“opplevd kvalitet”	<p><u>Brukundersøking byggesak:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Resultat for brukarane Respektfull behandling Påliteleg åferd Tilgjenge Informasjon Heilskapsvurdering 		Ikkje gjennomført undersøkelsen i 2017.	MÅL: Like godt resultat som sist MÅL:Svar Prosent 50
Teneste “objektiv kvalitet”	<p><u>Drift og anlegg:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Antal km grøfterensk langs kommunal veg Registrere kommunalt OV-system langs veg <p><u>Oppmåling, kart/GIS:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Andel oppmålingsforretningar utført innan 16 — vekers frist Ferdigstille adressering for Fiksdal, Rekdal, Skorgen, Tresfjord, Daugstad og Vikebukt. Saksbehandling av vegnamn og skrivemåte har teke lenger tid enn forventa Oppdatering av leidningskartverket <p><u>Brann, redning og feiing:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Implementere ny <i>Forskrift om brannforebygging</i> Behalde og rekruttere nok deltidsmannskap Gjennomføre kursing/opplæring i høve til “Plan for brannvernet 2017” <p><u>Plan/byggesak:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Andel byggesaker med behandlingstid innan fristane , jfr. Pbl., byggesak Andel mangelfulle saker – kommunen må be om tilleggs-opplysningar. Andel arealsaker behandla innan pbl sine fristar <p><u>Landbruk/miljø:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Oppdatere landbruksregister og gardskart Revidere lokal vernskogforskrift 	1 km 25 % 100 % Des 17 100 % Des 17 100 % 100 % 100 % 100 %	0,35 km Ikkje oppnådd 95 % 95 % I gang Delvis oppnådd Oppnådd	1 km 25 % 100 % Fullføre skilting 80 % 100 % Des. 18 100 % 10 % 100 % Ikkje oppnådd 100 % 100 %
Organisasjon	Andel dagsverk med sjukefråver	2,5%	2,0%	2,0%

Økonomi	Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)	100	110	100
----------------	--	------------	------------	------------

10.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

Framleis har vi totalt sett større etterspørsel etter tenester enn kva vi har kapasitet til. Dette gjeld mange av fagområda våre. Men vi ser også at gjennomføringskrafta har blitt betra dei siste åra innanfor veg og avløp. Alle fagområda krev framleis kompetanseutvikling for å møte endra og nye behov.

Den andre viktige faktoren som er avgjерande for resultatet, i tillegg til mannskapsressursar, er tilgangen på budsjettmidlar. Dette kjem godt til syne i driftsbudsjettet for vegvedlikehald der det framleis er store udekte behov. Utan betydeleg auke her vil vi aldri komme opp på eit ønska nivå.

Brannvesenet manglar framleis 1 stk. befal til i vaktordninga, men ein av dagens sjåførar er under utdanning på brannskolen. Planlagt fullføring i løpet av 2018. Resultatet er at vi må utdanne ny sjåfør.

Innanfor fleire av fagfelta våre vil vi framleis ha behov for konsulenttenester. Dette gjeld m.a. konsulentinnleige på oppmålingssaker inntil nytilsett medarbeidar er «i full drift», prosjektering/ planlegging av nye avløps - og utbyggingsprosjekt, arealplanlegging m.m.




Foto: Malin Fiksdal

10.4 Kva har vi oppnådd i 2017?

Generelt:

Vi har framleis stor etterspørsel etter tenester og mange søknader innan dei ulike ansvarsområda. På tross av dette har vi i stor grad innfridd på saksbehandlingstid, og har greidd å halde drifta i gang. All honnør til dei tilsette for arbeidet som er utført.

Landbruk/miljø:

På tross av noko redusert kapasitet har ein i stor grad kunna innfri på saksbehandlingstid. Det har vore høg aktivitet i skogbruket, både hogst, vegbygging og skogkultur, som har kravd mykje av saksbehandlingskapasiteten. Oppstart av arbeidet med skogbruksplan med miljøregistrering. Implementering av nytt søknads- /saksbehandlingssystem for produksjonstilskot (med nye datoar).

Det er framleis miljø-/forureiningssaker som ikkje er tilfredsstillande løyst, og må jobbast vidare med i 2018.



Foto: Malin Fiksdal



Plan/bygg:

Har behandla praktisk talt alle sakene innan lovfastsette fristar. Det har vore behandla 58 delingsløyver og 146 bygesaker. Det vart gjort vedtak på 8 detaljreguleringsplanar i 2017. Gebyrinntekter vart litt høgare enn budsjettert.

Brann/redning/feiing:

Har gjennomført planlagt opplæring så langt som kapasiteten på NBSK. Har gjennomført planlagte tilsyn og øvingar. Kursing/informasjon førebyggande overfor risikoutsette grupper har halde fram også i 2017.

Park/grønt:

Har fortsett med jobben å ta att det forsømte vedlikehaldet. Elles utført planlagt arbeid, og gjeve eit godt tilbod til personar med hjelpebehov.

Drift og anlegg - VA/veg:

Investeringsprosjekta er gjennomført som planlagt med unntak av:

- Utviding av Bakneset bustadfelt (oppstart febr. 2018)
- Utbetring av Gamlebrua over Straumen (oppstart mars 2018)
- Byggefelt i Åslia (90 % ferdig i 2017)
- Helland sentrum – Sjøfronten (byggestart seinst 2017)
- Utviding Misfjordskogen industriområde
- Buktavegen, 2. etappe (start haust 2017)
- Hurtigbåtkaia Helland, buss-stopp (utført febr. 2018)

Innanfor avløpsområdet har dei største investeringane vore etablering av pumpestasjon på Vikebukt og noko avskjerande leidning i det same nettet. Renovering og nyetablering av avløpsnett i tilknytning til prosjekt Buktavegen. Sluttføring av ledningsanlegg i Skorgevik + mindre anlegg i Tresfjord og Tomrefjord. Etablering av luktfjerningsanlegg i silanlegget i Vestnesbukta. Elles har det vore prosjektert for ny pumpestasjon i sentrum, i forbindelse med Sjøfrontutbygginga.

Vegvedlikehald: Asfaltert der behovet har vore størst – så langt midlane rakk. Grøfterenska om lag 350 m, som er for lite i høve til målsetninga vår. Elles vanleg drift.

Oppmåling/GIS:

90 nye oppmålingssaker rekvisert og gjennomførte 105 saker. Inntektsmålet vart meir enn oppfylt, med god hjelp innleigde landmålarar.

Fortsatt arbeidet med kvalitetsheving av Matrikkelen. Saksbehandla bortimot alle konsesjonsfratak “på dagen”.

Bortimot alt grunnlagsarbeid for sluttføring av adresseringsprosjeket utført. Nokre vedtak om skrivemåte av adressenamn må gjerast av Statens kartverk. Prosjektet vart i praksis sluttført i 2017 – det står att litt komplettering av skilting .

Delteke i geovekst-prosjekta som gjeld vår kommune. Ny kartportal (kommunekart.com) – saman med andre Romsdalskommunar, er godt i gang i 2017.

10.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

Både innanfor planlegging/prosjektering og utbygging skal folkehelseperspektivet vere framme. Dette kan til dømes vere tilrettelegging av parkeringsplassar ved utfartsområde, tilgang til badeplassar og andre friluftsområde og etablere toalettløysingar til desse. Arbeide for bygging av gang-/sykkelvegar som motiverer til aktivitet. Syste for gate-/vegbelysning slik at aktiviteten kan oppretthaldast også i den mørke årstida. m.m. Elles vil naturlegvis det generelle vegvedlikehaldet med snøbrøyting og sandstrøing vere ein vesentleg faktor.



Foto: Unni Eik Vestnes

10.6 KOSTRA-tal på området

- tekniske tenester	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
Nto. Utgifter kommunale veier pr. innb	1 061	1 037	965	1 418	756	599	1 346
Nto. utgifter pr. km kommunal veg	99 475	103 255	128 584	91 240	56 353	150 595	95 362
Nto. Utg til brannvern pr. innbyggjar	908	962	822	1 013	943	942	769
Nto. Utg. tilplansakbeh. Pr. innbyggjar	97	435	353	614	324	219	282
Andel kommune vegar utan fast dekke	2,5	16,4	30,9	29,5	14,7	10,5	29,1
Årsgebyr for feiling og tilsyn	415	445	466	530	321	396	414
Årsgebyr avløp	2 788	3 224	3 839	3 110	2 300	2 200	4 068
Årsgebyr avfall	2 219	2 521	2 712	3 033	2 853	2 653	2 635

- Vestnes har no liten andel med vegar utan fast dekke, m.a. vart veg til Kjersemfjellet asfaltert i 2017. Andel grusvegar gjekk ned frå 8,8 i 2017 til 2,5 i 2018.
- Utgiftene pr. km kommunal veg ligg noko under snittet. Utgiftene gjekk også ned i 2017.
- Gebyra ligg på alle område under både fylkes- og landsgjennomsnitt. Det må vi sei oss særskilt godt nøgd med.

Utvikling 2012 – 2017

KOSTRA - tal - teknisk							Endring i % 12 - 17
	2012	2013	2014	2015	2016	2017	
Nto. Utgifter kommunale veier pr. innb	689	855	954	1 031	1 363	1 061	54,0
Nto. utgifter pr. km kommunal veg	58 513	71 620	81 013	85 262	112 025	99 475	70,0
Nto. Utg til brannvern pr. innbyggjar	789	766	796	810	883	908	15,1
Årsgebyr for feiling og tilsyn	350	378	394	360	376	415	18,6
Årsgebyr avløp	2 611	2 611	2 862	3 041	2 788	2 788	6,8
Årsgebyr avfall	2 650	2 650	2 456	2 240	2 020	2 219	-16,3

- Utgifter til drift av kommunale vegar har auka forholdsvis mykje, spesielt siste åra.
- Som nemnt ovanfor ligg gebyra vår under snittet, og dei har heller ikkje auka mykje siste åra .

10.7 Økonomisk resultat 2017

Driftseining	Rekneskap		Rekneskap 2017			Budsjett	Avvik i kroner	2017 og i %
	2016	Utgifter	Inntekter	Netto	2017			
Administrasjon	794	769	0	769	364	405	405	111,3
Vassforsyning	200	0		0	0			
Oppmåling	-156	1 037	1 310	-273	-16	-257	-257	1606,3
Plan- og bygning	1 016	2 444	1 836	608	651	-43	-43	-6,6
Landbruk	883	1 586	61	1 525	1 243	282	282	22,7
Renovasjon, kloakk,feiing	597	20 968	20 968	0	71	-71	-71	-100,0
Brannvern	5 151	6 429	1 087	5 342	5 518	-176	-176	-3,2
Hamnevesen	0	128	128	0		0	0	
Parkvesen	1 110	2 361	891	1 470	1 351	119	119	8,8
Kommunale vegar	6 111	9 020	4 015	5 005	5 367	-362	-362	-6,7
Sum teknisk sektor	15 706	44 742	30 296	14 446	14 549	-103	-103	-0,7

- Driftseininga har eit mindreforbruk på kr 103.000,-, tilsvarende var det eit meirforbruk på knapt 1,5 mill. kr i 2016.
- Utgifter til innleigd snøbrøyting auka frå kr 1.741.000,- i 2016 til kr kr 1.958.000,- i 2017.

Tal i 1000 kr	Netto driftsutgifter							Endring sum	12 - 17 i %
	2012	2013	2014	2015		2016	2017		
Oppmåling	339	437	281	-71		-156	-273	-612	-180,5
Plan- og bygning	457	854	722	487		1 015	608	151	33,0
Brannvern	4 968	4 931	5 134	5 144		5 151	5 342	374	7,5
Parkvesen	941	692	801	910		1 110	1 470	529	56,2
Kommunale vegar	2 995	3 722	4 259	4 470		6 111	5 005	2 010	67,1

10.8 Einingsleiar sine tiltak for å halde budsjettet

Einingsleiar Emil Balstad:

Sparebeløpet vert fordelt på dei ulike fagområda/ansvara – i utgangspunktet forholdsvis. Alle tilsette er informert om felles ansvar for å halde budsjettet. Eg har tru for at involvering er motiverande sjølv for slikt arbeid. Vi prøver i fellesskap å utsette innkjøp som kan vente, til seinare – i verste fall til året etter. Elles passar eg nøyne på refusjonar, og andre inntekter for utførte tenester.

Kap 11 Eining for eigedomsdrift

11.1 Oversikt over sektoren

Ansvar	Tal Årsverk 2016	Tal Årsverk 2017	Ev. merknader
5000 – 5550 Eigedomsdrift	14,56	15,38	Med leiar har eininga 17 tilsette. Om lag 3,8 av desse årsverka blir brukt i andre einingar eller prosjekt. (reinhald, bistand med alarmar vaktmeister heimetenestene, utleige til Vestnes Energi AS og branntilsyn).

Eigedomsdrift har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar. Samla bruttoareal for kommunale bygg er om lag 67 500 m². Våre bygg er kommunalt disponerte bustader og ei rekke formålsbygg – skular, sjukeheimar, barnehagar, rådhus/administrasjonsbygg og kultur/idrett. I tillegg administrerer vi ca. 2 500 m² til vidare utleige (Stiftelsen Vestnes Trygdebustader og flyktingbustader).

Ansvaret for sal av kommunale bustad- og næringstomter ligg til denne eininga. Det vert gjennomført kjøp av strategisk tomteareal som f.eks. sikring av areal til friluftsformål, kjøp av nye felt for bustad- og næringsformål, nødvendig veggrunn, samt sal av diverse kommunalt tilleggsareal til både private og næringsdrivande. Kjøp/sal av kommunale bygg/bustader vert og utført av eininga.

Vestnes kommune har eit bevisst forhold til regelverket om offentlege anskaffingar. Eininger administrerer og innehar kompetanse på dette fagfeltet.

Eininger har og ansvar for kommunen sine forsikringsordningar, både når det gjeld ansvar, bygningar, bilar, tilsette, barn i skule, barnehage og kulturskule, samt barn som har oppfølging i regi av barnevernet.

Forvalting av bustader:

Pr. 31.12.2017 hadde kommunen ansvar for forvaltninga av i alt 156 bueiningar fordelt slik:

Type bustad	Tal bueiningar	Ev. merknader
Omsorgsbustader	38	Senior Plaza og Aktivitetssentreret
Bustader innan Bu- og habiliteringstenestene	67	
Bustader for vankelegstilte	51	Stiftelsen Vestnes Trygdebustader eig 16 av desse bustadene, men kommunen har ansvaret for forvaltning og utleige av desse.

Saman med kommunen sin flyktingteneste har eininga i tillegg eit ansvar for innleige av om lag 25 bueiningar frå private huseigarar til busetjing av flyktingar.

11.2 Resultatmål – Eigedomsdrift

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2017	Resultat 2017	MÅL 2018
Teknologi IKT	<u>Eigedomsdrift:</u> Tal på meldte avvik og andre aktivitetar i elektronisk system for forvaltning, drift og vedlikehald (FamacWeb). 2016 er første år med nytt system. ¹ Tal på innmeldte avvik ² Tal på gjennomførte aktivitetar ³	3000	1807 2469	2200 2900
“opplevd kvalitet”	Ingen brukarundersøking på området førebels			
Teneste “objektiv kvalitet”	1. Andel søknader om leige av kommunal bustad som blir svart på innan 3 veker etter mottak av søknad. 2. Talet på klagesaker som går til KOFA (klagenemnd for offentlige anskaffelser) i samband med offentlege anskaffingar.	95 % 0	100 % 0	95 % 0
Organisasjon	Andel dagsverk med sjukefråvær	2,2 %	1,9 %	1,9 %
Økonomi	Økonomisk resultat i forhold til tildelt budsjett (%)	100 %		100 %

11.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

- Eining for eigedomsdrift er deltakar i fleire av dei store prosjekta som kommunen har; renovering av Tomrefjord idrettsbygg, nytt helse- og velferdssenter og ny felles ungdomsskule.
- Sjølv om vi har fått gjort mykje med investeringsmidlar, er det framleis fleire av dei kommunale bygga som har eit betydeleg vedlikehaldsetterslep. Dette gjeld både utvendig vedlikehald, og innvendig. Det er også behov for å gjere noko med uteområda rundt fleire av bygga våre.
- Mange melder inn behov for endring av lokale dei disponerer. Det kan være at lokala ikkje er tidsriktig for aktuell tenesteproduksjon, eller at bruken av lokale har endra seg (t.d. at ein bustad er tatt i bruk som personalbase). Vi må prioritere mellom dei ulike oppgåvane, om mogleg ser vi fleire tiltak i samanheng, har dialog med aktuelle brukarar (t.d. personalet) og er bevisst i materialval (pris og kvalitet).

¹ Ein vil frå 2017 skilje mellom tal på innmeldte avvik og utførte aktivitetar, då dette er lett å få fram i rapportar.

² Avvik innmeldt av brukarar av bygga, etter eigenkontrollar og aktivitetar.

³ Eit avvik kan delast opp i fleire aktivitetar, eigenkontrollar blir også rekna som ein aktivitet pr. gong den blir gjennomført.

- Det er utarbeidd tilstandsanalysar for nokre bygg. Dette er noko vi må gjere over tid. Det same er tilfelle for å få utarbeidd nødvendige vedlikehaldsplana og ROS-analysar for våre bygg. Brukaravtalane må reviderast. Eininga bør ha ein gjennomgang av serviceavtalar som gjeld tekniske installasjonar, kontroll av utstyr m.m. Kommunen vil få fleire serviceavtalar i tida som kjem.
- Når det gjeld energiforbruk- og kostnader har vi konsentrert oss om nokre formålsbygg på Myra. I løpet av 2017 har vi skifta ut fleire vindauge, installert eigne straummålarar og fjernvarmemålarar i nokre bygg. Kommunen har fått ny straumleverandør frå 01.01.2018, og vi vil fortsette arbeidet med å få oversikt over forbruk og kostnader.
- I løpet av året har vi fleire «må-tiltak» som det ikkje er lett å planlegge for. Døme på slike tiltak er ombygging/tilrettelegging av husvære fordi omsyn til bebuar tilseier at det må gjerast, teknisk anlegg - ofte av eldre dato- som må reparerast, eller omfattande oppussing ved utflytting av leilegheit. Ved skade på bygg kan det hende at tilfellet ikkje blir dekka av forsikring. Uansett har vi ein eigedel på kr 50 000 i kvart tilfelle. Ein del av dei uforutsette «må-tiltaka» har vi belasta investeringsbudsjettet då dei gjeld opprusting av kommunale bygg. I alle andre tilfelle må vi belaste driftsbudsjettet. Vi har t.d. hatt vasslekkasje i ein utlegebustad (bad). Dette var ikkje forsikringssak, og heller ikkje standardheving. Samla kostnad blei om lag kr 114 000. På Myra kulturbygg måtte vi skifte ut defekt bassengvasskondensator, kostnad om lag kr 130 000. I tillegg kjem det ein god del mindre beløp som gjeld feilsøking og reparasjonar etter at feil er avdekkja.
- Frå hausen 2015 tok vi i bruk eit nytt system for handtering av avvik («vaktmeister-bestilling») på bygg og eigedom – FamacWeb. Vi opplever dette som positivt, både blant brukarar, tilsynsmyndigheter og eigne vaktmeistrar. Talet på innmeldte avvik er derimot uforandra frå 2016 til 2017. Kva som er grunnen til at ein ikkje har fått den auken vi hadde venta, kjenner vi ikkje til. Men ein må nok gjere ein liten ekstrainnsats for å få fleire til å melde inn avvika her.
- Når det gjeld offentlege anskaffingar, er kommunen med i eit interkommunalt samarbeid med Ålesund kommune, som gjennomfører mange av dei innkjøpsavtalene Vestnes er part i. Andre anskaffingar gjennomfører vi sjølv. Kommunen må følge regelverket om offentlege anskaffingar. Sjølv om regelverket er blitt noko forenkla, er det likevel komplisert. Det går med mykje tid til til å førebu og gjennomføre anskaffinga. I tillegg skal anskaffinga følgjast opp i kontraktstida.

11.4 Kva har vi oppnådd i 2017?

Eingongstilskott frå staten til kommunalt vedlikehald:

Tilskottet er delt likt mellom tekniske tenester og eigedomsdrift. Eigedomsdrift har nytta tilskottet på kr 708 000 til utvendig vedlikehald av fleire bygg.

- Frivilligsentralen: Skifta bordkledning og 1 vindauge på eit tilbygg pga. råteskadar. Heile bygget vart og malt.
- Utlegebustader, vanskelegstilte: Utvendig maling av 12 bueiningar og utbetring av råteskader ved 2 bueiningar.

Eigenkontrollar:

I 2017 har me komme godt i gang med gjennomføring og dokumentasjon av eigenkontrollar i FamacWeb. Dette er eigenkontrollar innanfor Legionellakontroll, branntekniske installasjonar, brannavgrensande konstruksjonar og elektriske installasjonar. Dette lettar arbeidet både for oss som bygningseigarar, brukarane av bygga og tilsynsmyndighetene.

Kommunale utleigebustader, omsorgsbustader og bustader til flyktningar:

- Gode rutine for å redusere betalingsmisleghald, og å sikre inntekter.
- Ved utflytting er vi tett på for å sjekke behov for vedlikehald/oppussing før neste leidgetakar flytter inn. I 2017 pussa vi opp 8 leilegheiter, i tillegg fekk 2 av leilegheitene ny kjøkkeninnreiing.
- Innlegging av fiber i ca. 30 kommunale bustader.
- I løpet av året har eininga hjelpt flyktningetenesta med innleige av ca. eit titals nye bueiningar for busette flyktningar. Dette inneber besiktigelse av bustader, forhandling om vilkår med påfølgande kontraktsinngåing, utleige til flyktningane og oppfølging i butida. I same periode har 6 andre innleigeforhold blitt avvikla. Utskifting av bustader har og hatt samanheng med eit ønske om å betre standarden på ein del av dei innleigde bustadene.

Uteområde/leikeplassar, skule og barnehage.

- Kartlagt kommunalt eigde frimråde/leikeplassområde rundt om i kommunen: Vi har omlag 32 slike område. Mange av områda ber preg av at dei er grodd igjen av skog, og därleg vedlikehald. På nokon av områda er det leikeinstallasjonar, og vedlikehaldet varierer her, noko er i bruk og andre er det berre forfalle. Men vi har også område som er godt vedlikehaldne og er i bruk.
- Fiksdal barnehage: Etter riving av Kirkebøen blei ein klatrekube montert opp. Foreldra kjøpte inn apparatet for fleire år sidan. Apparatet har støypt fallunderlag. I tillegg blei eit anna leikeapparat erstatta med eit nytt. Her nyttja vi grasameringsmatte.
- Helland barnehage (nedre): Montert opp sklie som erstatning for ei som blei fjerna for nokre år sidan.
- Gardstunet barnehage: Alle svarte fallmatter (ca. 200 m²) er bytta ut fordi dei farga av og ga frå seg «olje». På storbarnsavdeling blei det lagt nye fallmatter (fallhøgde over 1,5 meter). På småbarnsavdeling er fallmatter erstatta med plen og grasameringsmatter (fallhøgde 1,5 meter eller lågare).
- Sand: Totalt har vi fylt på om lag 41 tonn sand. Fiksdal barnehage - fylt på 8 tonn fallsand. Om lag 32 tonn sandkassesand er fordelt på Fiksdal oppvekstsenter, Helland skule, Helland barnehage øvre og nedre.



Ny sandkasse Helland skule
Foto: Kari Kvithaug

- Helland skule: Laga ei ny stor sandkasse. I «labyrinten»/uteområdet er det fjerna mykje krattskog og anna vegetasjon. Dei tilsette har no betre oversikt over skuleområdet. I området mellom ungdomsskule og vegen/rundkjøringa er det fjerna krattskog og store trær. Området er no opent og oversiktleg.

Myraområdet

- Sanert raudt og brunt hybelhus.



Foto: Kari Kvithaug

- Oppgradering av gamle brannsentralar: Vi har skifta ut tre sentralar, Furulia, Bakketun og på Steinrøysa. I tillegg er alarmoppringaren på Kjøkkenbygget skifta ut.

- **Gamle Myra gard:**

Taket er skifta frå dårleg eternit tak til ny Altaskifer. Vi måtte forsterke taket før nytt tak blei lagt, då det ikkje var sterkt nok for å bære skiferstein og snølast etter dagens standard. Nokre deler av taktroa var naudsynt å bytte ut og forbetre. Heile bygget er malt på nytt, kledning og alle vindauge. Det er satt inn eit nytt vindauge på baksida, og det er gjort nokre utbetringer rundt inngangspartiet.



- **Ivantun:**

Heile tak-konstruksjonen er skifta ut då store delar hadde råte og var i svært dårleg stand. Taket ved dei to inngangspartia er nå bygd i hop med hovudtaket. Skiferstein er vaska og brukt opp att og supplert med skifer frå eit av dei sanerte hybelhusa. Det er bytta ut 43 vindauge, ei inngangsdør og to terrassedører.



Foto: Anette Sæland

- **Mariebo:**
Det er skifta ut 4 store vindauge, og noko ny bordkledning i same område som desse vindauga. Det er stort behov for ny maling på denne bygninga for å unngå vidare skade på kledning.
- **Oppigarden:**
43 vindauge er skifta ut. Ein del kledning var og nødvendig å bytte ut på grunn av fukt og råte. Ein stad var taket ikkje blitt lagd på korrekt måte under renovering for nokre år sidan. På grunn av fuktskade var det nødvendig å utbetre dette.
- **Solstua:**
Det er etablert nytt uteområde med terrasse, rekkverk og le-veggar. I tillegg er ein veranda på bygget utbetra.

Tomrefjord:

- **Tomrefjord skule:**
Renovert toalett i kjellaren på Tomrefjord skule. Trappegang er renovert. Skifta ut tre ytterdører.
- **Tomrefjord idrettsbygg:**
Byggestart for renoveringa var 2. oktober 2017. I løpet av hausten er alt rivearbeidet gjennomført. Rivearbeidet har mellom anna avdekkat fuktproblema i hallen er store. Det er også avdekkat at under oppføringa av bygget var det gjort ein del merkelege og enkle løysningar. Dette tek vi omsyn til no og utbetrar. Betongveggane er realkalisert, taket er reisolert og tekka på nytt på store delar av bygget. Gravearbeid med drenering rundt bygget er meir omfattande enn det ein først såg føre seg. Store delar av usikkerheita er derimot blitt betrakteleg lågare no, då bygget no berre består av ytterveggar og open konstruksjon.




Foto: Anette Sæland



Overdraging av eigedomar, kjøp/sal.

- Eininga har i 2017 gjennomført ca. 10 større og mindre eigedomsoverdraginger. Dette gjeld alt frå mindre justeringar av grenser mellom kommunalt og privat areal til kjøp av større næringsareal på Trohaugen og i Misfjordskogen. Slike eigedomsoverdraginger inneber tett samarbeid med kommunens oppmålingsansvarleg og planavdeling, samt økonomisk oppgjer og heimelsoverføringer.
- Sal av det gamle kommunehuset i Tresfjord.

Offentlege anskaffingar

- Det er gjennomført anbod på leasing av 14 bilar til heimetenestene, PPT, eining for rus/psykiatri, legevakt, helsestasjon og barnevern. Dette er ein av dei mest arbeidskrevjande anskaffingane kommunen gjer og omfattar mellom behov for å skaffe seg kunnskap om aktuelle bilar, behovskartlegging hos brukarane, utarbeiding av anbodsmateriell, vurdering av innkomne tilbod, testkjøring av bilane, samanfatning av tildelingskriteria, samt eventuell klagebehandling. I tillegg kjem oppfølging i kontraktstida.

Forutan dei bygge- og renoveringsprosjekta som er beskrive tidlegare i avsnittet, har eininga i 2017 gjennomført desse anskaffingane (både for eiga og andre einingar i kommunen): kunnskapsrapport om integrering i Vestnes kommune, prosjektbistand til konseptstudie for ny Vestnes ungdomsskule, innleige av prosjektleiar til nytt helse- og velferdssenter, opparbeidning/utbetring av offentleg turveg i Skorgen, slagverksinstrument til Kulturskulen, ventilasjonsfilter, fire nye ladepunkt til tenestebilar.

- Fleire i eininga har delteke på kurs/kompetanseheving innanfor reglane om offentlege anskaffingar og bygge- og entrepriserett.

11.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

- Nytt leikeplassutstyr med fallunderlag montert opp ved Fiksdal barnehage
- Sklie montert opp ved Helland barnehage, nedre
- Starta opp med renovering av Tomrefjord idrettsbygg
- Skifta ut mange vindauge på fleire bygg på Myraområdet. Tiltaket gir betre inneklima og trivsel både blant beboarar og tilsette.
- Solstua – utbetra uteområde og etablert nye terrassar/veranda.
- Bistå ved anskaffingar som t.d. opparbeidning/utbetring av offentleg turveg i Skorgen og instrument til kulturskulen.



Foto: Kari Kvithaug

11.6 KOSTRA-tal på området

- egedomsdrift	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
Nto. utg. Komm. Egedomsforv. pr innb.	2 629	4 710	5 082	4 681	3 617	4 977	3 897
Areal i m ² pr. innbyggjar	6,1	5,1	4,8	6,6	5,6	5,4	4,3
Netto driftsutgift pr. innbyggjar							
- administrasjonslokaler	76	381	377	136	641	501	489
- barnehagar	441	447	527	369	292	411	314
- grunnskule	1 072	2 180	2 178	2 164	1 927	2 099	2 203
- institusjonslokale	462	915	956	873	596	888	582
- idrettsbygg	332	411	510	488	81	576	130
- kulturbygg	243	210	265	416	111	247	0
Komm disp. bustadar pr 1000 innb.	28	23	21	16	20	22	15
Energikostnad pr m ² (kroner)	149	108	109	132	53	113	117

- Vi bruker mindre på egedomsforvaltning enn fylkes- og landsgjennomsnitt.
- Vi har fleire kommunale bustadar og areal pr. innbyggjar enn gjennomsnitt og det nabokommunane har. Det har nok samanheng med at vi har mange utleigebustadar som vart bygd i samanheng med ansvarsreforma.
- Energikostnaden pr. m² i kommunale bygg er høg.

11.7 Økonomisk resultat 2017

Tal i 1000 kr	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017			Budsjett 2017	Avvik og i %	
		Utgifter	Inntekter	Netto		i kroner	%
Administrativ leiing	896	865	0	865	925	-60	-6,5
Kommunale bygningar	17 601	39 298	20 143	19 155	18 851	304	1,6
Kommunale utleigebygg	834	3 371	2 451	920	483	437	90,5
Kommunale utlegebygg PU	45	5 821	6 146	-325	68	-393	-577,9
Kommunale omsorgsbustadar	871	4 919	3 877	1 042	916	126	13,8
Utleige flyktningar		2 338	2 279	59	0	59	
Drift Myra området	6 852	10 823	3 919	6 904	7 787	-883	-11,3
Felleskostnadar vaktmester m.m.	-1 341	3 191	4 479	-1 288	-2 260	972	-43,0
Bustad og industriområder	989	1 747	863	884	1 061	-177	-16,7
Sum egedomsdrift	26 747	72 373	44 157	28 216	27 831	385	1,4

- Eininga hadde eit meirforbruk på knappe 0,4 mill. kr.
- Netto driftsutgifter auka med kr 1.469.000,-, eller 5,5%.
- Av utgiftene er ca 26,0 mill. kr kapitalkostnadar (rente og avdag) som vert belasta egedomsdrift. Dette er kun ei intern føring.

- Eigedomsdrift har stor omsetning, det meste (eks. kapitalkostnadar) vert dekka av husleigeinntekter, både eksterne og interne.

Utvikling 2014 – 2017

Tal i 1000 kr	Rekneskap				Endring sum	14 - 17 i %
	2014	2015	2016	2017		
Administrativ leiing	5	840	896	865	860	
Kommunale bygningar	17 995	18 155	17601	19155	1 160	6,4
Kommunale utleigebygg	241	588	834	920	679	281,7
Kommunale utlegebypgg PU	-82	370	45	-325	-243	296,3
Kommunale omsorgsbustadar	1 162	932	871	1 042	-120	-10,3
Drift Myra området	4 493	4 203	6 852	6 904	2 411	53,7
Felleskostnadar vaktmester m.m.	726	1 185	-1 341	-1 288	-2 014	-277,4
Bustad og industriområder	1 070	856	989	884	-186	-17,4
	25 610	27 129	26 747	28 157	2 547	9,9

- Drift av kommunale utleigebygg PU er sjølvfinansiert, husleigeinntektene dekker både driftsutgifter og kapitalkostnadar.
- I ordinære kommunale utleigehusvære og omsorgsbustadar (senior Plaza) dekker husleigeinntektene ikkje alle utgiftene.

11.8 Einingsleiar sine tiltak for å halde budsjettet

Einingsleiar Mona Janne Johansen:

- Eininga kjøper ein god del handverkstenester. I 2018 vil vi tilsette ein ekstra medarbeidar slik at vi får auka eigen kapasitet. Vi sparar då noko tenestekjøp.
- Ser til at utgifter og kostnader blir ført rett i rekneskapen (vurderer om det er drifts- eller investeringsbudsjett)
- Auka fokus på kva vi har kapasitet til å gjennomføre, og å skilje ut typiske «serviceoppgåver». Vi må i større grad berre gjere det som er høgst nødvendig.
- Avgrenser utgifter ved behov for oppgradering av bustader.
- Krevje internhusleige i dei tilfelle andre einingar tek i bruk utlegebustader til andre formål (t.d. personalbase) eller avventar med å tildele bustad på nytt.
- Vakante stillingar blir ikkje besatt

Kap 12 Økonomi og rekneskap

12.1 Innleiing

Rekneskapen for 2017 er ferdig avslutta og vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning i eiga sak. Viser til denne for utfyllande informasjon, den saka har også vedlagt mange detaljerte oversikter.

Administrasjonssjefen vil i årsmeldinga kommentere ein del forhold rundt drifta i 2017 og vise utviklinga på ein del område siste åra. Det vert også knytta ein del kommentarar til område der det er større avvik mellom budsjett og endeleg resultat.

12.2 Resultat

Netto driftsresultat

Dette er resultat før bruk/avsetning til fond. Dette er det offisielle resultatmålet når ein vurderer økonomisk resultat for kommunesektoren.

Netto driftsresultat 2017 vart:

Kr 4 610 995,92

Det utgjer 0,72 % av driftsinntektene. Dette er for lite. Teknisk beregningsutval rår til at overskott bør være minst 1,75 %.

Resultatet er likevel bedre enn siste åra, i 2014 var det eit negativt resultat på knapt 4,9 mill. kr og i 2016 positivt resultat på 1,5 mill. kr.

Resultat samanlikna mot budsjett

Når vi ser på rekneskapsresultatet etter bruk/avsetning til fond m.m. får vi det resultatet som gjev rettast biletet av drifta i 2017 sett opp mot kommunestyret sitt budsjettvedtak.

- **Rekneskapen viser eit overskott (mindreforbruk) på**

Kr 4.162.715,84

- Det var budsjettet med eit overskott på 4,8 mill. kr, resultatet vart kr 637.000,- mindre enn budsjettet.
- Administrasjonen er likevel er svært nøgd med at vi greidde dette. Det kom til mange ekstra kostnadar gjennom året og vi var usikker på om vi ville klare overskott.

Dei største avvika mellom rekneskap og budsjett er:

Alle tal i 1000 kr	
- Skatt- og skatteutjamning	1 731
- Rammeoverføring	-132
- Tilskott til ressurskr. Brukarar	3 061
- Integreringstilskott	1 473
- Ymse eksterne inntekter	-1 105
Meir inntekt	5 028

Utgifter	
- Driftsutgifter, meirutgifter	5 635
- Renter og avdrag	31
Mindre forbruk	5 666


"mindre overskott enn budsjettet "	-638
------------------------------------	------

- **Skatt- og skatteutjamning** vart 1,7 mill. kr høgre enn budsjettet, sjå nærmere omtale seinare under kap. 12.5 inntekter.
- **Integreringstilskott** vart også høgre enn budsjettet, 1,5 mill. kr, og tilskott til ressurskrevjande brukarar 3,1 mill. kr høgre enn budsjettet.
- Ein del andre inntekter vart mindre enn budsjettet, men samla vart dei eksterne inntektene vel 5,0 mill. kr høgre enn budsjettet.
- Sjølvé drifta hadde eit meirforbruk på 5,0 mill. kr. Det gjev likevel eit feil bilet av situasjonen då ein del av meirinntektene (Tilskott ressurskrevjande brukarar og integreringstilskott) må sjåast i samanheng med meirforbruk på drifta.
- Det er utgiftsført 2,4 mill. kr i «tapsføringar». Det gjeld uteståande fordringar som tidlegare år er inntektsført, men som av ulike årsaker ikkje vert betalt.

12.3 Netto driftsresultat siste åra

	Netto driftsresultat
2008	-51 758 000
2009	11 450 000
2010	16 430 000
2011	-8 320 000
2012	32 406 000
2013	-870 000
2014	6 631 000
2015	-4 894 000
2016	1 508 000
2017	4 611 000

Årsak til det "gode" resultatet i 2012 var at i samband med inndecking av tidlegare års underskott kjøpte Vestnes kommune aksjer for 32,0 mill. kr i VEAS. Som motyting fekk vi utbetalt tilsvarende sum i ekstraordinært utbytte. Dette er årsak til høgt netto driftsresultat, reelt sett var resultatet berre 0,4 mill. kr.



- Netto driftsresultat har variert mykje frå år til år. Årsak til dette kan m.a. være:
 - Vestnes hadde i mange år midlar plassert i aksjefond og då hadde utviklinga på børsen innverknad.
 - Kor godt vi klarer å tilpasse drifta til dei økonomiske rammene, og holde drifta innanfor vedtatt budsjett
 - Politiske prioriteringar frå sentralt hald har også stor innverknad då størstedelen av inntektene vert bestemt av Stortinget.
- I 2008 var det eit negativt driftsresultat på 51,8 mill. kr. Det vert ofte vist til at det skuldast børsfall det året. Det faktiske forholdet er at 28,0 mill. kr skuldast børsen, medan resten nær 24,0 mill. kr gjaldt drifta elles, spesielt meirforbruk på drifta inkl. renter og avdrag.
- Netto driftsresultat har vore altfor lavt seinare år, det er ikkje bærekraftig i lengda.

12.4 Inntekter

alle tal i 1000 kr	2 016	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Statlege overføringer				
Skatt og skatteutjamning	179 224	184 700	183 000	1 700
Rammeoverføring	148 541	158 199	158 300	-101
Vertskommunetilskott	102 945	103 790	103 800	-10
Tilskott ressurskr. brukarar	20 343	27 261	24 200	3 061
Integreringstilskott	13 797	14 173	12 700	1 473
Komp. Eldreutb./skule/kyrkje m.m.	2 547	1 571	2 600	-1 029
Statlege overføringer	467 397	489 694	484 600	5 094
Andre eksterne inntekter				
Avkastning kraftfondet				0
Ubytte VEAS	5 300	6 100	6 100	0
Eigedomsskatt	9 283	18 934	19 000	-66
Sum andre inntekter	14 583	25 034	25 100	-66
Sum eksterne inntekter	481 980	514 728	509 700	5 028

Skatt- og skatteutjamning

Skatteinntektene var budsjettet som oppgitt i statsbudsjettet, men vart korrigert både i driftsrapport pr. juli og pr. 3. kvartal.

Skatteinngangen på landsbasis auka meir enn rekna med i statsbudsjettet. Men i Vestnes vart det ikkje så stor auke grunna nedgang i folketal.

Grunna at vi er minsteinntektskommune, skatteinntekt pr. innbyggjar mindre enn landsgjennomsnitt fekk vi kompensert delar av dette ved skatteutjamning.

Skatteinntekt og skatteutjamning viser følgjande tal:

	2016	2017	Endring
Skatteinntekt	156 952 000	160 490 000	3 538 000
Inntektsutjamning	22 271 000	24 210 000	1 939 000
Sum skatt- og innt. Utj.	179 223 000	184 700 000	5 477 00

Skatteinntekter

- **Skatteinntektene utgjer kr 24.402,- pr. innbyggjar. Ein auke på 2,8 % frå 2016, på landsbasis var auken 3,6 %.**
- **Skatteinntektene i Vestnes utgjer 81,96 % av landsgjennomsnittet som er kr 29.779,-**
Tilsvarande tal for 2014 88,8%, 2015 88,4% og 2016 82,6%.
- **Grunna at vi har lågare skatteinngang enn landsgjennomsnittet får vi kompensert delar av dette tapet gjennom skatteutjamningstilskott.**
Vi fekk vel 24,2 mill. kr i slik inntektsutjamning i 2017.
- **Skatt- og skatteutj. utgjer då tilsaman kr 28.083,- pr. innbyggjar som tilsvarer 94,8 % av landsgjennomsnittet.**
- **Hadde skatt- og inntektsutjamning i Vestnes vore lik landsgjennomsnitt ville vi hatt ca. 11,2 mill. kr meir i inntekt.**

Tilskott ressurskrevjande brukarar

Tilskottet auka frå 20,3 mill. kr i 2016 til 27,3 mill. kr i 2017. Dette grunna fleire brukarar og større hjelpebehov til fleire av dei brukarane som var frå før.
Kravet er enno ikkje revidert. Direktoratet har bedt revisjonen foreta strengare kontroll enn tidlegare og det er også innskjerpa krav på kva utgifter vi kan ta med i kravet. Det kan difor hende at kravet blir redusert, i så fall vert det å tilbakeføre/utgiftsføre som tap på krav i 2018.

Utbytte VEAS

Det var i utgangspunktet budsjettert med eit utbytte på 5,0 mill. kr. Når det vart kjent at utbytte vart 6,1 mill. kr vart budsjettet korrigert i driftsrapport pr. juli 2017.
Tilsvarande var utbytte i 2016 5,3 mill. kr.

Asyl og integreringstilskott

Statleg tilskott til flyktningane som er busett i Vestnes kommune sidan 2013. Tilskottet skal dekke utgiftene kommunen har. Asyl- og integreringstilskott vart 1,3 mill. kr høgre enn budsjettet. Årsak: det vart busett fleire flyktningar enn det som var føresett i budsjettarbeidet

Eigedomsskatt

2017 er sjette året med eigedomsskatt. Skattesats var 2 promille fram t.o.m. 2016, frå 2017 er eigedomsskatten auka til 4 promille.

Det er utskrive følgjande eigedomsskatt:

- Næringseigedommar kr 3,932.000,-
- Bustader og fritidseigedommar kr 15.002.000,-
- Sum eigedomsskatt kr 18.934.000,-

Eigedomsskatten auka med 9,7 mill. kr frå 2016, dette sjølv sagt grunna at eigedomsskatten vart dobla frå 2017.

Havbruksfond

Stortinget har vedteke å opprette eit Havbruksfond. Frå og med 2016 skal 80 % av inntektene frå framtidig vekst i oppdrettsnæringa fordelast gjennom Havbruksfondet til kommunal sektor (kommunar og fylkeskommunar). Fiskeridirektoratet er ansvarleg for utbetalingane.

Alle kommunar og fylkeskommunar som har lokalitetar for oppdrett av laks og aure i sjøvatn får ein respektiv andel av inntektene som skal fordelast årleg.

Første utbetaling var i 2017, Vestnes fekk kr 163.000,-, vi håper på ein noko større sum i 2018.

Eigeninntekter


Utvikling i ein del av eigeninntektene:

Tal i mill. kr	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Trygderefusjon ved sjukefråvær	13,9	18	16,2	19,7	18,6	16,3
Refusjon fødselspenger	2,4	2,9	1,9	4,2	3,9	5,5
Leigeinntekter bustadar	9,6	9,6	10,3	10,6	11,9	11,9
Betaling pasienter på institusjon	12,2	12,5	12,3	13,8	12,8	14,4
Årsavgift kloakk	6,3	6,5	6,7	7,4	8	8,6
Renovasjonsavgift	6,7	6,9	6,9	6,4	6,7	5,9
Betaling frå foreldre(barnehage, SFO m.m.)	9,4	10	10,7	11,2	10,6	11,2
Eigedomsskatt	8,6	8,6	9	9,1	9,3	19

- Trygderefusjonar (ved sjukefråvær) er redusert med 2,3 mill. kr. Dette må vi sjå lag med at også sjukevikarutgiftene er redusert og sjukefråværet har gått ned.
- Refusjon ved fødselspermisjon er auka, kanskje er det tilsett ein del yngre personar i kommunen siste åra som igjen gjer at fleire kommunalt tilsette får barn.

12.5 Renter og avdrag

Tal i 1000 kr	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Netto renteutg.	13 301	23 539	12 308	11 521	12 839	13 738	14 386	18 260	17 910	7 805	5 805
Avdrag *	11 500	12 944	13 875	15 708	15 662	15 566	15 803	16 886	17 867	13 356	16 340
Sum	24 801	36 483	26 183	27 229	28 501	29 304	30 189	35 146	35 777	21 161	22 145



- I 2007 auka renta kraftig og fortsette med det i 1. halvår 2008, etter den tid gjekk renta ned att når finanskrisa kom.
- I 2014 auka renteutgiftene grunna høgre fastrente og mykje bruk av kassekredittlån.
- I desember 2015/januar 2016 innløyste vi kraftfondet, til saman 165,9 mill. kr. Summen vart brukt til ekstra nedbetaling av lån, 112,1 mill. kr og resten 53,8 mill. kr vart brukt til nedbetaling av kassekreditt.
- Det gjer at både renter og avdrag vart mykje redusert i 2016.
- I tillegg gjekk fastrenteavtalen vår ut i slutten av første kvartal 2016. Vi hadde fastrente på 250,0 mill. kr av låna, rentesats 4,7 %. No er det inngått fastrenteavtale på langt lågare rente (sjå under).
- Renteutgiftene gjekk også noko ned i 2017 grunna lågare rente, men avdrag auka slik at samla vart det ein auke på renter og avdrag på 1,0 mill. kr.

12.6 Finans- og gjeldsrapport

I flg. Finans- og gjelsreglementet, som vart vedteke av kommunestyret 15. september 2016, sak KST 79/16, skal administrasjonen rapportere status for finans- og gjeldsforvaltninga til kommunestyret minst to gonger i året i tillegg til rapportering i årsmeldinga.

Nedanfor følgjer ein oversikt over låna våre pr. 31.12.17:

Långjevar	Lånenr.	Opprinneleg beløp	Restgjeld	Rente	Rrenteveilkår	Bindingstid	Nedbetalt
Kommunalbanken	20160317	109 836 000	67 930 370	1,70	Fast rente	30.06.2021	2041
Kommunalbanken	20160318	71 940 000	63 202 380	1,97	Fast rente	11.08.2023	2040
Kommunalbanken	20140358	19 063 000	16 394 180	2,69	Fast rente	20.06.2019	2039
Kommunalbanken	20150041	29 550 000	26 595 000	1,30	Fast rente	29.01.2018	2040
Kommunalbanken	20120500	16 725 000	13 937 500	1,72	P.t. rente		2042
Kommunalbanken	20160342	64 649 000	59 433 004	1,76	P.t. rente		2046
Kommunalbanken	20170325	53 058 000	53 058 000	1,40	P.t. rente		2042
KLP kommunekreditt	46847		4 907 000	1,81	Nibor-3 mnd		2024
KLP kommunekreditt	28032		68 250 000	1,78	Nibor-3mnd		2042
Husbanken	14603322	1 029 000	63 610	1,51	Flytande		2019
Husbanken	14608740	6 450 000	1 841 232	1,51	Flytande		2024
Husbanken	14612696	1 205 000	415 411	1,51	Flytande		2024
Husbanken	14615064	32 869 940	7 888 778	0,51	Flytande		2023
Husbanken	Startlån	1 000 000	427 554	1,51	Flytande		2028
Husbanken	Startlån	1 000 000	754 004	1,51	Flytande		2035
Husbanken	Startlån	6 000 000	5 721 462	1,51	Flytande		2037
Husbanken	Startlån	10 000 000	9 089 647	1,51	Flytande		2038
Husbanken	Startlån	4 000 000	3 780 752	1,51	Flytande		2039
Husbanken	Startlån	2 000 000	1 964 007	1,51	Flytande		2046
Husbanken	Startlån	8 000 000	8 000 000	1,51	Flytande		2046
413 653 891							

- 42,1 % av låna er knytt til fast rente med atteståande løpetid på mellom 1 mnd og 5,5 år.
- Gjennomsnittleg bindingstid (vekta rentebinding) for alle låna er 1,5, og snitt bindingstid for låna med fastrente er 3,5 år.
- Snitt rente pr. 31.12.17 var 1,70 %. Det har vore ein svak reduksjon i 2017, signala er at renta no vil få auke i åra som kjem og allereie i 2018.
- Startlån utgjer 29,3 mill. kr.
- Alle låna er ordinære lån, dei fleste serielån. Det er ikkje lån i sertifikat- eller obligasjonsmarkedet.
- Vi har ingen lån som må refinansierast i løpet av dei neste 12 månadane.

Låna er fordelt på følgjande bankar:

	Lånesum
Kommunalbanken	300 550 434
KLP Kommunekreditt	73 157 000
Husbanken	39 946 457
	413 653 891


Av låna våre er:

- kr 42.153.179,- knytt til sjølvkostområda, og renter/avdrag dekt gjennom gebyrinntekter
- kr 52.525.050,- knytt til div. kompensasjonsordningar, og her dekker staten all rente og avdrag på ein del av låna
- kr 29.737.426,- gjeld startlån
- ein del lån gjeld utbygging av husvære i samband med ansvarsreforma, her dekker husleigeinntekter renter og avdrag på desse låna. Vi har ikkje eigen oversikt på nøyaktig kor mykje dette utgjer, men vi belastar 2,3 mill. kr i renter og avdrag dette formålet.

Utvikling i lånegjeld

Tal imill. kr	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Oppnak av lån	1	21	16,8	26	26	31,5	72,6	53,3
Avdrag *	18,4	15,7	16,9	15,8	16,9	130,1	13,3	18
Endring	-17,4	5,3	-0,1	10,2	9,1	-98,6	59,3	35,3
Lånegjeld	393,2	398,5	398,4	408,6	417,7	319,1	378,4	413,7

- Inkl. avdrag startlån.
- Betalte avdrag, inkl. startlån, var 18,0 mill. kr. Avdraga tilsvarte minste lovlege avdrag etter vekta levetid på anleggsmidlane.
- I tillegg brukte vi ved årsskiftet 10,6 mill kr av kassekreditten, innvilga ramme 120,0 mill. kr. Ved utgangen av 2016 var tilsvarande tal 59,27 Det har samanheng med at fleire store investeringsprosjekt som det var teke opp lån til i 2017 enno ikkje er starta/eller ferdig.




- Lånegjelda 31.12.17ar 413,7 mill. kr, det er ein auke på 53,3 mill. kr frå året før.
- Netto lånegjeld auka med 35,3 mill kr i 2017.
- I 2015 var det ein reduksjon på 98,6 mill. kr, dette grunna ekstra nedbetaling når vi avvikla fondsplassering.
- Netto lånegjeld pr. innbyggjar (Kostra tal) er kr 58.073,- Fylkesgjennomsnitt er kr 86.101,- og landsgjennomsnitt kr 70.222,-.

12.7 Resultat på einingsnivå

	Rekneskap 2016	2017		Avvik 2017	
		Rekeskap	Budsjett	i kroner	og i %
Politisk styring Sentraladministrasjonen Servicekontor Fellesutgifter Sum sentraladm. m.m.	6 330	6 523	6 466	57	0,9
	10 799	12 564	12 487	77	0,6
	2 848	2 337	2 749	-412	-15,0
	14 698	13 094	11 217	1 877	16,7
	28 345	27 995	26 453	1 542	5,8
	Fiksdal skule	5 549	5 403	504	7,1
	Tomrefjord skule	23 231	24 669	184	0,8
	Helland skule	33 585	33 198	-314	-0,9
Fiksdal skule Tomrefjord skule Helland skule Tresfjord skule PPT Fellesutg undervisning Sum grunnskule	Tresfjord skule	5 394	5 574	105	1,9
	PPT	2 788	2 688	-379	-12,4
	Fellesutg undervisning	8 050	10 678	1 733	19,4
	Sum grunnskule	78 597	82 210	80 524	1 686
	Tomrefjord barnehage	3 269	3 639	109	3,1
	Tresfjord barnehage	2 858	3 270	191	6,2
	Helland barnehage	12 766	14 551	467	3,3
	Fiksdal barnehage	2 480	2 400	-42	
Tomrefjord barnehage Tresfjord barnehage Helland barnehage Fiksdal barnehage Gardstunet barnehage Skorgen barnehage Fellesutgifter barnehagar Private barnehagar Sum barnehagar	Gardstunet barnehage	4 325	4 361	-71	-1,6
	Skorgen barnehage	1 373	0	0	
	Fellesutgifter barnehagar	3 582	3 955	-119	-2,9
	Private barnehagar	8 972	9 348	21	0,2
	Sum barnehagar	39 625	41 524	40 968	556
	Vestnes kulturskule	4 773	4 932	393	8,7
	Kultur	2 120	2 340	-504	-17,7
	Bibliotek	1 245	1 448	-22	-1,5
Vestnes kulturskule Kultur Bibliotek Frivilligheitssentral Kyrkjelege formål Sum Kultur	Frivilligheitssentral	564	734	-138	-15,8
	Kyrkjelege formål	4 441	4 765	65	1,4
	Sum Kultur	13 143	14 219	14 425	-206
Barne- og ungdomst. Kvalifisering og integrering Heimetenestene Vestnes sjukeheim Hellandtunet Fellesutg. Plei- og omsorg Helsevern NAV - sosial kommune Sum helse, omsorg, velferd	Barne- og ungdomst.	21 169	29 976	-1 613	-5,1
	Kvalifisering og integrering	10 117	10 706	1 293	13,7
	Heimetenestene	37 671	39 341	554	1,4
	Vestnes sjukeheim	51 384	51 063	-931	-1,8
	Hellandtunet	24 630	25 305	-484	-1,9
	Fellesutg. Plei- og omsorg	1 381	3 906	1 112	39,8
	Helsevern	9 590	10 310	305	3,0
	NAV - sosial kommune	5 928	6 259	198	3,3
	Sum helse, omsorg, velferd	130 584	136 184	135 430	754
Bu- og habiliteringstenesta Eigedomsdrift Tekniske tenester Kjøp tenester Tremek	Bu- og habiliteringstenesta	113 176	121 445	1 294	1,1
	Eigedomsdrift	26 747	28 217	386	1,4
	Tekniske tenester	15 706	14 445	-105	-0,7
	Kjøp tenester Tremek	2 612	2 490	-10	-0,4
	Sum netto driftsutgifter	486 151	515 934	510 300	5 634
					1,1

12.8 Kvar bruker vi pengane


Rammeområder kr	tal i 1000	Rekneskap	i % av totalforbruket
		2017	
Politisk verksemd	6 523		1,3
Sentraladm/servicektr/fellesutg	27 995		5,4
Grunnskule	82 210		15,9
Barnehage	41 524		8,0
Kulturskulen, almen kultur og fritid	14 219		2,8
Barne- og ungdomstenestene	29 976		5,8
Kvalifisring og integrering	10 706		2,1
Helse, omsorg og velferd	136 184		26,4
Bu- og habiliteringstenestene	121 445		23,5
Teknisk sektor	14 445		2,8
Eigedomsdrift	28 217		5,5
Kjøp tenester Tremek as	2 490		0,5
Sum driftsutgifter	515 934		100,0



- Pleie- og omsorg (helse, omsorg og velferd og Bu- og habiliteringstenestene) er dei klart største sektorane i kommunen med nesten 50 % av kommunen sitt netto forbruk.
- Grunnskule og barnehage er dei andre store sektorane med 24 % av forbruket.
- Samla bruker dei sektorane som er nemnt ovanfor 74,0 % av netto driftsutgifter.

Utvikling siste åra

Rammeområder	/tal i 1000 kr	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Endring i % 2014 - 2017
Politisk verksemd	5 297	6 279	6 330	6 523		23,1
Sentraladm/servicektr/fellesutg	23 976	17 386	28 345	27 995		16,8
Grunnskule	71 083	74 211	75 809	82 210		15,7
Barnehage	38 112	39 954	39 625	41 524		9,0
Kulturskulen, almen kultur og fritid	12 010	12 619	13 143	14 219		18,4
Barne- og ungdomstenestene	27 396	29 368	31 403	29 976		9,4
Helse, omsorg og velferd	139 659	127 717	133 250	136 184		-2,5
Bu- og habiliteringstenestene	108 754	109 949	113 176	121 445		11,7
Eigedomsdrift	25 611	27 129	26 746	28 217		10,2
Teknisk sektor	12 552	13 194	15 706	14 445		15,1
Sum driftsutgifter	464 450	457 806	483 533	502 738		8,2



Figuren viser utvikling i kostnadene siste åra i prosent

- Grunnen til nedgang i helse, omsorg og velferd skuldast at kommunen i 2014 betalte 7,9 mill. kr tilbake til staten i samband med samhandlingsreform og kjøp av spesialisttenester. Den ordninga er no avvikla. Korrigert for dette vil det være ein auke på 4,4 mill. kr eller 3,4%.
- Auken har vore i heimetenestene og då spesielt heimesjukepleien, på institusjonsdrifta er det ingen auke.
- Dei store sektorane har lite eller ingen reell auke i utgiftene i perioden når vi korrigerer for løns- og prisauke i perioden.

12.9 Kva bruker vi pengane til

- Lønsutgifter og sosiale kostnader er den klart største utgiftsposten til kommunen og utgjer 72 % av samla driftsutgifter.
- For mange sektorar utgjer løn og sosiale utgifter langt høgre del av utgiftene, nemner barnehage og skule med 90 %, og Bu- og habiliteringstenestene 95 %.

Ein del av utgiftsartane våre:

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Endring i % 2012 - 2017
Løn faste stillinger	193,8	208,0	216,5	227,3	229,2	237,1	22,3
Arbeidsgjevaravgift	46,4	49,2	43,2	38,6	39,5	43,2	-6,9
Pensjonspremie	34,8	40,0	43,7	45,1	48	48,4	39,1
Avtalefesta tillegg	29,7	33,4	33,0	32,3	32,7	34,5	16,2
Sjukevikarar	20,3	20,4	18,0	17,7	18,6	16,6	-18,2
Ferievikarar	8,4	8,4	8,3	8,1	8,4	8,7	3,6
Overtid	5,4	6,5	5,3	5,0	5,8	6,6	22,2
Løn/godtgjersle fosterheimar	3,7	3,9	5,2	6,8	5,8	6	62,2
Brensel/ elektrisk energi	7,8	10,1	9,6	10,6	9,6	9,1	16,7
Inventar og utstyr	4,3	3,5	3,9	2,6	3,5	3,4	-20,9
Private barnehagar	11,2	10,3	8,3	8,6	9,1	9,5	-15,2
Kjøp reinhaldstenester	2,7	3,4	3,3	3,5	3,5	3,3	22,2
Skuleskyss	2,7	2,7	2,6	2,6	2,4	2,7	0,0

- Pensjonsutgiftene har auka mykje i perioden, meir enn auken i lønsutgiftene. Det var spesielt fram til 2014 auken var stor og har vore mindre siste åra. Det har nok samanheng med låg lønsauke, og dermed mindre auke i pensjonsforplikingane, som gjer dette. Aukar lønsveksten att i kommande år, vil pensjonsutgiftene auke meir.
- Arbeidsgjevaravgifta er redusert, og det har sjølv sagt samanheng med at vi fekk redusert sone for arbeidsgjevaravgift frå 01.07.14. Likevel betalte vi i 2017 tilbake 43,2 mill. kr til staten.
- Overtidsbruken auka kraftig i mange år. I 2014/2015 vart det sett sterkt fokus på at den skal reduserast og det såg vi effekt av. Utgiftene har auka att i 2016 og 2017.
- Det er gledeleg at sjukevikarutgiftene har gått ned. Det har nok samanheng med sparetiltak, vert tatt inn mindre vikarar enn tidlegare, men det skuldast også at sjukefråveret gjekk ned i 2017.
- Det vert brukt lite på kjøp av inventar og utstyr, og ingen auke i perioden.

12.10 Investeringsrekneskap

Det var godkjent følgjande sum til investering i 2017:

• KST 140/16 - Investeringsbudsjett 2017	kr 53.160.000,-
• KST 3/17 - Ørskogfjell skisenter AS - auka aksjekapital	kr 3.700.000,-
• KST 14/17 - Overført unyttaløying frå 2016	kr 63.412.000,-
• KST 14/17 - Kjøp av stigebil	kr 2.400.000,-
• KST 28/17 - Rehabilitering av Vestnes kunstgrasbane	kr 2.523.000,-
• KST 43/17 - Oppgradering trådlaust nett skulane	kr 1.100.000,-
• KST 53/17 - Kjøp av areal Trohaugen	kr 4.665.000,-
• KST 73/17 - Kapitalinnskudd KLP	kr 2.503.000,-
• KST 66/17 - Tomrefjord idrettsbygg, renovering	kr 66.291.000,-
Sum budsjett investeringsbudsjett	<u>kr 199.754.000,-</u>

Rekneskapen viser følgjande utgifter:

• Investeringer i anleggsmidlar	kr 72.214.118,-
• Utlån og forskoteringar	kr 1.124.671,-
• Kjøp av aksjar og andelar *	kr 6.202.454,-
• Avdrag på utlån	kr 2.521.295,-
Sum investeringsutgifter 2017	<u>kr 82.062.538,-</u>

Aksjekjøp gjeld:

• Eigenkapitalinnskott KLP	kr 2.502.454,-
• Ørskogfjell skisenter as	kr 3.700.000,-

Det var unyttaløying på 117,7 mill. kr. Det er investeringar i anleggsmidlar (prosjekt løyvd av kommunestyret) som er langt lågare enn budsjettet.

Årsak til dette er at ein del prosjekt det er gitt løyving til ikkje vart starta opp/eller vart ferdig i 2017.

Nemner store prosjekt som hadde att unyttaløying

• Sjøfronten	22,3 mill. kr
• Tomrefjord idrettsbygg, rehabilitering	60,1 mill. kr
• Buktavegen	5,4 mill. kr
• Kommunale byggjefelt Åslia, Bakneset	7,3 mill. kr
• Misfjordskogen industriområde	5,4 mill. kr

Unyttaløying vert i eiga sak til kommunestyret i mars 2018 tilrådd overført til 2018.

Viser til sak om årsrekneskap 2017, der vedlagte rekneskapshefte har med meir informasjon om investeringsrekneskapen, m.a. note 2B som gjev oversikt over alle investeringsprosjekta.

Kap 13 Politisk verksemd i 2017

Nedanfor har administrasjonssjefen oppsummert ein del av dei største og mest omfattande sakene som vart behandla i Vestnes kommunestyre gjennom året 2017. Det er også lagt til noko informasjon for å sikre heilskapen i framstillinga.

Oversikt over møte i 2017

Utval	Tal på møte/saker i 2017
Kommunestyre	11 møte * / 117 saker
Formannskap	9 møte / 104 saker
Planutval	11 møte / 108 saker
Valstyre	2 møte / 16 saker
Administrasjonsutval	4 møte / 17 saker
Råd for funksjonshemma	7 møte / 38 saker
Eldreråd	7 møte / 39 saker
Ungdomsråd	8 møte / 39 saker
Næringsfondsutval	2 møte / 33 saker
Sakkunnig nemnd	2 møte / 8 saker
Sakkunnig ankenemnd	1 møte / 5 saker
Arbeidsmiljøutvalet	4 møte / 17 saker
Sentrumsnemnd	2 møte / **
Kontrollutvalet	5 møte / 37 saker
Ad hoc hytte- og fritidsrenovasjon	3 møte / **

* Inkludert 2 dagar med dialogmøte

** Tel ikkje antall saker på same måte som i ordinære utval

Kommunestyret godkjente følgjande arealplanar i 2017

KST sak 4/2017		Kommunal Planstrategi 16-20
KST sak 5+23/2017	Områderegulering	Vestnes sentrum
KST sak 6/2017	Detaljreg.plan	Bakneset 2 (kommunalt)
KST sak 22/2017	Detaljreg.plan	Bakneset Aust (privat)
KST sak 25+50/2017	Detaljreg.plan	Gjerde 2 Tomrefjord (privat)
KST sak 49/2017	Detaljreg.plan	B23 ved Tresfjord museum (kommunalt)
KST sak 51+81/2017	Detaljreg.plan	Livneset bustadfelt (Vestnes Energi AS)
KST sak 52+68/2017	Detaljreg.plan	B1 Fiksdal (privat)
KST sak 48/2017	Komm.delplan	Interkommunal plan Romsdalsfjorden
KST sak 82/2017	K.planen	Kommuneplanens handl.del inkl øk.plan

Kjøp og sal av næringsareal

Trohaugen

For å sikre at vi i åra som kjem har tilstrekkeleg med utbyggingsareal på Trohaugen, kjøpte kommunen i 2017 ytterlegare 210 dekar. Dette består både av tomteareal aust for eksisterende næringsareal, men også av areal som primært er tenkt nytta til deponering av tomtemassar.

I løpet av året som gjekk vart det inngått avtale med ein større aktør om sal av 68 dekar på Trohaugen (salet vert først gjennomført i 2018). Utover dette vart det i 2017 seld to tomter på totalt 13 dekar. Det er ei stor utfordring at mykje av arealet på Vik no er bandlagt av Statens Vegvesen i påvente av traséval E39 Vik-Digernes.

Misfjordskogen

I 2017 gjennomførte vi kjøp av den første av totalt 3 planlagde parsellar frå Opplysningsvesenet Fond. Dette omfattar nytt regulert næringsareal vest for det noverande feltet. Den første parsellen var på ca. 19 dekar, medan samla areal for dei to gjenverande kjøpsopsjonane kommunen har er på ca. 30 dekar.

Den 4.arma i rundkøyringa - områderegulering Vestnes sentrum

I september 2017 stadfesta Kommunal- og regionalminister Jan Tore Sanner (H) Vestnes kommune si områderegulering for Vestnes sentrum. Dette inneber at områdereguleringa kan legge til rette for at rundkøyringa på E39 vest for sentrumskjernen kan få ei fjerde arm som tilkomst til idrettsparken, til det regionale friluftsområdet og til planlagt rastepest ved Flatevågen. Det har vore arbeidd både administrativt og politisk med denne sak over fleire år. Statens Vegvesen la inn ei motsegn til ei fjerde arm i rundkøyringa. Departementet gjennomførte mekling som førte ikkje fram, og sakavart overført til departementet for avgjerd. Den endelege avgjerd med gjennomslag for Vestnes kommune, kom altså frå KMD den 7.september 2017.

Vestnes sjøfront

Planane for sjøfronten er eit delprosjekt knytt til Sentrumsnemnda sitt arbeid for å planlegge og utvikle eit sterkt, aktivt og innbydande sentrum. Dei konkrete planane for sjøfronten starta i 2012 og vart konkretisert ved gjennomføring av plan- og designkonkurranse «*Helland i Vestnes om 5 minutt*». Samarbeid med Haugen/Zohar Arkitekter og Agraff Arkitekter.

Mål: *Sjøfronten skal gjere sonen mellom sentrum og vatnet vesentleg meir brukbar, attraktiv, synleg og aktivt brukt av innbyggjarane. Promenaden, som blir etablert parallelt med Sjøgata, er del av eit lengre turvegnett, og tilbyr mange bruksområde. Hamnepromenaden lar hamna og sjøen bli mykje meir tilgjengeleg og synleg som ein viktig del av særpreget i Vestnes sentrum.*

Kommunestyret vedtok den 21.september 2017 den endelige finansieringa av prosjektet som er eit samarbeidsprosjekt mellom Møre og Romsdal fylkeskommune, Vestnes kommune og næringslivet. Største bidragsytarane er Vestnes Energi AS og Gassror IKS med 1,0 mill. kr kvar, og Inge Engås med kr 250.000,-.

Tomrefjord idrettsbygg

Den 21.september 2017 godkjente Vestnes kommunestyre kostnadsoverslag på kr 66.291.000 for renovering av Tomrefjord idrettsbygg. Kostnadsoverslaget vart utarbeidd med grunnlag i ein rapport frå Norconsult utarbeidd hausten 2016.

Renoveringa er organisert i 4 entreprisar:

- Bygningsmessige hovudentrepri
- Luftbehandlings arbeid
- Elektrotekniske arbeid
- Røyrarbeid

Mykje av planlegginga er utført i samarbeid med aktivitetsstyret ved Tomrefjord idrettsbygg. Oppstart renoveringsarbeid oktober 2017. Tentativ ferdigstilling hausten 2018.

Planlegging av nytt helse- og velferdssenter

I 2017 gjekk planlegginga av nytt helse- og velferdssenter over frå ei konseptfase og inn i eit forprosjekt. Kommunen liste ut etter prosjektleiing på DOFFIN. WSP Norge vann konkurransen. Hausten 2017 vart nytta til detaljplanlegging og til å kvalitetssikre planløysingane. Dette vart gjort ilag med leiarar og tilsette i kommunen, samt tillitsvalde, representantar for brukarorganisasjonar, representantar frå eldrerådet, rådet for funksjonshemma og ungdomsrådet.

Kommunestyret behandla 5 saker knytt til forprosjektet:

- Plassering av folkebibliotek i det nye helse- og velferdssenteret.
- Riving av eksisterande sjukeheim og sal av Tresfjord trygdeheim.
- Auke i talet på institusjonsplassar i det nye bygget.
- Godkjenning av førebels kostnadsoverslag (januar 2018)
- Oppnemning av jury (januar 2018)

Reguleringsplan Vik - Julbøen

Vestnes kommunestyre godkjente reguleringsplan E39 Romsdalsfjorden (Vik-Julbøen) allereie den 27.oktober 2016. I midlertid vart vedtaket påklaga i november av 184 oppsittarar langs fylkesveg 661. I tillegg sendte 4 kommunestyrerrepresentantar brev til Fylkesmannen den 9.november 2016 med krav om lovlegkontroll.

I brev av 27.april 2017 stadfesta Fylkesmannen Vestnes kommunestyre sitt vedtak om å eigengodkjenne detaljregulering for E39 Romsdalfjorden (Vik-Julbøen). Klagene i saka hadde ikkje nådd fram.

Hytte- og fritidsrenovasjon

Kommunestyret gjorde den 15. desember 2016, i KST sak 134/2016, følgjande vedtak:
Vestnes kommunestyre oppnemner eit ad hoc utval innan renovasjonsområdet med følgjande mandat:

1. *Utforske kva handlingsrom Vestnes kommune har for gjennomføring av hytte- og fritidsrenovasjon.*
2. *Kome med framlegg til kommunestyret om korleis ei renovasjonsordning kan gjennomførast i Vestnes kommune i samsvar med lov og forskrift.*
3. *Uttale seg om ÅRIM sitt strategidokument*

Bakgrunnen for å opprette eit ad hoc utval på dette området var at kommunestyret i langt større grad ønskte å kunne legge til rette for å frita hytte – og fritidseigedommar frå renovasjonsplikta. Lova gjev ikkje høve til å frita eigedomar frå renovasjonsplikta utifrå type bebyggelse, men det er høve til å frita alle eigedomar innanfor avgrensa geografiske område. Ad hoc utvalet la difor opp til å endre vedlegg 1 til forskrifter og definere alle eigedomane innanfor dei føreslattede unntaksområda til å vere «...ferntliggende, liggjer vanskelig tilgjengelig eller er uten bebyggelse».

Kommunestyret vedtok den 16.februar 2017 framleggget frå ad hoc utvalet der vedlegg 1 i forskrifter viste område som er unntak fra renovasjonsplikta.

Ørskogfjellet skisenter AS

Styret for Ørskogfjellet skisenter AS lyste ut skianlegget for sal hausten 2016. Fleire interesserantar meldte seg, men ingen kjøparar kunne/ville betale meir enn ein symbolsk sum. Det vart difor andre vurderingar som spela inn. Styret vurderte Ørskogfjell Skilag som mest aktuell for å sikre framtidig drift.

Vestnes kommunestyre godkjente den 16.februar 2017 at aksjane i Ørskogfjell Skisenter as vart overførte vederlagsfritt til Ørskogfjell Skilag på dei vilkår som gjekk fram av eit avtaleutkast datert 09.02.16. Dette innebar at Vestnes kommune auka aksjekapitalen i Ørskogfjell skisenter AS slik at Ørskogfjell skilag kunne innfri lån i Sparebank 1 SMN. Auken i aksjekapital vart finansiert ved ubundne investeringsfond. Skilaget tok i praksis over drifta av anlegget frå hausten 2017.

Interpellasjonar 2017

Det var 4 interpellasjonar til kommunestyret i 2017:

- Frå AP v/Suoranta vedk retningslinjer og veileder ved seksuelle overgrep mot voksne med utviklingshemming.
- Frå representantane Hjelvik (H) og Holmstrøm (AP) vedk realisering av kulturhus i sentrum og ta biblioteket ut av det planlagte helse- og velferdssenteret.
- Frå Pensjonistpartiet v/Wiik vedk fotterapi på rekvisisjon for utsette grupper i Vestnes.
- Frå Pensjonistpartiet v/Wiik vedk ÅRIM og evt mulighet til å ta renovasjon i eigenregi.

Interkommunalt samarbeid

2017 vart eit år der kommunar som hadde gjort vedtak om samanslåing på mange måtar hadde «nok med seg sjølv», naturleg nok. På mange måtar kom difor åleineståande i eit slags vakuum, sett frå administrasjonssjefen sitt synspunkt. Vestnes ligg mellom to regionkommunar, og desse nye kommunane arbeidde i 2017 med korleis dei skal forhalde seg til interkommunalt samarbeid i framtida. Endeleg svar kom ikkje i 2017.

Ei utgreiing om vidare interkommunalt samarbeid mellom Rauma og Vestnes vart starta hausten 2016. Det vart gjort vedtak i begge kommunestyra i februar 2017. Vedtaka gjekk på å avslutte prosessen med å utvikle tenestesamarbeid mellom Rauma og Vestnes. Rauma kommunestyre presiserte i vedtaket at Rauma sine samarbeid som hovudregel skal vere orientert mot Molde.

Nærpolitireforma – (lensmannskontor)

Nærpolitireforma vart vedteken av Stortinget i juni 2015. Talet på politidistrikt vart frå 2016 redusert frå 27 til 12. Møre og Romsdal vart eitt politidistrikt. Den 13.januar 2017 vedtok Politidirektoratet organisering og innretning av politidistrikta i Noreg. Intern organisering i politidistrikta vart beslutta etter fleire runder gjennom året 2017. I Møre og Romsdal var det usemje om kor mange geografiske driftseiningar (GDE) ein skulle ha. Justis- og beredskapsdept avgjorde at det skulle vere 4 GDE. Vestnes kommune skal høyre til GDE Romsdal. Det var også ein høringsprosess på talet på lensmannskontor. Talet på lensmannskontor vart sterkt redusert, frå 26 til 16. Vestnes og Rauma fekk felles lensmannskontor med tenestestad i begge kommunar.

Dialogmøte

Heile kommunestyret, alle einingsleiarar, kommunalsjefar, andre fagansvarlege og tillitsvalde hadde dialogmøte den 24. og 25.oktober 2017.

